

# Politiske forteljingar om nasjonale minoriteter

*Historias rolle i utforming av politikk retta mot dei nasjonale minoritetane i Noreg, frå 1970-2001*

av  
Geir Holme



Masteravhandling i Historie  
Institutt for arkeologi, historie, kultur- og  
religionsvitenskap  
Det humanistiske fakultet

UNIVERSITETET I BERGEN

15.05.2015



# Politiske forteljingar om nasjonale minoriteter

*Historias rolle i utforming av politikk retta mot dei  
nasjonale minoritetane i Noreg, frå 1970-2001*

av  
Geir Holme

© Geir Holme

2015

Politiske forteljingar om nasjonale minoritetar

Geir Holme

<http://bora.uib.no/>

# Abstract

This master thesis investigates the connection between history and politics related to the national minorities in Norway. The purpose of the study has been to identify the roles history plays in the making of policies aimed at the Norwegian national minorities, which consists of five minorities groups. These are the Kven people, The Forest Finns, The Jewish people, the Rom people and the Romani People. The subjects for the analysis are political documents, such as official reports, parliament proposals, white papers and parliamentary debates. Three cases, spanning the years 1970 to 2001, make the foundation of the source material for the analysis, aimed at finding the role history had in the making of minority policies.

The method of analysis is one not used before, at least not on the kind of sources used in this thesis. A combination of several predefined categories of narrative and historical consciousness are used in an attempt to examine *what the texts are saying happened*, to use narrative as a tool for historical analysis. The narratives are seen as a representation of the historical consciousness of whoever the documents are written on behalf of, such as departments, institutions, committees and political parties.

The earliest of the three cases consists of political proceedings from 1970 to 1973, regarding the creation of a special care policy for the Rom people, then known as «sigøyner». The policymakers used their own historical consciousness as the source of all knowledge about the minority group. The policy makers understood the minority group as almost sick and very different from the majority of the people. This understanding was found in a narrative telling a story about the minority on the verge of collapse. History, in these proceedings, played a role in shaping a special care policy aimed at what was thought of as a special needs group.

The Romani people was counted as a part of the category «omstreifere», until the special care aimed at the group was removed, and the category was erased from the political vocabulary. In the political proceedings from about 1975 to 1980, which leads to the shutting down of this special care, the policy makers had their historical consciousness challenged when they acted as historical researchers in an attempt to find out the truth about the minority group. The «omstreifere» was revealed not to be *one* group, but several. History had an authoritative role, in deciding the necessity of the removal of the special care and, as a result, also the removal of the «omstreifer»-category itself.

From 1997 to 2001, the political proceedings regarding the category «nasjonal minoritet», or national minority, showed that the policymakers adopted the historical consciousness of some of the etno-political organizations representing the individual minorities. History was given the role as a maker of identity. The five individual groups was at the end of the political procedures reffered too as one group, where the primary identifiers of this group was the governments past surpression and victimization of the groups.

All the cases share a narrative. This narrative represent the historical consciousness of the policymakers in all three cases, across more than 30 years. In this narrative, Norway is a part of an international movement, where the development of human rights, of moral and of welfare, is led by other contries. As Norway modernizes, some of its weakest groups are left behind. Policys are made to lift these groups up to the level of the majority, to make Norway reach the level of modern morality other countries in the world are at.



# Forord

Den som først og fremst bør takkast er min veiledar, Teemu Sakari Ryymen, for god oppfølgjing, gode råd og solid veiledning frå byring til slutt.

Ein stor takk lyt også rettast til mine foreldre, Marit og Jakob, for støtte i studietida. Begge har også bidrige med tilbakemeldingar på det språklege. Ein særskild takk går til Marit, som har lese korrektur på heile oppgåva. Jakob har bidrige med innspel på både språklege og faglege aspekter. Begge har vore genuint interessert i emnet eg har skrevet om. Dette har vore særsmotiverande.

Eg vil også takke medstudentar som ikkje berre har vore nyttige samtalepartnarar i samanheng med det faglige, men også bidragsyntande til å gjere studietida trivelig. Ein særskild takk gå til Christian Florelius for, kaffi, øl og gode samtalar om alt frå historiebruk til statskirkeordninga. Takk også til Cleng Eikje for gode diskusjonar og selskap på lesesalen. I tillegg vil eg også rette ein stor takk til alle som har deltatt på masterseminara i politikk, samfunnstyring og historiebruk, både studentar og UiB-ansatte, den tida eg har vore der.

Tilslutt lyt eg takke Silje Kvalsvik for å ha utvist tolmod, for å ha støtta og motivert. At eg har studert historie er heilt og holdent hennar skyld.

# Innhald

1	Innleiing .....	1
1.1	Introduksjon.....	1
1.2	Problemstilling.....	4
1.3	Tidlegare forsking.....	9
1.4	Metodisk tilnærming.....	10
1.4.1	Grunnforteljing, hovedforteljing og sideforteljing.....	11
1.4.2	Troper og typar: Forteljingsformas kategoriar .....	13
1.5	Kjelder .....	15
1.6	Struktur i oppgåva .....	20
2	1970-73: Forteljingar om sigøynarar.....	22
2.1	Innstilling om arbeidet blant norske sigøynere (1970).....	24
2.2	Stortingsmelding nr. 37 (1972-73) Om tiltak for de norske sigøynere .....	32
2.3	Innstilling S. 194 (1972-73) og stortingsdebatt .....	34
2.4	Forteljingar og historias rolle .....	36
3	1975-1980: Forteljingar om omstreifarar .....	40
3.1	Stortingsdebatt om omstreifarane, april, 1975.....	42
3.2	NOU 1980: 42 - Omstreiferne. Deres situasjon og samfunnets hjelpetiltak for dem .....	48
3.3	Forteljingar og historias rolle .....	59
4	1997-2001: Forteljingar om nasjonale minoritetar.....	62
4.1	Stortingsproposisjon 80 (1997-98) – Om samtykke til ratifikasjon av Europarådets rammekonvensjon av 1. februar 1995 om bekyttelse av nasjonale minoriteter .....	64
4.2	Stortingsmelding nr. 15 (2000-2001): Nasjonale minoritetar i Noreg – Om statleg politikk overfor jødar, kvener, rom, romanifolket og skogfinnar .....	76
4.3	Innstilling S. nr. 145 - Innstilling frå kommunalkomiteen om Nasjonale minoritetar i Noreg – Om statleg politikk overfor jødar, kvener, rom, romanifolket og skogfinnar .....	89
4.4	Stortingsdebatt om St. meld nr. 15 (2000-2001) og Innst. S. nr 145 (2000-2001)....	98
4.5	Fortellingar og historias rolle .....	100
5	Dei politiske forteljingane om dei nasjonale minoritetane.....	103
5.1	Forteljingane .....	103
5.2	Historias rolle .....	107
5.2.1	Historias rolle som <i>formande</i> .....	107
5.2.2	Historias rolle som <i>bestemmande</i> .....	108

5.2.3	Historias rolle som <i>identitetsskapande</i> .....	109
5.2.4	Den politiske grunnforteljinga si rolle som <i>retningsvisande</i> .....	111
5.3	Høna og egget, politikken og forteljingane .....	112
5.4	Nivå, form, substans og handling: Forteljing som analytisk omgrep .....	113
Kjelder .....		115
Litteratur.....		117





# 1 Innleiing

## 1.1 Introduksjon

*På sporet*

*Vi er på sporet*

*etter en ny og bedre virkelighet*

*som skal finnes ikke så langt herfra*

*Den ligger forhåpentlig*

*i nærheten av*

*det hjertet forstår*

Kate Næss (Blindgjengere, H. Aschehoug & Co, 1969)<sup>1</sup>

Diktet over er å finne i byrjinga i *Stortingsmelding 15 (2000-2001) Nasjonale minoritetar i Noreg – Om statleg politikk overfor jødar, kvener, rom, romanifolket og skogfinnar*. Dette dokumentet frå det som då heitte Kommunal- og regionaldepartementet var det første dokumentet som skisserte opp ein heilskapleg politikk for dei fem minoritetsgruppene, og som stadfesta at gruppene fell inn under statusen «nasjonal minoritet».<sup>2</sup> At ein opnar eit politisk dokument med *poesi*, seier noko om eit formidlingsønske. Det er ein grunn til at akkurat *det* diktet er der, at det er eit dikt der i det heile tatt. Nokon prøver å *fortelje* noko om dei nasjonale minoritetane. Denne forteljinga vil eg sjå på for å vurdere kva rolle historie spelar i sakprosa som inneheld utforming av politikk retta mot denne identiteskategorien. Kjeldene for mi analyse vil vere der ein finn politikkutforminga, i den politiske sakprosaen som til dømes stortingsmeldingar, offentlege utredningar og stortingsproposisjonar: Det er i desse ein finn dei skriftlege framstillingane av grunnane til dei politiske vedtaka. Saksgangen som inkluderer nemte stortingsmelding er av interesse i denne samanhengen. Men eg ynskjer også å sjå lengre tilbake i tid, til korleis det vart fortald om nokre av dei nasjonale minoritetane før dei faktisk vart definert som nasjonale minoritetar, for å gje svar på fylgjande spørsmål: Kva rolle spelar historie i utforming av politikk retta mot dei nasjonale minoritetane?

---

<sup>1</sup> St.Meld nr. 15 (2000-2001) s. 2

<sup>2</sup> Departementet endra navn til Kommunal- og Moderniseringsdepartementet frå og med 1. januar 2014

«Det er makt i kategorisering av kollektive identiteter» seier Einar Niemi i sitt bidrag til *Samisk forsking og forskningsetikk* fra 2002.<sup>3</sup> Vidare seier han også at «Kategorisering dreier seg i stor grad om definisjon, og i definisjonsutøvelse ligger der maktutøvelse».<sup>4</sup> Niemi tek for seg ikkje berre samisk historie og samisk forsking i sitt bidrag, men dekkjer inn også andre minoritetsgrupper, og viser til ei tredeling av status for desse gruppene: «Urfolk, nasjonale minoriteter og innvandrere».<sup>5</sup> Reint organisatorisk innad i regjeringa er det eit skilje. Innvandrararsaker vert handsama for seg av Justis- og beredskapsdepartementet, medan urfolk og nasjonale minoriteter er samla i same avdeling hjå det som no heiter Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Samane er urfolka i Noreg. Dei fekk tildelt sin status etter ratifiseringa av ILO-konvensjon 169 i 1989.<sup>6</sup> Dei nasjonale minoritetane derimot fekk sin status noko seinare. Fyrst ratifiserte Noreg Europarådets rammekonvensjon for nasjonale minoriteter i 1999, før *Stortingsmelding nr. 15 (2000-2001)* vart vedtatt i Stortinget i 2001.

Det vart altså gjort ei kategorisering, slik Niemi snakkar om. Det vart politisk bestemt at dei fem minoritetsgruppene, kvener, skogfinnar, rom, romani og jødar, fell inn under same kategori. Denne statusen gjev minoritetsgruppene rettar på blant anna økonomisk stønad til ivaretaking av eigen kultur og språk. Det politiske vedtaket om kategorisering kan altså seiast å gje samfunnsmessige konsekvensar for bestemte etniske grupper. Og det er ei kategorisering som *må* festast i historiske ankringspunkt. Sjølv defineringa av omgrepet «nasjonal minoritet» er ifølge ovannemnte stortingsmelding slik: «Etnisk, religiøs og/eller språklig minoritet med langvarig tilknytning til landet».<sup>7</sup> Til grunn for politikken må det altså ligge ei form for historisk framstilling, ein idé om fortida som rettferdigger tanken om at ei folkegruppe har lang nasjonal tilhørighet. Det er denne framstillinga, dette forholdet til fortida hjå dei som utformar politikk retta mot nasjonale minoriteter, som vert fokus for denne oppgåva.

«Å skrive historier er å fortelle historier».<sup>8</sup> Slik innleier forfattarane av boka *Fortalt fortid. Norsk historieskriving etter 1970*. Boka er ein historiografisk studie av vel 40 år med historieskriving, med ei samling av elleve studiar av tekstar frå fleire historiske fagfelt skreven etter 1970.<sup>9</sup> Eit av hovudpoenga i boka var å sjå korleis *forteljing* som analytisk omgrep kunne

---

<sup>3</sup> Niemi, Einar, 2002, s. 22

<sup>4</sup> Niemi, Einar, 2002, s. 22

<sup>5</sup> Niemi, Einar, 2002, s. 32

<sup>6</sup> Niemi, Einar, 2002, s. 36

<sup>7</sup> St.meld nr. 15(2000-2001), s. 3

<sup>8</sup> Heiret, Jan, Ryymtin Teemu, Skålevåg Svein Atle, 2011, s. 8

<sup>9</sup> Heiret, Jan, Ryymtin Teemu, Skålevåg Svein Atle, 2011, s. 8

nyttast på historieskriving. Forfattarane ville blant anna «utforske fortellingsbegrepets potensial som analytisk begrep i møte med historietekster».<sup>10</sup> «Vårt spørsmål er ikke *om* historie er fortelling, men *hvilke* fortellinger historikerne presenterer, hvordan de gjør det, hva forfatterne sier om fortiden via sine fortellinger» sa forfattarane i innleiinga.<sup>11</sup> I *Fortalt fortid* vart det vist til både den amerikanske historikaren Hayden White sitt syn på historie som forteljing, og på den franske filosofen Paul Ricoueurs kritikk av White.<sup>12</sup> White har hevda at historie er forteljing og ligg nærmere litteraturen enn vitskapen. Den er i stor grad oppfunne, ikkje funnen. For Ricoueur var også historie forteljing, men i motsetning til White hevda Ricoueur at historie skilde seg ut frå annan litteratur ved å forsøkje å representerere verkelege hendingar.<sup>13</sup>

I «The Value of Narrativity in the Representation of Reality» frå boka *The Content of Form* sa White blant anna følgjande: «So natural is the impulse to narrate, so inevitable is the form of narrative for any report on the way things really happened, that narrativity could appear problematic only in a culture in which it was absent – or, as in some domains of contemporary Western intellectual and artistic culture, programmatically refused».<sup>14</sup> Å fortelje vert då nærast ein menneskeleg eigenskap, nok langt meir enn berre historikarar driv på med. Kva då om ein i staden for å sjå på det historikarane fortel, flyttar det analytiske blikket over på det nokon andre fortel om fortida? Det er eit skilje på litteratur og historie då dei kan seiast å ha forskjellige nytteverdiar. For fortida spelar som nemnt ei rolle i forma av politikk, som til dømes for nasjonale minoritetar. Der får historie sin nytteverdi i frå det Ricoueur seier, at den forsøker å representerere verkelege hendingar.

Det er med utgangspunkt i at historie er forteljing at sjølve historiebruken i utforminga av politikk retta mot dei nasjonale minoritetane no skal vere kjelde for undersøking. Forteljingane kan seiast å representerere nokon si forståinga av fortida. Den politiske sakprosaen er oftast forma av og/eller på vegne av kollektiv. Det er departement, utval og komitear som står bak dei. Forteljingane om fortida i dokumenta kan seiast å representerere deira kollektive forståing av fortida, deira *historiemedvit*. Det er dette historiemedvitet representert av forteljingane, korleis det vart fortalt om fortida, og samanhengen mellom forteljingane og politikken som vert kjernen i mi undersøking. Det er altså ved å nytte forteljing som analytisk verktøy, saman med verktøy

---

<sup>10</sup> Heiret, Jan, Ryymin Teemu, Skålevåg Svein Atle, 2011, s. 24

<sup>11</sup> Heiret, Jan, Ryymin Teemu, Skålevåg Svein Atle, 2011, s. 18

<sup>12</sup> Heiret, Jan, Ryymin Teemu, Skålevåg Svein Atle, 2011, s. 18-34

<sup>13</sup> Heiret, Jan, Ryymin Teemu, Skålevåg Svein Atle, 2011, s. 21

<sup>14</sup> White, Hayden, 1987, s. 1

frå historiebruksforskning, på kjelder henta frå politiske saksgangar som omhandlar det som i dag er kalla nasjonale minoritetar, at eg ynskjer å svare på dette spørsmålet: Kva rolle spelar historie i utforming av politikk retta mot dei nasjonale minoritetane?

## 1.2 Problemstilling

Problemstillinga nemnt over er omfattande og må strukturerast for å best kunne svarast på. For kva meinast her med *historie*, og kva meinast med *rolle*?

Den franske historikaren Phillippe Carrard har gjort ein studie av historiske tekstar knytt til det som vert kalla «den nye historia», ei historiefagleg bevegelse som starta på 30-talet som den franske Annales-skulen. Han peiker på at fleire av dei store og mykje omtalte historiografiske verka, som blant anna Hayden White si *Metahistory*, Linda Orr si *Jules Michelet* og Stephen Bann si *The Clothing of Milo*, i hovudsak har hatt 1700- og 1800-talets historieskriving som objekt for undersøking. Kva då med den nyare historia?<sup>15</sup> Carrard si sak vert blant anna å undersøkje om det er hold i enkelte av dei nye historikarane sine påstandar om at dei har forlatt den narrative forteljingsforma til fordel for ein ikkje-forteljande historieframstilling. Ein av måtane Carrard gjer dette på er å stille eit spørsmål til tekstane han studerer. Kva hendte, ifølge teksten? I denne samanheng er dette spørsmålet også relevant i samanheng med kva *historie* kan seiast å vere jamfør den overordna problemstillinga for denne oppgåva. Det er med utgangspunkt i at kjeldene seier *at noko hendte*, at sjølve den politiske forteljinga om fortida, den historiske framstillinga som grunnlag for politikken, vil vise seg. *Historie* her vert då forteljinga om fortida slik den er framstilt i kjeldene; det kjeldene seier hendte.

Omgrepet «historiemedvit» vart, ifølge den svenske historikaren Klas-Göran Karlsson, introdusert i 1979 av den tyske historiedidaktikaren Karl-Ernst Jeismann i hans bok *Handbuch der Geschichtsdidaktik*.<sup>16</sup> Jamfør Karlsson er Jeismann si forklaring av omgrepet slik: «den symbiotiska relation som råder mellan tolkning av det forflutna (*Vergangheitsdeutung*), förståelse av en samtida situasjon (*Gegenwartsverständnis*) och perspektiv på framtiden (*Zukunftsperspektive*)».<sup>17</sup> Den svenske historiebruks- og kulturarvsforskaren Peter Aronsson har i si bok *Historiebruk – att använda det förflyttna* frå 2004 også nytta omgrepet historiemedvit, med ein definisjon som er mykje lik Jeismann sin. Aronsson har omtalt noko

<sup>15</sup> Carrard, Philippe, 1992, «Preface: A Case for Poetics»

<sup>16</sup> Karlsson, Klas-Göran, Zander, Ulf (red), 2012, s. 48

<sup>17</sup> Karlsson, Klas-Göran, Zander, Ulf (red), 2012, s. 48

han kallar «Historiebrukandets grundbegrepp».<sup>18</sup> Desse grunnomgrepa omfattar , i tillegg til historiemedvit, også «historiekultur» og «historiebruk». Historiekultur er «de källor, artefakter, ritualer, sedvänjor och påstenden med referanser til det förflytta som erbjuder påtagliga möjligheter att binda samman relationen mellan dåtid, nutid och framtid».<sup>19</sup> Historiebruk er dei prosessar der deler av historiekulturen «aktiviseras för att forma bestämda meningsskapande och handlingsorienterande helheter».<sup>20</sup> Historiemedvitsomgrepet er i samanheng med mitt analytiske arbeide det mest interessante. Historemedvit er, seier Aronsson, «de uppfatningar av sambandet mellan dåtid, nutid, och framtid som styr, etableras och reproduceras i historiebruket».<sup>21</sup> Eit utval av historiekulturen vert iscenesatt i eit historiebruk og formar eit historiemedvit. Historiemedvitsomgrepet til Aronsson er nyttig til mi sak. Korleis ein oppfattar fortida, forståinga av samanhengen mellom dåtid, notid og framtid, kan seiast å vere representert i kjeldene eg analyserer av forteljingane i dei.

I *Historien är nu: En introduksjon til historiedidaktikken* seier Karlsson at «Varje människa har ett historiemedvetande, det vil säga vänder sig till, reflekterer över och integrerer historien i den egna identitetsbildningen, det egna vetandet och de egna handlingarna».<sup>22</sup> I samanheng med mi sak dukkar det opp eit spørsmål. For i Karlsson sit utsegn ligg det noko *individuelt* i omtalen av historiemedvit. Historiemedvit vert framstilt som ein menneskeleg eigenskap, medan eg ynskjer å nyte som kjeldeunderlag sakprosa forfatta på vegne av blant anna departement og utval. Kan då til dømes ein statleg institusjon, eit departement, eit utval eller ein komité ha eit historiemedvit?

Å seie at eit kollektiv, ei gruppe eller til og med ein institusjon fortel historiar, bør ikkje vere noko problematisk påstand. Ikkje berre samfunnsgrupper, nasjonalgrupperingar, kulturar og liknande fortel, men også politiske grupperingar. Mitt poeng er at forteljingar om fortida kan seiast å vise til ei forståing av fortida. Denne forståinga av fortida høyrer saman med historiemedvitet, som jo nettopp er definert som samanhengen mellom fortid, notid og framtid. Dermed vert historie i denne samanhengen ikkje berre forteljing. For forteljingane vert representative for ei forståing av fortida *delt av fleire*. Forteljingane i kjeldene representerer *det kollektive historiemedvitet* til dei som forfattar dokumenta forteljingane finnes i, eller dei som

---

<sup>18</sup> Aronsson, Peter, 2004, s. 17-25

<sup>19</sup> Aronsson, Peter, 2004, s. 17

<sup>20</sup> Aronsson, Peter, 2004, s. 17

<sup>21</sup> Aronsson, Peter, 2004, s. 17-18

<sup>22</sup> Karlsson, Klas-Göran, Zander, Ulf (red), 2012, s. 48

dokumenta vert forfatta på vegne av. Med historie meiner eg i denne samanhengen altså forteljing, og forteljingane representerer eit historiemedvit. Desse forteljingane ynskjer eg å finne og, om det lar seg gjere, kategorisere.

Einar Niemi seier om ratifiseringa av Europarådets rammekonvensjon om nasjonale minoriteter at «det minoritetpolitiske hierarkiet i Norge nå hadde tre trinn, representert ved henholdsvis urfolk, nasjonale minoriteter og innvandrere, mot to trinn tidligere, urfolk og innvandrere». <sup>23</sup> Nokre etniske grupper sluttar altså å vere innvandrarar, og blir nasjonale minoritetar i staden. Vil ein då kunne finne ei endring i forteljingane? Har framstillinga av gruppa i politikkutforminga endra seg, ettersom statusen til gruppa har endra seg? Kan ein spore endringar i fortidsforståinga, i historiemedvita? Her trengs kjelder frå før sjølve kategorien «nasjonal minoritet» vart skipa. Til dette vert det naudsynt med ei periodisering for å avgjere kva periodar det er hensiktsmessig å hente kjelder frå.

Då andre verdskrig var over var det i følgje Hallvard Tjelmeland i *Norsk innvandringshistorie. Bind 3. I globaliseringens tid 1945-2000* ikkje berre slutten på naziregimet, men også «Den biologiske rasismens kulminasjon og død». <sup>24</sup> I tida før verdskrigen var minoritetpolitikk prega av assimilasjonstanken. Den nasjonsbyggjande tankegangen etter frigjeringa frå Danmark i 1814, og frykta for Russland og Finland i øst, førte til eit forhold til ikkje-norske borgarar i Noreg som fekk utslag i både sikkerhetspolitikk og skulepolitikk. <sup>25</sup> Politikk retta mot minoritetar finn ein langt tilbake i tid. Til dømes fekk kvener skattelette i etableringsfasen i Noreg på 1600- og 1700-talet. <sup>26</sup> Jødane sin tilgong til landet vart regulert av den no mykje omtalte jødeparagrafen, og frå rundt midten av 1800-talet av gjorde frykta for Russland og Finland seg gjeldande, noko som resulterte i ein sikkerhetspolitikk som forgreina seg inn i skulevesen og ein «fornorskingspolitikk» retta mot blant anna samar, kvener og skogfinnar. I nyare tid har regjeringa bede om orsak for denne fornorskingspolitikken i blant anna tidlegare nemnde *St. Meld. Nr 15 (2000-2001)*.

Ein finn også politikk før dette igjen, retta mot utlendingar og minoritetar. Ifølge Eirik Opsahl i *Norsk innvandringshistorie. Bind 1. Ikongens tid 900-1814*. vart situasjonen for innvandrarar i Noreg rettsleg regulert heilt tilbake til 1100-talet. <sup>27</sup> Til mi sak vert eit tidspenn frå notid tilbake

---

<sup>23</sup> Niemi, Einar, 2002, s. 37

<sup>24</sup> Tjelmeland, Hallvard, Brochmann, Grete, 2003, s. 35

<sup>25</sup> Eriksen, Knut Einar, Niemi, Einar, 1981

<sup>26</sup> Lund, Anne Bonnevie, Moen, Bente Bolme (Red), 2014, s. 40

<sup>27</sup> Opsahl, Eirik, Sogner, Sølv, 2003, s. 61

til middelalderen sjølvsagt for drygt. Å samanlikne kjelder frå tida med fornorskingspolitikk og biologisk rasisme med den moderne politikkens sakprosa kan nok gje mykje spennande resultat, men ikkje med klår relevans for det eg ynskjer gjere greie for. Her er avstand i tid og tidsånd rett og slett for stor. Eg vil nok finne endringar i historiemedvit frå 1800-talet til 2000-talet, men det vil ikkje vere særleg relevant for å seie noko om rolla historie spelar i utviklinga av politikk, samanlikna med nyare tid. Til det er fortida for fjern og for annleis. Eg må til samtida for å finne kjelder. Det er difor tida etter andre verdskrig som er interessant. Den har Einar Niemi delt inn i fasar gjeldande norsk minoritetspolitikk.

I den fyrste fasa vart dei minoritetspolitiske spørsmål overskygga av gjennoppbygginga av landet. Niemi seier det var ein utbredt oppfatning at det minoritetspolitiske feltet ville bli avvikla med utviklinga av velferdsstaten. «Når minoritetene bare fikk full delaktighet i velferdssamfunnets gode, ville de også integreres fullt ut – fornorskingspolitikkens målsetninger ville være innfridd uten behov for ny mobilisering av den gamle politikken». <sup>28</sup> Med omsyn til det som angår mi sak byrja det fyrst å røre på seg i 1955, då Harald Seip frå Venstre stilte spørsmål til framandloven etter at fleire norsketta sigøynarar vart nekta innreise til Noreg.<sup>29</sup> I etterspelet etter innlegget vart framandloven revidert og fleire av sigøynerslekt kom til landet utover 1960-talet. Med dette oppstod det som på si tid vart kalla «sigøynersproblematikken», med blant anna eit «sigøynerusvalg» oppnemnd av Sosialdepartementet, som skriv ei innstilling om dei norske sigøynarane i 1970, og opprettelsen «sigøynerkontoret» i Oslo. Det er her eg set fyrste landemerke i mi tidsavgrensing, ved det fyrste sakprosadokumentet som heilsakeleg tek for seg ein av minoritetane som etter kvart vart nasjonal minoritet. Det neste landemerket set eg ved stadfestinga av kategorien «nasjonale minoritetar» i 2001, som omtalt i *Stortingsmelding nr. 15 (2000-2001) Nasjonale minortetar i Noreg – Om statleg politikk overfor jødar, kvener, rom, romanifolket og skogfinnar*. Dette dokumentet var det fyrste dokumentet som skisserte ein heilsakeleg politikk for dei nasjonale minoritetane og er følgjeleg av særleg interesse for mi sak. Med det er tidsavgrensinga gjort. Eg vil altså hente kjelder frå rundt 1970 til og med 2001. Det er i denne perioden eg vil sjå etter endringar i forteljingar. Sjølve kjeldeutvalget vil eg i utstrakt grad drøfte i kap. 1.5.

Eg ynskjer også å forsøkje å seie noko om *kven* sin historie er det snakk om. I artikkelen «History matters? History's role in Health Policy Making» nytta den britiske historikaren

---

<sup>28</sup> Niemi, Einar,

<sup>29</sup> Stortingstidende, 1955, s. 2592

Virginia Berridge blant anna intervju for å sjå på kva rolle historie spela i forming av helsepolitikk i England. Desse intervjuva viste, sa Berridge, at «history was being used but mostly without historians being involved».<sup>30</sup> Berridges funn er svært interessant i samanheng med det eg ynskjer undersøkje. For på det det politiske feltet som omhandlar dei nasjonale minoritetane er det som nemnt eit uunngåeleg historisk perspektiv då sjølve kategorien krev «lang tilhørighet» til landet. Men kven talar gjennom forteljingane? Er det slik som hjå Berridge at ein finn historie men ikkje historikarar?

Med dette meiner eg ikkje berre å seie noko om kven det blir fortalt om, men kven som fortel, eller kven som blir gjenfortalt. Her vil eg gjerne presisere at det ikkje treng vere noko samanheng mellom kvar ein hentar kunnskapen frå, og korleis ein framstiller kunnskapen. Det kan vere at i den historiske framstillinga av til dømes jødane, så har Oscar Mendelsohn si *Jødenes historie i Norge gjennom 300 år* vore einaste kjelde til fakta om fortida. Det er ikkje dermed sagt at framstillinga av den vert lik Mendelsohn si. Den som skriv kan til dømes utelate hendingar eller nyanseringar som forfattaren av det historiefaglege verket har omtalt, og dermed framstille fortida annleis enn i fagboka. Det kan også hende at dei som forfattar dokumenta utelukkande høyrer på kva representantar for dei etniske gruppene har å seie, anten det er etnopolitiske organisasjonar, interessegrupper eller enkeltindivid. Det er også tenkjeleg at ein låner frå begge leirar. Ein kan sy saman ei eiga politisk forteljing med deler frå forskjellige forteljingar. Det eg ønskjer å sjå på, er om det i heile tatt er mogleg å avgjere i kva grad forteljinga i kjeldene kan seiast å tilhøyre ein av leirane. Er det faghistorie som forfatta av historikarar som er ramma for forteljingane, er det dei etnopolitiske aktørane si forståing av fortida, er det minoritetane si oppfatning av eiga fortid, eller er det forteljingar som er særeigne berre for kjeldene? Altså: Lar det seg gjere å seie noko om *kven* sit historiemedvit som i størst grad pregar forteljingane i dei forskjellige kjeldene?

For å kunne sei noko om *rolla* alt over spelar i politikkutforminga retta mot dei nasjonale minoritetane, lyt eg setje svara på spørsmåla over i samanheng med politiske vedtak. Spelar forteljinga i det heile teke ei rolle? I så tilfelle, kva er samanhengen mellom vedtak, tiltak og forteljing? I kjerna av spørsmålet om *rolle* ligg det eit høna-og-egget-aktig problem som eg også vil undersøkje. For kva kjem eigentleg først? Ynskjet om ein bestemt politikk, eller forteljingane? Har ein med utgangspunkt i ein ønska politikk tilpassa forteljinga for å støtte opp under det, eller er ein allereie eksisterande fortidsforståing styrande for kva politiske vedtak ein

---

<sup>30</sup> Berridge, Virginia, 2008, s. 319

endar opp med å gjere/føreslå? Vil ein til dømes kunne spore ei endring i dette i ein saksgang? Over tid?

Med dette har problemstillinga vorte konkretisert. Utgangspunktet er som nemnt følgjande problemstilling: Kva rolle har historie spelt i utforminga av politikk retta mot dei nasjonale minoritetane? Oppsummert kan den seiast å vere samansett av følgjande spørsmål: Kva slags forteljingar kan ein finne i den politiske sakprosaen i saksgangar som omhandlar nasjonale minoritetar? Endrar forteljingane og historiemedvita forteljingane representerer seg over tid? Kven sit historiemedvit pregar desse forteljingane? Kva slags samanheng finn ein mellom forteljingane og vedtaka og tiltaka det til slutt vart gjeven politisk støtte til?

For å i større grad kunne skjerpe spørsmåla eg har vist til over, må metoden for å svare på dei avklarast. Det vil eg gjere i kapittel 1.4.

## 1.3 Tidlegare forsking

Eg ynskjer altså å svare på problemstillinga mi, om kva rolle historie spelar i politikkutforming retta mot nasjonale minoritetar, ved å nytte forteljing som analytisk omgrep saman med omgrevsapparat frå historiebruksforsking. Å nytte forteljing som analytisk omgrep på historieskriving har som nemnt vore gjort i blant anna *Fortalt Fortid* frå 2013. I den seier forfattarane at «Våre spørsmål er ikkje om historie er forteljing, men hvilke fortellinger historikerne presenterer, hvordan de gjør det, hva forfatterne sier om fortiden via sine fortellinger».<sup>31</sup> Phillip Carrard har hatt fokus på forteljingar i si *Poetics of the new history* frå 1992, dog ikkje i same analytiske form som i *Fortalt Fortid*. Carrard si sak var blant anna ei undersøking av det påståtte brotet med forteljande historie hjå dei franske forfattarane av den såkalla «new history».<sup>32</sup> Men begge desse har vurdert det historikarar har skrive. *Fortalt Fortid* tek for seg norsk historieskriving etter 1970, medan Carrard ser på det som vert omtala som «the new history». Det eg ynskjer sjå på er ikkje kva historikarar har skrevet om fortida, men kva som står om fortida i den politiske sakprosaen. Kva forteljingar finnes der, og kva rolle den spelar? Det er den politiske *historiebruken* eg ynskjer sjå på.

Studiar av politisk historiebruk finnes det fleire av. Eksempel på dette er Åsa Linderborg si *Socialdemokraterna skriver historia: Historieskrivning som ideologisk maktresurs 1892-2000*

---

<sup>31</sup> Heiret, Jan, Ryymin, Teemu, Skålevåg, Svein Atle (red.), 20113, s. 18

<sup>32</sup> Carrard, Phillippe, 1992, «Preface: a case for poetics»

frå 2001. I den nyttar ho den italienske filosofen og sosialisten Antonio Gramsci sitt «hegemoni»-omgrep for å vise det svenske sosialdemokratiet sin kamp om historiemedvitet. Eit anna døme på historiebruk finn ein i Marco Ferro si *The Use and Abuse of History* fyrst utgitt i 1981. Ferro tek for seg ei rekke historiar, alt frå Sør-Afrika til USA, og viser korleis politisk ideologi er med å forme korleis det vert fortald om fortida. Men heller ikkje desse eksempla kan seiast å vere lik den forskinga eg gjer, då dei nyttar andre metodar og andre kjelder. Etter det eg kjenner til, er det eg ynskjer gjere ikkje gjort før. Forsking med forteljing som analytisk omgrep er gjort, men ikkje på politisk sakprosa. Forsking på historiebruk er gjort, men heller ikkje der finn eg eksempel som nyttar forteljing og kjeldeunderlag lik mitt. Sjølve forteljingsomgrepet er mykje diskutert, men eg finn det ikkje drøfta i samanheng med den type kjelder eg vil analysere. Å gjere ei analyse av politisk sakprosa, med forteljing som analytisk verktøy og med omgrevsapparat frå historiebruksforsking, vågar eg difor å kalle nybrottsarbeide. Av den grunn vil eg ikkje berre omtale funn i forhold til problemstillingane eg har skissert tidlegare. Eg vil også seie noko om sjølve metoden for analysen. Kva gjer denne metoden som ikkje andre metodar gjer?

## 1.4 Metodisk tilnærming

Då den franske historikaren Phillippe Carrard gjorde si analyse av nyare fransk historie var følgjande spørsmål av viktigkeit: «What, according to the text, happened?»<sup>33</sup> Bidragsytarar til den nye franske historieskrivinga hadde sjølv hevda, ifølge Carrard, å ha forkasta *forteljing* som modell for tekstuell organisering av sine verker.<sup>34</sup> «New historians have repeatedly declared their hostility toward narrative and have claimed that they have abandoned the genre altogether».<sup>35</sup> For dei franske historikarane assosiert med «den nye historien» vert forteljande historie, som til dømes «event history» som dreier seg om dramatiske hendingar ved til dømes politikk og krig, noko som berre rører ved overflata på fortida. Dei rike og mektige menn, dei store krigane og politiske skifta, var alle berre toppar av historias isfjell. For Lucien Febvre, ein av den nye historias våpendragerar, var det «[the]visible crust of history».<sup>36</sup> Fernand Braudel omtalte «[the] feats of the princes and the rich» som «dust of miscellaneous items».<sup>37</sup> Ved å forkaste dei historiske biografiene og problemhistoria vil dei altså børste vekk støvet frå

<sup>33</sup> Carrard, Phillippe, 1992, s. 36

<sup>34</sup> Carrard, Phillippe, 1992, s. 29

<sup>35</sup> Carrard, Phillippe, 1992, s. 30

<sup>36</sup> Carrard, Phillippe, 1992, s. 31

<sup>37</sup> Carrard, Phillippe, 1992, s. 31

overflata og heller skildre strukturane under. Vekk med den forteljande historia og inn med den nye historia. Men då Carrard la verka deira under lupa og spurte spørsmålet «kva, i følgje teksten, hendte?» fann han det dei hevda å ha forlatt, nemleg forteljingar.

Det er ikkje dei franske historikarane som skal under lupa her. Men Carrard sin måte å lese tekstar på, vil ha stor nytte i denne omgangen. For å få fatt på historia i kjeldene som omhandlar dei nasjonale minoritetane er det nettopp spørsmålet om *kva hendte?* som vil vere innfallsvinkelen. Carrard viser til ei komprimering av hendingsforløp i litterære verk som døme på kva tekstar seier hendte. For *Oddyseen* vert forteljinga «Odyssevs vendte tilbake til Ithaka». I Proust si *På sporet av den tapte tid* vert forteljinga «Marcel ble forfatter». I *Fortalt Fortid* vert desse komprimerte hendingsforløpa omtalt som «minimumsfortellinger».<sup>38</sup> Det er ved å nyte Carrad sitt spørsmål om «kva hendte» at eg vil gjera eit forsøk på å få fatt på forteljingane i kjeldene. Og det er ved å nytte dei komprimerte hendingsforløpa, minimumsforteljingane frå desse kjeldene, at eg vil gjere dei om til analyserbare størrelsar, til einingar som kan samanliknast og vurderast.

I denne samanhengen ynskjer eg også å sjå til allereie etablerte typologiar og kategoriar for forteljing og historiemedvit. Eg vil samanlikne forteljingane eg finn med desse, for å seie noko om forma dei har. Den tyske historikaren Jörn Rüsen seier om å fortelje at «Narrativism is the way the activity is performed and «history» - more precisely, a history – is the product of it».<sup>39</sup> Dette produktet kategoriserer Rüsen i fleire typar, som også er omtalt i *Fortald Fortid*. I sistnemnde verk finn ein også omgropa «hovedfortelling», «grunnfortelling» og «sidefortelling».<sup>40</sup> Peter Aronsson sine «historiekulturella grundtroper»<sup>41</sup> frå *Historiebruk – att använda det förflutna* har vore diskutert og utvida av Niels Kayser Nielsen i *Historiens forvandlinger. Historiebrug frå monumenter til oplevelsesøkonomi*. Desse kategoriane, anten ein kallar dei troper eller typar, vil vere nyttige i arbeidet med å finne forteljingane si form.

#### **1.4.1 Grunnforteljing, hovedforteljing og sideforteljing**

«Spørsmålene om tekstene fortellinger nærmer vi oss gjennom begrepene «grunnfortelling», «hovedfortelling» og «sidefortelling», seier historikarane Jan Heiret, Teemu Ryymä og Svein

---

<sup>38</sup> Heiret, Jan, Ryymä, Teemu, Skålevåg, Svein Atle, 2013, s. 24

<sup>39</sup> Rüsen, Jörn, 1987, s. 88

<sup>40</sup> Heiret, Jan, Ryymä, Teemu, Skålevåg, Svein Atle, 2013, s. 24-30

<sup>41</sup> Aronsson, Peter, 2004, s. 77

Atle Skålevåg i innleiinga til *Fortalt Fortid*.<sup>42</sup> Grunnforteljingar for dei var forteljingar ein fann på tvers av tekstar. Det var «fortellingsmønstre som kan bli gjentatt, reproduusert og bekreftet gjennom høyst forskjelligartede historiske praksiser».<sup>43</sup> Dei kunne forstås som «narrative rammer». I *Fortalt Fortid* vart 1800-talets historieskriving i Noreg nytta som eit eksempel. Det norske folks historie vart skildra, medan innvandrarar og minoritetar vart utelatt. Det var ei nasjonal grunnforteljing som gjekk igjen i fleire historiske tekstar. Om *hovudforteljingar* vert følgjande sagt: «Å «forstå» en historietekst er å gjenkjenne den hovedfortellingen».<sup>44</sup> Desse forteljingane finnes i dei individuelle tekstane. Det kan forstås som tekstens *hovudbodskap*, og kan variere i stor grad frå tekst til tekst. Men, som forfattarane av *Fortalt Fortid* seier, «...dersom deres fellestrekks kan gjennkjennes i mange tekster, som markører på tekstenes tilhørighet på et bestemt historiografisk felt eller nærmest som et sjangertrekk, er vi på sporet av en grunnfortelling».<sup>45</sup> *Sideforteljing* vert forteljingar som støtter opp om hovudforteljinga. For dei nasjonale minoritetane sin del, kan det vere interessant å sjå om det er slike eigne sideforteljingar for kvar enkelt minoritetsgruppe som bidrar til å danne ei enkelt hovudforteljing.

Her vil eg presisere at noko av det eg ynskjer gjere, i tillegg til å svare på dei overordna problemstillingane mine, er i nokon grad å teste metoden og omgrepsapparatet. Forteljingsomgrepa frå *Fortalt Fortid* vart nytta på historiske verk skriven av enkeltvise forfattarar. Det vil seie at tekstane i stor grad inneheld *ei* stemme, nemleg den gjeldande forfattaren. I mine kjelder er det slettes ikkje slik. I dei finn ein fleire stemmer i form av høyringsuttalelsar, ulike politiske posisjonar og komitémerknadar, for å nemne nokon. Til dømes stortingsdebattar, som eg ser til for alle saksgongar eg tek for meg, vil ein i teorien kunne finne forteljingar for kvar og ein politikar med debattinnlegg. Grunn-, hovud-, og sideforteljing kan tenkast å ikkje vere tilstrekkelig nok til å dekkje alle stemmene. Det er mogleg at eg må forkaste nokre forteljingsomgrep og definere nokre nye sjølv. Dette ynskjer eg å vise til underveis i analysen. Følgjeleg er desse omgrepa berre veiledande fordi dei ganske enkelt er ferdigdefinerte og nytta frå før. Dei gjer eit greitt grunnlag for ein mogleg tilskjæring av eit meir egna omgrepsapparat med omsyn til forskjellige typar av kjelder. Det vert lettare å utvide enn å bygge frå botn av, trur eg.

<sup>42</sup> Heiret, Jan, Ryymin, Teemu, Skålevåg, Svein Atle, 2013, s. 24

<sup>43</sup> Heiret, Jan, Ryymin, Teemu, Skålevåg, Svein Atle, 2013, s. 25

<sup>44</sup> Heiret, Jan, Ryymin, Teemu, Skålevåg, Svein Atle, 2013, s. 26

<sup>45</sup> Heiret, Jan, Ryymin, Teemu, Skålevåg, Svein Atle, 2013, s. 26

## 1.4.2 Troper og typar: Forteljingsformas kategoriar

Denne testinga av omgrep i møte med forteljingane i sakprosaen, gjeld og for det følgjande omgrevsapparatet, henta frå historiebruksforskning. Også her er dei fyrst og fremst veiledande, og også her vil eg drøfte korleis dei held seg i møte med sakprosatekstane underveis i analysen.

I *Historiebruk – att använda det förflutna* seier Peter Aronsson at «Historiebruk är de processer då deler av historiekulturen aktiveras för att forma bestämda meningsskapande och handlingorienterade helheter».<sup>46</sup> Hjå han vert historiekultur alt frå fortida som kan binda saman relasjonar mellom notid, fortid og framtid. Denne historiekulturen gjev Aronsson former. Han deler dei opp i «grunn troper» meint å skildre typar av historisk medvit.<sup>47</sup> Om tropen *Intet nytt skjer under solen* seier Aronsson «Vi befinner oss egentligen i samma historiska rum hela tiden».<sup>48</sup> Han viser til religionenes tidsoppfatning der det som skjedde i fortida fortsatt har næreheit til notida. Det er det uforanderlige som er kjerna i tropen. Aronsson nemner J W Goethe (1739-1832) som reiste til Roma, ikkje for å studera historisk kultur, men for å finna «representationer av det evigt sköna och sanna».<sup>49</sup>

I tropen *Historien gjentar seg ikkje – før er heilt annleis enn no*, er det eit stort skilje mellom fortid og notid.<sup>50</sup> Aronsson seier her at kontrasten «kan sägas vara en grundform för den moderna världens självförståelse, som menar sig vara radikalt annorlunda än den tidigare».<sup>51</sup> Det vil altså vere fortellingar der fortida er heilt annleis enn notida, der skilnaden er poenget, ikkje tida i mellom. I tropen *Gullalder* er fortida ei gyllen ei. I tida fram til notid, har det til ei viss grad skjedd ei form for forfall. Det er ei form for forteljing der alt var betre før.

I den siste av Aronsson sine troper, *Framsteget – från mörket stiger vi mot lyset*, nyttar Aronsson som eksempel «Sveriges modernisering som en framgångshistoria från fattigdom och orättvisor til rikedom og jämlikhet og jämnställdhet».<sup>52</sup> Det er framsteget, frå ei dyster fortid til ei lys notid, som er kjerna i denne tropen.

---

<sup>46</sup> Aronsson, Peter, 2004, s. 17

<sup>47</sup> Aronsson, Peter, 2004, s. 77-85

<sup>48</sup> Aronsson, Peter, 2004, s. 77-85

<sup>49</sup> Aronsson, Peter, 2004, s. 77-85

<sup>50</sup> Aronsson, Peter, 2004, s. 80

<sup>51</sup> Aronsson, Peter, 2004, s. 80

<sup>52</sup> Aronsson, Peter, 2004, s. 80

Niels Kayser Nielsen har i tillegg til desse fire tropane og skissert opp ein femte.<sup>53</sup> I tropen *U-modell* er det ei gyllen fortid etterfulgt av ei dyster tid imellom, før ein kjem attende til lysande notid. Eit eksempel på ei typisk u-modell forteljing eg kan vise til, er forteljinga om Noreg slik Wergeland framstilte den, som ein uekte loddning. Der var fortida gyllen, og dansketida var den mørke, medan lausrivelsen frå unionen fekk oss over i rett spor.

Den tyske historikaren Jörn Rüsen har i sin artikkel «Historical narration: Foundation, types, reason» gjeve sin typologi over historisk forteljing. Han skisserer opp fire forskjellige typar, og nyttar eksempler frå kvinnehistorie for å illustrere. Den fyrste av typane er *Tradisjonsforteljingar*, og dreier seg om opphavet til dagens situasjon. Det er «oppHAVshistoriar», forteljingar der «time gains the sence of eternity».<sup>54</sup> «Traditional narrative articulates traditions as necessary conditions for humans to find their way», seier Rüsen. Som eksempel viser han til eit monument i Grahamstown i Sør-Afrika dedikert «to Pioner Women» med ein inskripsjon som seier «Keep their memory green and sweet / they smoothed the thorns with bleeding feet».<sup>55</sup> I tradisjonsforteljingar vert kontinuitet fremja.

*Eksemplariske forteljingar* er forteljingar som gjer adferdsreglar av erfaringar. «They make abstract rules and principles concrete, telling stories which demonstrate the validity of the rules and principles in single cases».<sup>56</sup> Som eksempel viser Rüsen til ein tidleg periode i kvinnehistoria, der kvinnelege historikarar foretrak forteljingar om «accomplishments, capacities, importance and efficiency of women of the past».<sup>57</sup> Andre eksempler er, seier Rüsen, «models of virtue and vice».<sup>58</sup>

Dei *kritiske forteljingane* handlar om menneskets evne til å seie nei til tradisjonar, reglar og prinsipp. Slike historiar finn ein ifølge Rüsen mykje av i kvinnehistorie. «Well known are the depressing stories relating the suffering of women in the long career of patriarchal domination». Med desse historiene, seier han, ristar kvinnehistorikarane laus «the validity of traditional patterns for womenhood, thus opening minds for alternatives».<sup>59</sup>

---

<sup>53</sup> Kayser Nielsen, Niels, 2010, s. 53-55

<sup>54</sup> Rüsen, Jörn, 1987, s. 91

<sup>55</sup> Rüsen, Jörn, 1987, s. 90-91

<sup>56</sup> Rüsen, Jörn, 1987, s. 91

<sup>57</sup> Rüsen, Jörn, 1987, s. 91

<sup>58</sup> Rüsen, Jörn, 1987, s. 91

<sup>59</sup> Rüsen, Jörn, 1987, s. 92

*Utviklingsforteljingar* har endring som hovudfokus. «Stories of this type give direction to the temporal change of humans and the world, to which the listeners must accordingly adjust their lives in order to cope with the challenging alterations of time».<sup>60</sup> Hans eksempel fra kvinnehistorie er historiar som trossar det bekreftande eller avkrefte, og som handlar om endrande, dynamiske strukturar med kjønn som historisk kategori. Slike historiar, seier Rüsens, “remind one of transformations, which lead from alien forms of life into proper ones”.<sup>61</sup> Transformasjon er det sentrale, endringskraftene er det stabile i historien.

Desse omgrepa og typane av forteljing vil gjere det mogleg å systematisere funn frå kjeldene. Omgrepa grunnforteljing, hovudforteljing og sideforteljing vert måtar å finne forhold i forteljing mellom tekstar, hovudbodskap og støttande forteljingar. Dette vert å til ein viss grad skilje på nivå av forteljing, å vise til kva linjer som eksisterer i, og på tvers av kjeldene. Det er for å systematisere kjeldenes raude trådar. For å seie kva form desse trådane har, vert Rüsens, Aronsson og Kayser Nielsen sine forteljingstypar nyttige. Kva hovudforteljing finnes til dømes i *Stortingsmelding nr. 37 (1972-73) – Om tiltak for de norske sigøyner*. Finnes det sideforteljingar der? Har hovudforteljinga form som til dømes ei utviklingsforteljing? Kan den seiast å passe til tropen om gullalder? Funna eg eventuelt gjer, er som nemnt ikkje er låste til desse typane og tropene. Det er høgst mogleg at eg finn ein forteljingstype som ikkje passar inn i den typologien eg har vist over. Men ved å ha noko å samanlikne den med, vil det verte enklare å finne forma på den ved og til dømes kunne seie kva form den *ikkje* har, ved at den ganske enkelt ikkje passar inn i nokon av dei etablerte forteljingstypane. Om dette skulle vise seg å vere tilfelle, vil det vere eit spennande funn i seg sjølv. Finnes det ein særeigen forteljingstype i den politiske sakprosaen? Ein eigen type *politisk forteljing*? Og kva vil alt dette ha å seie for dei politiske vedtaka?

## 1.5 Kjelder

Johan L. Tønneson har i si bok, *Hva er sakprosa*, nytta omgrepet «funksjonell sakprosa». Denne forma for sakprosa er, skriv Tønneson, «offentlig tilgjengelige tekster skrevet av private eller offentlige institusjoner eller navngitte eller ikkenavngitte privatpersoner».<sup>62</sup> Otto Grepstad kategoriserer typar av sakprosa i so bok *Det litterære skattkammer*. Ein av desse kategoriane er

---

<sup>60</sup> Rüsens, Jörn, 1987, s. 92

<sup>61</sup> Rüsens, Jörn, 1987, s. 92

<sup>62</sup> Tønneson, Johan L., 2008, s. 34

«prosa med mandat». Desse tekstane er, skriv Grepstad, handlingsretta med «krav om ein bestemt type konklusjon, nemleg praktiske tiltak».<sup>63</sup> Dei kjeldene eg ynskjer nytta, kan seiast å i stor grad passe desse kategoriseringane. Utforminga av politikk finn ein i skriftleg form i dokumenter, oftast skrive på vegne av fleire. Det er departement og komitear og ikkje einskilde forfattarar som står oppført som forfattar av tekstane. Målet med fleire av dokumenta er også bestemte handlingar, anten det er tilråding til ratifisering av europeiske konvensjonar, eller tilråding til bestemte politiske tiltak. Kjeldene vert her blant anna innstillingar, NOU-er (Norges offentlige utredninger) og stortingsmeldingar. I tillegg til dette er også saksgangane dei inngår i viktige. Det vil seie at ikkje berre ein bestemt NOU vert kjelde for analyse, men også stortingsmeldingar som kjem som eit resultat av NOU-en, og innstillingar og debattar som kjem som eit resultat av stortingsmeldingar igjen.

Problemstillingane dannar grunnlag for å avgjere kva politisk sakprosa som vart naudsynt til mitt arbeide. Dei nasjonale minoritetane er som nemnt fem individuelle minoritetsgrupper. Å velje saksgongar som dekkjer alle gruppene, let seg ganske enkelt ikkje gjere av logistikkmessige årsakar. Difor lyt eg avgrense kjeldeutvalet til å omhandle eit mindre utval saksgonger eg meiner er relevante. Dette er ikkje særleg problematisk, då det etter mitt syn er tre saksgongar som skil seg klårt ut.

Den overordna problemstillinga handlar om politikkutforming retta mot dei nasjonale minoritetane. Her er *Stortingsmelding nr. 15 Nasjonale minoritetar i Noreg – Om statleg politikk overfor jødar, kvener, rom, romanifolket og skogfinnar* ei viktig kjelde. Også saksgangen den inngår vert naudsynt å sjå på. Stortingsmeldinga kjem som ein følge av ratifiseringa av *Europarådets rammekonvensjon om beskyttelse av nasjonale minoriteter*. Denne ratifiseringa vert tilråda i *Stortingsproposisjon nr. 80 (1997-98) om samtykke til ratifikasjon av Europarådets rammekonvensjon av 1.februar 1995 om beskyttelse av nasjonale minoriteter*. Sjølve rammekonvensjonen vil eg ikkje analysere. I den er det artiklar som ikkje handlar spesifikt om nokon minoritetar, men heller generelle prinsipp og reglar for ivaretaking av kultur, språk, religionar m.m., i eit internasjonalt perspektiv. Men stortingsproposisjonen er interessant. Den er Utanriksdepartementet si tilråding til Stortinget om å ratifisere rammekonvensjonen. Den er på nasjonalt plan grunnlaget for avgjersla som fører til at kategorien «nasjonal minoritet» vert eit faktum i Noreg. Stortingsproposisjonen vart handsama av utanrikskomiteen som gav ei innstilling, *Innstilling S. nr 55 - Innstilling fra utenrikskomiteen*

---

<sup>63</sup> Grepstad, Oto, 1997, s. 204

*om samtykke til ratifikasjon av Europarådets rammekonvensjon av 1.februar 1995 om beskyttelse av nasjonale minoriteter*, til Stortinget. I Stortinget var det knapt nokon debatt etterpå. Men dei to innlegga som blei halde før ein stemde over tilrådinga i innstillinga vil eg også sjå på, i tillegg til innstillinga og stortingsproposisjonen.

I etterkant av ovannemnte stortingsproposisjon vart nasjonale minoritetar nemnd i *Stortingsmelding nr. 21 (1999-2000) – Menneskeverd i sentrum. Handlingsplan for menneskerettar* og *Stortingsmelding nr. 22 (1999-2000) – Kjelder til kunnskap og oppleving*. Desse vil ikkje inngå i min analyse. Fyrstnemnde har sin grunn i menneskerettspolitikk i både internasjonalt og nasjonalt perspektiv. Nasjonale minoritetar er nemnd saman med ei mengd andre grupper og tema, som blant anna born, kvinner, rasisme, diskriminering, homofile og religion- og livsynsfrihet.<sup>64</sup> Her finn ein også eit forslag om å få produsert ei stortingsmelding som omhandlar dei nasjonale minoritetane.<sup>65</sup> Men dokumentet handlar i hovudsak om meir generelle menneskerettar. Dei nasjonale minoritetane er berre ein liten del av det desse rettane skal omfamne. Dokumentet høyrer og i større grad til ein annan saksgang enn den eg meiner er relevant for opprettinga av kategorien «nasjonale minoriteter». *St. Meld. Nr. 22 (1999-2000)* tek for seg politikk retta mot arkiv, bibliotek og museum, samt «bygningsmessige rammevilkår på kulturområdet».<sup>66</sup> Dei nasjonale minoritetane er nemnde som nokon som trengs å representerast betre innafor området.<sup>67</sup> Dette dokumentet er ikkje ein del av saksgangen rundt opprettinga av «nasjonal minoritet»-kategorien, og følgjelig ikkje relevant for mi sak.

Etter ratifiseringa av rammekonvensjonen er det altså *St. Meld nr. 15 (2000-2001)* som er gjeldande. Kommunal- og regionaldepartementet gav den til kommunalkomiteen i Stortinget. Etter handsaming av den gav kommunalkomiteen *Innstilling S. nr 145 (2000-2001) - Innstilling fra kommunalkomiteen om Nasjonale minoritetar i Noreg -Om statleg politikk overfor jødar, kvener, rom, romanifolket og skogfinnar*. I tillegg til stortingsmeldinga og innstillinga vil eg også sjå til debatten som fylgte etterpå. Debatten er å finne i *Stortingstidende inneholdende 145. Stortingsforhandlinger 2000-2001*.

Til *Stortingsmelding nr. 15 (2000-2001)* finnes det i tillegg ei rikhaldig saksmappe. Sjølv fekk eg tilgang til saksmappa via førespurnad til Kommunal- og Moderniseringsdepartementet, og eit besøk på sjølve departementet i Oslo. Denne saksmappa inneheld over 120 journalføringar

---

<sup>64</sup> St.Meld nr. 21 (1999-2000), s. 56-57

<sup>65</sup> St.Meld nr. 21 (1999-2000), s. 66

<sup>66</sup> St.Meld.nr. 22 (1999-2000), s. 1

<sup>67</sup> St.Meld.nr. 22 (1999-2000), s. 19

med innspel frå blant anna ein historikar, sosialantropolog, språkforskar, etnopolitiske organisasjonar, andre departement m.m. Mykje av dette stoffet er ypparleg for vidare studiar. Til mi sak vert det dessverre ikkje relevant i hovudsak av to grunnar. Eg ynskjer sjå på forteljingane slik det er i dei forskjellige sakprosatekstane til offentleg skue. Det er dei uttalte forteljingane som er av interesse, den som finnes i den offentleg tilgjengelige saksgangen. For å sjå innhaldet i saksmappa må ein signere på taushetsplikt. Dei er i nokon grad unnlat offentlegheita. Den andre grunnen er at innhaldet i saksmappa er såpass omfattande at for å gje kjeldene i saksmappa den oppmerksamheit dei fortener lyt ein nytte ei heil oppgåve lik denne til berre det; til eit studie av saksmappa åleine.

Kjeldene over er berre ein saksgang. For å svare på dei delane av problemstillinga som handlar om endringar i forteljing over tid trengs det meir. I tillegg til ovannemnte kjelder lyt eg også difor sjå lengre tilbake i tid. Som nemnt var det stilt på det minoritetspolitiske felt fram til rundt 1960-talet, då sigøynarar kom til Noreg. Som ein konsekvens av den politiske uroa som fylgte av «sigøynerproblematikken» kom den fyrste heilskafelege politiske sakprosaen som omhandlar ei enkelt minoritetsgruppe i 1970. Eit utval satt saman av sosialdepartementet skreiv ei innstilling kalla *Innstilling om arbeidet med de norske sigøynere*. Innstillinga danna grunnlag for *Stortingsmelding nr. 37 (1972-73)*, også frå Sosialdepartementet. Denne stortingsmeldinga vart handsama av Sosialkomiteen, og resulterte i *Innstilling S. 194 (1972-73) Innstilling om tiltak for de norske sigøynere*, samt ein kort debatt. Dette førte til opprettinga av ei eiga særomsorg for sigøynarane, som vart heilt fram til byrjinga av 1990-talet. Denne særomsorga omfatta blant anna eit eige sigøynerkontor i Oslo, og ein eigen «sigøynerkontakt».

Denne saksgangen er interessant, då den, som nemnt, er den fyrste som tek for seg ei av gruppene som etter kvart vert ein av dei fem nasjonale minoritetane. Før dette finnes det sakprosa som omhandlar minoritetar, men då samar. Døme på dette er *Stortingsmelding nr. 21 (1962-63) Om kulturelle og økonomiske tiltak av særlig interesse for den samisktalende befolkning* frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet. Dette dokumentet inngår i ein saksgang med innstilling og debatt, men då samane vart gjeven kategorien *urfolk* i 1989, etter ratifiseringa av ILO 169, er det mindre relevant for meg og min agenda å sjå til saksgangar med sakprosa om samane. Dessutan vil oppgåvelogistikken også her setje klåre grenser for kor mykje som kan takast med.

Den neste saksgangen eg ser på som relevant i denne samanhengen har si byrjing i problematikk rundt særomsorga for det som då vart kalla «omstreifere» på slutten av 1970-talet. Denne er

relevant, då omstreifer-kategorien omfatta blant andre romanifolket (taterane/dei reisande), som vert ein av dei nasjonale minoritetane. I motsetning til saksgangane rundt sigøynarane og dei nasjonale minoritetane, som begge har si byrjing i sakprosa frå enkelte departement, byrjar denne saksgangane med ein debatt. Torild Skard frå Venstre kjem med ein interpellasjon angåande særomsorga for omstreifarane. Denne interpellasjonen fører til nedsetting av eit utval som skriv *NOU 1980:42- Omstreiferne. Deres situasjon og samfunnets hjelpe tiltak for dem*.

Etter denne NOU`en er det ikkje noko innstilling eller debatt. Men dokumentet vert referert til som grunnlag for nedtrapping av midlar til omstreifaranes særomsorg, som til slutt vert stoppa heilt i 1989. Det interessante med denne saksgongen er at den fører til fjerninga av ein identitetskategori. Omstreifar-kategorien forsvinn. Vel 20 år seinare finn ein oppretting av ein ny identitetskategori, dei nasjonale minoritetane. Ei samanlikning desse imellom vert interessant, då dei begge omhandlar romanifolket (taterane/dei reisande), men endar med diametralt motsatt politikk; fjerning av ein identitetskategori, og oppretting av ein annan.

Det finnes annan sakprosa, forutan dei tre ovannemnte saksgangane, som i denne samanhengen kunne vore noko relevant. Døme på dette er *NOU 199: 22 – Inndraging av jødisk eigedom i Norge under andre verdskrig og Stortingsproposisjon nr. 82 (1997-98) Et historisk og moralsk oppgjør med behandlingen i Norge av den økonomiske likvidasjon av den jødiske minoritet under den 2. verdskrig*. Begge desse dokumenta tek for seg ei av gruppene som også vart nasjonal minoritet. Men i mitt utval finn ein eit fellestrekk i saksgangane, som i mindre grad finnes i desse dokumenta. Det er *kategoriseringar* som vert i nokon grad drøfta. Sjølve identiteten til minoritetsgruppene. I tillegg får ein ved utvalet eg har gjort eit klårt tidsaspekt dekka, då dei fyrste kjeldene er frå 1970, medan dei siste er frå 2001. Det vert eit godt grunnlag for å kunne sei noko om endringar over tid. Difor meiner eg bestemt at dei tre saksgangane eg har valt, om sigøynarane, omstreifarane og dei nasjonale minoritetane, er godt egna til å danne grunnlag i mi analyse.

I desse kjeldene finn ein ulike nemningar nytta på ulike minoritetsgrupper. Nokre av desse nemningane har vore omdiskuterte. For jødane, kvenene og skogfinnane sin del, er nemningane stort sett greie å forhalde seg til. For rom og romani er det ikkje like klårt. Nokre av nemningane er ikkje nøytrale og av enkelte individuelle personar, tilhøyrande minoritetsgruppene, sett på som belastande nemningar. Sosiolog Bjørn Hvinden sa i boka *Romanifolket og det norske samfunn* at romanifolkets forhold til det norske storsamfunn strekkjer seg over fleire hundre år, og at dei i denne tida har vore omtalt med mange ulike nemningar. Dette gjer fleire utfordringar.

«For det første er ingen av de gjengse benevnelsene nøytrale, men meir eller mindre farget av fortidens ofte sterkt negativt ladde oppfatning av gruppen, hvem og hvordan dens medlemmer var, og gruppens opprinnelse».⁶⁸ For det andre, seier Hvinden, er nemningane nytta på ein lite differensiert måte. Omgrep som «fanter» eller «omstreiferer» har vorte nytta på fleire grupper som ikkje nødvendigvis har vore av same slekt eller følt gruppelihørigheit med kvarandre.

I *Romanifolket og det norske samfunnet*, sa forfattarane at dei, grunna ein streben etter nøytralitet i omgrevsbruken, ville nytta nemninga «tater» på personar tilhøyrande romanifolket.<sup>69</sup> For rom finn ein liknande problematikk. I *Nasjonale minoriteter i det flerkulturelle Norge* seier Hilde Lidén og Ada Engebrigtsen at «Den siste tiden har betegnelser som rom, romfolket eller romafolket erstattet den tidligere enerådende betegnelsen sigøyner» og «Rom i Norge bruker betegnelsen rom på romanes og sigøyner på norsk, og det er ingen enighet om hvilken betegnelse som bør brukes på norsk».<sup>70</sup> Det er altså ein pågåande diskusjon om kva gruppa vil kalle seg. For å unngå denne problematikken, og for å gje språket i kjeldene den rolla det fortan, vil eg difor nytte dei nemningane som til kvar tid er nytta i gjeldande kjelde. Det vil seie at då rom vart omtalt som «sigøynarar» i politisk sakprosa frå 1970-talet, vil også eg nytte dette omgrepet i mine analysar av desse dokumenta. Rundt 1980 er både «omstreiferer» og «tatere» nytta i relevant sakprosa, og følgjeleg nytta eg dei og. I sakprosa frå rundt 2000 vart omgrevsbruken i større grad forsøkt gjort nøytral, noko som resulterer i nemningane «romanifolket (tatere/de reisende)» og «rom».<sup>71</sup> Denne forfattaren ynskjer ikkje no å ta stilling i diskusjonar om namn på grupper og vel følgjeleg å forhalde seg til gjeldande fortids nemningar.

## 1.6 Struktur i oppgåva

Problemstillingane mine gjer at eg må samanlikne funn i kvart dokument, ikkje berre på tvers av dokumenta, men også på tvers av saksgongane. Kvar saksgong får difor eit eige kapittel, med ei historisk innleiing for å setje kjeldene i historisk kontekst. Det vil seie at eg byrjar med saksgongen rundt sigøynarane tidleg på 1970-talet. Deretter tek eg for meg saksgongen rundt omstreifarane seint på 1970-talet og byrjinga av 1980-talet. Til slutt tek eg for meg saksgongen rundt dei nasjonale minoritetane frå slutten av 1990-talet og fram til 2001. For kvart kapittel vil

<sup>68</sup> Hvinden, Bjørn, 2000, s. 12

<sup>69</sup> Hvinden, Bjørn, 2000, s. 12-13

<sup>70</sup> Lund, Anna Bonnevieve, Moen, Bente Bolme (Red.), 2014, s. 87

<sup>71</sup> St.Meld nr. 15 (2000-2001)

eg konkludere med kva eg har funne for den gjeldande saksgongen, samtidig som eg set det i samanheng med tidlegare funn. Til slutt oppsummerer eg heilsakeleg, med omsyn til alle saksgongar. Innstillingar til Stortinget og etterfylgjande stortingsdebatt kan seiast å reflektere same politiske posisjonar. For saksgongen om sigøynarane på 1970-talet handsamar eg instilling og debatt i same kapittel, då innhaldet i desse ikkje skil seg frå kvarandre på nokon, for mi sak, relevant måte. For saksgongen rundt *St. Meld. Nr. 15 (2000-2001)* finn eg forskjellar mellom innstillinga til Stortinget og stortingsdebatten som gjer det mest hensiktsmessig å handsama desse to kjeldene i separate kapittel.

Med dette er verktøykasse og arbeidsplan klar. Det er på tide å gå til kjeldene.

## 2 1970-73: Forteljingar om sigøynarar

Dei fyrste krusingane på det elles så stille minoritetpolitiske vatn, kom som nemnt med sigøynarane. Konteksten eg no vil skildra viser korleis det var på det sosialpolitiske plan det heile utspela seg, samt korleis saksgongen vart initiert. Startskudd for den politiske prosessen eg vil sjå til var eit spørsmål om menneskerettar. Sigøynerparagrafen, som nekta sigøynara adgang til landet, kan seiast å ikkje lengre stå i stil med nasjonens sjølvoppfattelse etter krigen.

I åra 1953-1955 kom det medlemmer frå same familie med sigøynarar og søkte lov om innreise i Noreg. Men dei fekk søknadane sine avvist. Med referanse til desse, stillte stortingsrepresentant Helge Seip (V) eit spørsmål om framandloven av 1927 i Stortingets spørjetime 19. oktober 1955: «Hvilken instruks har politiet for håndheving av fremmedlovens paragraf 3?»<sup>72</sup>. Paragraf 3 var også kjent som «sigøynerparagrafen», då den forbaud sigøynarar og omstreifarar tilgang til landet. Ifølge Seip hadde den «en form som ikke bare er uklar og uheldig, men som virker direkte i strid med våre dagers syn på elementære menneskerettigheter».<sup>73</sup> I *Odeltingsproposisjon nr. 1 – Om lov om utlendingers adgang til riket (Fremmedloven)* vart dette spørsmålet grunnlag for forslag om lovendring: «Den nåværende lovs bestemmelser om sigøynere vil bli foreslått tatt ut, idet det ikke ansees riktig å ha regler i fremmedloven som kan oppfattes som rasediskriminerende, jfr. Seips begrunnede spørsmål i Stortinget den 19. oktober 1955».<sup>74</sup> Sigøynerparagrafen vart fjerna frå Framandloven. Fleire av sigøynarane fekk etter dette innvilga statsborgarskap, i 1957, 1959 og 1966.<sup>75</sup>

I 1962 vart det nedsett eit kontaktutval for «sigøynerespørsmål» (sigøynerutvalet) for å handtere problemer knytta til desse nye statsborgarane. Ted Hanisch, som var sekretær under utforminga av *Instilling om arbeidet med de norske sigøynerne* frå 1970, gjorde i 1976 ei undersøking kalla *Sigøynerespørsmålet: undersøkelse av bakgrunnen for sosial konfrontasjon*. I denne seier han at «Sigøynerutvalgets påtenkte formål var å få i stand drøftinger mellom de ulike instanser som på forskjellige måter hadde kontakt med sigøynerne. En tok sikte på en viss koordinering av hjelpetiltak».<sup>76</sup> Hanisch seier vidare at sigøynerutvalet i byrjinga var optimistiske. Sigøynarane vart innkvarterte i bustad i Grønnergate i Oslo og ein starta skulegong for borna. Då sigøynarane

---

<sup>72</sup> Stortingstidende, 1955, s. 2592

<sup>73</sup> Stortingstidende, 1955, s. 2592

<sup>74</sup> Ot. Prp nr. 1, 1956, s. 3

<sup>75</sup> Hanisch, Ted, 1976, s. 63-67

<sup>76</sup> Hanisch, Ted, 1976, s. 81

likevel drog på si årlege rundreise i Noreg i mars, og tok borna ut av skulen, markerte det starten for ein periode prega av skuffelsar for det sosiale hjelpeapparat, som ser på busetjingsforsøket som misslykka.<sup>77</sup> Perioden frå 1964-1968 kallar Hanisch «en stille periode».<sup>78</sup> Sigøynerutvalets innleiande optimisme er borte og møtevirksomheten deira minkar. I 1968 etablerer sigøynarar ein leir på tomta til eit gammalt gassverk i Oslo, noko som utløyser naboklager og merksemd frå media. Sosialrådmannen vert involvert og i mai 1968 vert ein særskild inngjerda leir oppretta på tomta, til protester frå naboar og næringsliv.<sup>79</sup>

I august i 1969 vart eit brev til «de norske myndigheter» frå Polykarp Karoli, ein av sigøynarane som budde i leiren på gassverktomta, overlevert Sosialdepartementet. Her ba Karoli, som kallar seg sigøyarkonge i brevet, om tiltak for å betre livssituasjonen for sigøynarane. Dette gjorde at ein tidlegare plan om oppretting av eit arbeidsutval på ny vart aktualisert og sett i verk. Utvalet vart oppretta om hausten 1969. Det var interdepartementalt og leda av dr. philos. Odd Norland, som også hadde vore tilknyttet sigøynerutvalet. Med i arbeidsutvalet var blant anna representantar for Kyrkje- og undervisningsdepartementet, Kommunal- og arbeidsdepartementet, Oslo Kommune og Sosialdepartementet. I 1970 kom utvalet med ei innstilling kalla *Innstilling om arbeidet blant norske sigøyner*. Denne innstillinga var grunnlag for *Stortingsmelding 37 (1972-73) Om tilltak for norske sigøyner*.

To av dei sentrale vedtaka stortingsmeldinga resulterte i var opprettinga av ei eiga stilling som kontaktperson for sigøynarar og ein eigen avdeling for sigøynersaker (Sigøynerkontoret).<sup>80</sup> I tillegg vart eit *råd for sigøynerspørsmål* nedsatt i 1971, som ein følgje av ovannemnte innstilling. Dette rådet skisserte opp ei oppgåvefordeling mellom Oslo kommune og Sosialdepartementet. Kommunen fekk ansvar for busetjing, kuratorhjelp, nabokontakt, bistand til skulemyndigheter, rådgjeving om sosial omsorg og handsaming av søkerad om sosialhjelp. Sosialdepartementet fekk ansvar med etablering av voksenopplæring i samarbeid med Kyrkje- og Undervisningsdepartementet, samarbeid med arbeidskraftmyndigheter for å skaffe sigøynarane ervervsmoglegheiter, formidle kontakt med andre offentlege myndigheter, ha kontakt med og rådgje andre sosialkontor enn i Oslo og ta seg av utanlandske sigøynarar om

---

<sup>77</sup> Hanisch, Ted, 1976, s. 81

<sup>78</sup> Hanisch, Ted, 1976, s. 82

<sup>79</sup> Hanisch, Ted, 1976, s. 83

<sup>80</sup> St. Prp nr 1, 1976-77, s. 25

dei kom til landet. I tillegg vart Oslo kommune og Sosialdepartementet einig om at staten skulle gje økonomisk støtte til kommunen for drift av sigøynerkontoret.

Ifølge *Stortingsproposisjon nr. 1 (1977-78)* var Sigøynerkontoret ved årsskiftet, etter nesten 4 års arbeid, «bemannet med en daglig leder, to sosialfullmektiger, en spesialpedagog, en kontorist på halvdag samt en timeengasjert miljøarbeider»<sup>81</sup>. I *Stortingsproposisjon nr. 1 (1991-92)*, som er stadsbudsjettet for perioden 1991-1992, står følgjande: «Særomsorgen for norske sigøynere kap. 640, post 61 er avviklet fra 1.1.1991 og bevilgningen i 1991 på 6.5 mill. kr er lagt inn i rammetilskuddet til helse- og sosialformål for Oslo kommune»<sup>82</sup>. Sigøynerkontoret eksisterte altså fram til 1991 då sosialkontorfunksjonane til Sigøynerkontoret vart overført til distriktskontora der familiane/brukarane av tjenesta høyrde heime.<sup>83</sup>

I følgjande kapittel gjer eg ei analyse av innstillinga, stortingsmeldinga og den påfølgjande debatten om stortingsmeldinga. For kvar kjelde gjer eg ei eiga analyse og ei eiga vurdering av hovudforteljing. Samanhengen desse imellom og den endelege vurderinga, gjer eg til slutt i dette kapitlet. No til analysa: Kva forteljingar finnes, og kva rolle spelar dei, i politisk sakprosa frå 1970-1973 om sigøynarane?

## 2.1 Innstilling om arbeidet blant norske sigøynere (1970)

Denne innstillinga var resultatet av arbeidet til eit utval, satt saman av Sosialdepartementet og leda av Dr. Philos Odd Nordland. Nordland sat også som uavhengig medlem i Sigøynerutvalet frå 1962. Følgjeleg følgde erfaringane til Nordland frå Sigøynerutvalet med inn i det nye arbeidutvalet. Dette viser seg moglegens i nokon grad i omtalen av korleis sigøynergruppa er. I verken arbeidsutvalet eller Sigøynerutvalet er sigøynarane sjølve direkte representerte. Erfaringane frå sistnemnde utval som hadde direkte kontakt med sigøynergruppa, kan virka å vere kjelde til informasjonen om denne gruppas tilstand. Forutan Nordland var også Sosialdepartementet, Kyrkje- og undervisningsdepartementet, Kommunal- og arbeidsdepartementet og Oslo kommune representerte. Arbeidsutvalet byrja sitt arbeide i oktober 1969. Sjølve innstillinga deira vart avlevert til Sosialdepartementet 26. mai 1970. I

---

<sup>81</sup> St. Prp nr 1, 1976-77, s. 25

<sup>82</sup> Stortingsproposisjon nr. 1 (1991-92), s. 15

<sup>83</sup> Lund, Anne Bonnevie, Moen, Bente Bolme (Red.), 2014, s. 95

dette dokumentet er det altså det kollektive historiemedvitet til utvalet, representert av forteljingane, som er hovudobjektet eg leitar etter.

Her finnes også innspel frå sigøynarane sjølv, i form av eit brev frå den sjølverklærte sigøynerkongen Polykarp Karoli. Det er nærliggande å seie at forteljingane i brevet representerer nokon andre sitt historiemedvit enn utvalet. Men det er problematisk å avgjere *kven* sitt historiemedvit det representerer, då det etter all sannsynleghet vart forfatta av ein eller fleire sosialfunksjonærar. Ted Hanich peikar på noko av problemet med brevet i sin undersøkelse *Om sigøynerespørsmålet* frå 1976. «Det har ikke lykkes med sikkerhet å fastslå hvilken av de to sosial-funksjonærer som utformet brevet fra Sigøynerne», seier han. Og, «En kunne lett tro at brevet fra Polikarp Karoli var en ren manipulasjon eller en pådyttet meningsytring».<sup>84</sup> Sjølv seier Hanich han er overbevist om at sigøynarane «har forstått og sluttet seg til innholdet».<sup>85</sup> Men problematikken han viser til skapar til dels eit usikkerhetsmoment i samanheng med mi analyse, for han har ingen empiri som byggjer opp om si overtyding. Sanninga her kan kun finnast hjå anten gjeldande sosialfunksjonærar, eller hjå Polikarp Karoli, og lyt seg følgjeleg ikkje avdekke av meg no. Men det held for denne analysen å vise til kva forteljing som finnes i brevet, og korleis den bygg opp under det eg meiner er hovudforteljinga.

Innstillinga er på 29 sider fordelt på ti kapittel. Dei fire fyrste av desse kapitla tek for seg bakgrunn for utnemning av utvalet, formålet med innstillinga, dei prinsipielle synspunkta som ligg til grunn for arbeidet, og statleg styring av tiltak. Deretter fylgjer fire kapittel som tek for seg områder der sigøynarane har særlege problem. Desse er busettnad, undervisning, erverv og sosial velferd. Det neste kapitlet tek for seg internasjonale aspektar, medan det siste kapitlet er eit samandrag av retningslinjer og konkrete forslag.

Utvalet sjølv sa formålet med utredninga «må være å foreslå tiltak som gir de norske sigøyner mulighet til en radikal forbedring av sine livsvilkår ut fra de forutsetninger de har»<sup>86</sup> og «å fastslå samfunnets ansvar overfor sigøynerne som minoritet».<sup>87</sup> For framtida må det ikkje herske tvil, seier utvalet, «om hvem som har ansvaret for at sigøynerne får de samme rettigheter som andre norske borgere og får leve under tilfredsstillende forhold».<sup>88</sup> Det vart også presisert

---

<sup>84</sup> Hanich, Ted, 1976, s. 91

<sup>85</sup> Hanich, Ted, 1976, s. 91

<sup>86</sup> Innstilling om Arbeidet med norske sigøyner, 1970 s. 7

<sup>87</sup> Innstilling om arbeidet blant norske sigøyner, 1970, s. 11

<sup>88</sup> Innstilling om arbeidet blant norske sigøyner, 1970, s. 11

at «Det dreier seg altså ikke om å legge frem en langsiktig totalløsning på et problem, men om å etablere rettigheter som sigøynerne er blitt foreholdt gjennom lang tid».⁸⁹

På framsida kjem det ei kort melding om kva og kven dokumentet skal handle om: «Denne innstilling omhandler livssituasjonen for en liten minoritetsgruppe som er lett å identifisere. De opplysninger og synspunkter som er kommet til uttrykk må ikke føres videre på en slik måte at de kan skade eller være til uleilighet for enkeltpersoner eller sigøynerne som gruppe.»⁹⁰ Dette sitatet meiner eg er representativt for gjennomgåande skildring av sigøynarane som ei særeigen gruppe, som i stor grad skil seg ut frå storsamfunnet. Denne skildringa gjer seg gjeldande som ein viktig komponent i det som etter kvart tek form som ei hovudforteljing. Andre sitat som byggjer under dette er til dømes «Arbeidsutvalget vil ikke her komme inn på sigøyernes opphav og historiske bakgrunn. Det må være nok å fastslå at det dreier seg om en spesiell folkegruppe som ikke bare finnes her i landet, men som på tvers av alle landegrenser vandrer og livnærer seg ved et system av til dels utgamle tjenester, ytelsjer og sedvaneretter.» Det vart vist til særeigenheiter hjå gruppa som språk, eigne verdinormer og samværsreglar. Den må sjåast på, sa utvalet, som ei «egen etnisk gruppe, med sin egen kultur».⁹¹

Til tross for at utvalet sa dei ikkje ville komme inn på sigøynaranes historiske bakgrunn, gjorde dei nettopp det. Denne fortidsskildringa gjer seg også gjeldande som ein del av ei forteljing. Utvalet viste til deler av sigøynarane si førkrigshistorie, der nokre hadde statsborgarskap medan andre igjen hadde lang tilknyting til landet. Men deira stadige reising til utlandet gjorde at dei ikkje fekk heimstadrett i nokon av dei norske kommunane. Det vart fortald om ein episode der ei gruppe sigøynarar vart stogga på den dansk-tyske grensa og nekta innreise i 1934, og at dei sat i konsentrasjonsleir frå 1942-1945. Om lag 20 sigøynarar døyde i konsentrasjonsleir. Dei som overlevde fekk krigskadeerstatning av tyske myndigheter i 1960, 1961 og 1962 «i likhet med andre som hadde lidd den samme overlast og de samme tap».⁹²

At nyleg innvandra sigøynarar vart gjeven statsborgarskap, fyrste gong i 1956 og siste gong i 1966, vart nemnd. I grunngjevinga av dette vart det referert til utsegn frå Justisdepartementet som sa at statsborgarskapa vart gjeven fordi dei alle tilhørde familiar med sterkt tilknytning til Noreg. «Det viste seg i praksis umulig», sa Justisdepartementet, «å få fastslått hvorvidt de var

---

<sup>⁸⁹</sup> Innstilling om arbeidet blant norske sigøyner, 1970, s. 7

<sup>⁹⁰</sup> Innstilling om arbeidet blant norske sigøyner, 1970, framside

<sup>⁹¹</sup> Innstilling om arbeidet blant norske sigøyner, 1970, s. 5

<sup>⁹²</sup> Innstilling om arbeidet blant norske sigøyner, 1970, s. 5

norske statsborgere eller ikke og for å av skjære enhver tvil om deres statsborgerforhold, fant Justisdepartementet å burde gi dem norsk statsborgerskap ved bevilling».⁹³ Her byrjar ein å ha grunnlag for å formulere ei minimusforteljing alà Carrad: Den «spesielle folkegruppa» sigøynarane, som finnes på tvers av landegrenser, kjem etter eit opphold i konsentrasjonsleir til vårt land, og no lyt me ta oss av dei.

I etterfølgjande kapittel vart sigøynaranes framtid i stor grad framstilt som ei usikker ei. Det finn ein i sitat som «en [kan] vanskelig tenke seg at sigøynerne fortsatt vil leve, og ernære seg på samme måte som tidligere», «Sigøynerne har alltid levd under vanskelige, ofte nedverdigende forhold. Mye tyder imidlertid på at denne gruppen er blitt rammet hardere av de omfattende strukturendringene de siste årtiene enn de fleste andre.», og «Stilt overfor en situasjon da det økonomiske grunnlaget for deres livsform er i ferd med å svinne bort, føler de hele sin eksistens som gruppe truet. Det er på denne bakgrunn en må vurdere de hasardiøse og desperate økonomiske transaksjoner sigøynerne kan foreta».⁹⁴ Det vart bygd opp under ideen om ei mørk framtid med store konsekvensar om ein ikkje gjorde noko. «På denne bakgrunn vil utvalget difor sterkt understreke at det må gjøres noe for sigøynerne straks. Dersom sigøynerne i Norge ikke snart får erfare at samfunnet føler ansvar også for dem, kan en frykte at gruppen vil føres inn i kriminalitet».⁹⁵ Dette bidreg til endå ein komponent i forteljinga eg leitar etter. Ikkje berre fortida til sigøynarane har liding i seg, det har potensielt også framtida.

Sigøynarane vart omtalt som ei svak og sosialt utsett gruppe, jamt over i heile dokumentet. Dette ser ein på nokre av dei ovanemnte utsegna, men også utsegn som «Når de finner seg i tilstander som bosted på parkeringsplasser og søppel-fyllinger, har det sin bakgrunn i at en del av de voksne kommer fra enda verre kår», «Slik de alltid er blitt plassert i samfunnets aller laveste sosiale sjikt, har de kanskje heller ikke alltid følt noen sterk lojalitet overfor dette samfunns normer og lover»,⁹⁶ og «Gjør ikke samfunnet en innsats nå, kan en om få årstå overfor en ytterst vanskeligstilt gruppe og et habiliteringsarbeide kan da bli ytterst komplisert og meget kostbart».⁹⁷ Dette synet på folkegruppa som svakleg visar seg også i inndelinga av kapittel. Dei er delt inn etter problemområder, der undervisning, busetjing, erverv og sosial velferd er presentert som områder der sigøynarane treng særskilde tiltak.

---

<sup>⁹³</sup> Innstilling om arbeidet blant norske sigøyner, 1970, s. 6

<sup>⁹⁴</sup> Innstilling om arbeidet blant norske sigøyner, 1970, s. 6

<sup>⁹⁵</sup> Innstilling om arbeidet blant norske sigøyner, 1970, s. 6

<sup>⁹⁶</sup> Innstilling om arbeidet blant norske sigøyner, 1970, s. 6

<sup>⁹⁷</sup> Innstilling om arbeidet blant norske sigøyner, 1970, s. 23

Deira kultur og særtrekk vart ikkje berre omtalt i negative ordlag. Om borneoppdraging vart det mellom anna sagt «Sigøynernes oppdragelsesmetode er på mange områder preget av mer toleranse og forståelse enn vi viser våre egne, og barna blir stort sett mer selvstendige i ung alder enn det som er vanlig ellers».<sup>98</sup> Generelt om deira kultur vert det sagt «Det må være klart at sigøynerne har en ensartet og meget livskraftig kultur.»<sup>99</sup> Men, sjølv om kulturen har sine positive sider vert dens ulikheit frå storsamfunnets kultur såpass stor at det vert eit problem: «Med den kulturelle avstand de har til det norske storsamfunnet og på grunn av den fiendtlige og tildels diskriminerende holdning de mer enn en gang har møtt kan det neppe være til å unngå at enkelte sigøyner kommer i konflikt med norsk lov»,<sup>100</sup> og «Sigøynerbarna vil gjennom sin oppdragelse og bakgrunn oppleve stor kulturell avstand til innholdet i norsk skoleundervisning».<sup>101</sup>

Det vert også sagt «I tidligere tider var sigøynerne ikke verre stilt enn mange andre fattige i samfunnet. I dag er den slags fattigdom for det meste borte, eller trer ikke frem slik at det legges merke til i vårt samfunn. Sigøynerne har ikke fått del i velstandsutviklingen». <sup>102</sup> Her vart det altså påpeikt at modernisering av samfunnet gjer sigøynarane synlege. I vårt samfunn er fattige ikkje fattige på same måten lenger. Me har som samfunn flytta oss opp et par hakk på velferdsstigen, medan sigøynarane er litt igjen på botn. Her skil ei forteljing om samfunnet seg ut frå forteljinga om sigøynarane. Sistnemnde har eit preg av Rüsen si *tradisjonsfortelling*, då den skildrar opphavet til dáverande problematikk. I fyrstnemnde er ein viktig komponent som dannar grunn for forteljinga si form, nemleg *utvikling*.

Sigøynarane sitt forhold til storsamfunn og myndigheter vart gjeven eit historisk perspektiv, som vises i følgjande sitat: «Gjennom århundreders forfølgelser er de aller fleste sigøyner fulle av mistro overfor samfunnets tiltak. De føler liten eller ingen delaktighet, selv i samfunn hvor de har oppholdt seg i årtier. Sjeldent eller aldri har de følt seg godtatt noe sted». <sup>103</sup> Skulda for sigøynaranes nød vart gjeven, ikkje berre til moderniseringa, men også til samfunnets holdningar: «Først i de senere år er det vokst frem en stigende overbevisning her i landet og i andre land om at sigøynernes vanskelige livssituasjon er et resultat av samfunnets holdninger

---

<sup>98</sup> Innstilling om arbeidet blant norske sigøyner, 1970, s. 20

<sup>99</sup> Innstilling om arbeidet blant norske sigøyner, 1970, s. 8

<sup>100</sup> Innstilling om arbeidet blant norske sigøyner, 1970, s. 18

<sup>101</sup> Innstilling om arbeidet blant norske sigøyner, 1970, s. 14

<sup>102</sup> Innstilling om arbeidet blant norske sigøyner, 1970, s. 4

<sup>103</sup> Innstilling om arbeidet blant norske sigøyner, 1970, s. 14

til gruppen. Et slikt syn på sigøynerne åpner på en ganske annen måte øynene for samfunnets ansvar overfor gruppen.».<sup>104</sup>

Det er også i dokumentet eit innspel frå ein av sigøynarane, som i stor grad støttar opp under forteljinga om sigøynarane utvalet fortel. I Polykarp Karoli sitt brev til myndighetene seier han at «De sigøyner som jeg står som leder for har i flere generasjoner regnet seg som norske statsborgere, men det forhold at sigøynerne på tvers av landegrensene utgjør et eget folk, gjør at den norske sigøynergruppe blir sett på som et fremmed element i samfunnet, med den mistenksomhet og diskriminering dette medfører.»<sup>105</sup> Her var altså det internasjonale ved gruppa grunnlag for eventuelle konflikter. Deira ulikheit gjorde dei utsett for ei diskriminering som førte til deira sosiale problem. Frå utvalet si side var minoritetsgruppas svakhet, deira evige fattigdom og tilhøyrslle til «det laveste sosiale sjikt» nærmest for karaktertrekk ved minoriteten å rekne. For sigøynarane sjølve, ifølge brevet, var det diskriminering frå storsamfunnet som var det problematiske. Hjå dei var det særegne ved kulturen ikkje eit problem, men heller ein styrke. Det ser ein av utsegn i Karoli-brevet som «De særegne tradisjoner og skikker som sigøynerne har og som har skapt den samhørighet som har gjort det mulig for oss fortsatt å eksistere som egen samfundsgruppe, ønsker vi å opprettholde i Norge». <sup>106</sup>

Vidare står det å lese i brevet at sigøynarane vil bli godtatt som «fullverdige norske borgere». Dei ynsker eit samarbeid «for å prøve å legge forholdene til rette slik at barna kan få skoleundervisning og at de voksne kan bli i stand til å tjene til livets underhold uten å måtte oppgi for meget av den kultur som er særegen for sigøynerne.»<sup>107</sup> Sigøynarane er altså både i brevet og hjå utvalet därleg stilt. I den grad det finnes forskjell i forteljing så er det i grunnlaget for elendet.

Forutan ei framheving av den sosiale nauda og naudsynet med tiltak, vert det også oppmoda til varsemd i politikkutforminga retta mot dei: «Under ingen omstendighet kan det forsvares å benytte seg av sterke overtalelser eller økonomiske og sosiale tvangsmidler for å sette igjennom forandringer av kultur- eller handlingsmønstre som sigøynerne seiv ønsker å opprettholde». <sup>108</sup> Her virka menneskerettserklæringa å ha vore bidragsgjevande til å lage ei generell ramme rundt dei prinsipielle standpunktene til utvalet. Ein finn fleire referansar til artiklar frå menneskerettane

---

<sup>104</sup> Innstilling om arbeidet blant norske sigøyner, 1970, s. 8

<sup>105</sup> Innstilling om arbeidet blant norske sigøyner, 1970, s. 7

<sup>106</sup> Innstilling om arbeidet blant norske sigøyner, 1970, s. 7

<sup>107</sup> Innstilling om arbeidet blant norske sigøyner, 1970, s. 7

<sup>108</sup> Innstilling om arbeidet blant norske sigøyner, 1970, s. 6

og til grunnlovens paragraf 110: «Grunnlovens § 110 sier uttrykkelig at «det paaligger Statens Myndigheder at lægge Forholdene til Rette for at ethvert arbeidsdygtigt Menneske kan skaffe sig udkomme ved sit Arbeide»».<sup>109</sup>

I avslutninga av innstillinga kjem utvalet med forslag til konkrete tiltak. Sigøynarspørsmålet er, seier utvalet, «i første rekke et sosialt problem og hovedansvaret for arbeidet ligger hos Sosialdepartementet og de lokale sosialmyndigheter».<sup>110</sup> Utvalet seier at «Til å forestå den løpende kontakt med sigøynerne foreslåes opprettet en stilling som konsulent for sigøynerespørsmål».<sup>111</sup> Denne konsulenten skal virke «som et koordinerende ledd i det arbeidet som de enkelte organer på statlig og kommunalt plan gjør for sigøynerne».<sup>112</sup> I tillegg til denne konsulentstillinga foreslår også utvalet å «opprettet permanent arbeidsutvalg for sigøynerespørsmål», hvis oppgåver skal vere «å føre en løpende drøftelse av sigøynernes situasjon i Norge» samt vere «et rådgivende organ for myndighetene».<sup>113</sup>

Som nemt seier utvalet at dei ikkje vil gå inn på sigøynarane «oppav og historiske bakgrunn».<sup>114</sup> Det vart heller ikkje sagt noko om gruppas opphav, men om historisk bakgrunn vart det sagt mykje. Det vart fortald om sigøynarane som ei gruppe viss gamaldagse levemåte skil dei ut frå det moderniserte samfunnet. Dei har «alltid» vore på botn av det sosiale sjiktet, ein har berre ikkje lagt merke til dei før. No har resten av samfunnet dei eksisterer i løfta seg nokre hakk og synleggjort sigøynarane i botn.

Gruppa sjølv vart framstilt som ei svært svak gruppe, viss manglande utdanning, analfabetisme og levesett hindrar dei i frå å delta i storsamfunnet. Det er deira kulturelle annleisheit som er årsak til elendigheta, då den har hindra dei i å vere med på velferdsløftet. Forteljinga om sigøynarane si fortid vert ei statistisk ei. Dei har i århundrer funnet seg på botn av samfunna og aldri nokon stad passa inn. Nauda auka under andre verdskrig, noko som i innstillinga vert presisert at sigøynarane har fått erstatning for. No er dei i Noreg, fortsatt dårlig stilt, og me må ta oss av dei. Brevet frå Polykarp Karoli fortel i stor grad same historie, men med ei anna grunngjeving for elendet. Det er ei ovanfrå-og-ned-diskriminering som forårsakar elendet. Det er storsamfunnets manglande toleranse og myndigheters manglande tillit som skil dei ut og

---

<sup>109</sup> Innstilling om arbeidet blant norske sigøyner, 1970, s. 9

<sup>110</sup> Innstilling om arbeidet blant norske sigøyner, 1970, s. 20

<sup>111</sup> Innstilling om arbeidet blant norske sigøyner, 1970, s. 21

<sup>112</sup> Innstilling om arbeidet blant norske sigøyner, 1970, s. 21

<sup>113</sup> Innstilling om arbeidet blant norske sigøyner, 1970, s. 21

<sup>114</sup> Innstilling om arbeidet blant norske sigøyner, 1970, s. 3

trykkjer dei ned. Her er det sosial nød forårsaka av undertrykking som gjeld. Men både utvalet si forteljing om sigøynarane og forteljinga i Karoli-brevet endar med eit uttrykt behov for tiltak.

Drivkrafta i desse forteljingane er interessant nok ikkje noko ny sosial naud. Forteljinga om sigøynergruppa er ei statisk ei, og kan seiast å passe med Peter Aronsson si grunntrope *Intet nytt under solen*. Forteljinga i innstillinga får sigøynergruppa til å framstå som uendra opp gjennom historien. Ser ein til Jörn Rüsen sine forteljingstyper er det nærliggande å seie at forteljinga om sigøynarane har noko tradisjonsaktig over seg. Det er kontinuitet i elendet i forteljinga. Forteljinga skil seg likevel noko ut frå desse forteljingstypene då den skildrar ei usikker og utrygg framtid, ein forverring av sigøynarane sit historik lange elende. Dei ovannemnte forteljingskategoriane seier noko om form, men lite om forteljingas innhald. Følgjeleg velgjer eg å kalle dette ei *forfallsforteljing*, heller enn å nytte dei etablerte typane og tropane. Med dette ser ein også i større grad kva slags fortidsforståing som ligg til grunn for tilrådinga i innstillinga. Det sosiale forfallet krevde ein bestemt type politikk.

Til tross for denne tydelege forteljinga om sigøynarane, som fint let seg stå på eigne bein, finn ein den fyrst og fremst som del av ei større forteljing. Den virkar å heller passe omgrepet *sideforteljing* enn omgrepet *hovudforteljing*. Forteljinga om sigøynarane viser at dei ikkje har endra seg noko særleg. Men det har samfunnet rundt dei. Samfunnet hadde hatt eit velferdsløft i landet sigøynarane ikkje hadde fått delta i. Her finn ein spor av haldningsendringar frå fortidas biologiske rasisme. Ein finn menneskerettar og ein peikefinger som åtvarar mot tvang. *Hovudforteljinga* i denne innstillinga vert då ei forteljing om ei samfunnsendring der storsamfunnet har løfta seg opp på velferdstigen, men mista sigøynarane på veg opp. Det er ei forteljing om *utvikling* og om forbetring. Ei *framstegsforteljing*, lik Peter Aronssons forteljingstype og ei *utviklingforteljing* jamnfør Rüsen. Dei føreslårte tiltaka for sigøynarane er også tiltak meint å løfte desse fråfalne opp på resten av samfunnets nivå. Det handlar om å gje «rettigheter som sigøynerne er blitt foreholdt gjennom lang tid».<sup>115</sup> Nemningane «framstegsfortlejing» og «utviklingsforteljing» vart her ikkje dekkjande for å seie noko om forteljingas innhald. Difor, meir enn å berre kalla dette ei *utviklingsforteljing*, kallar eg det ei *samfunnsutviklingsforteljing*. Politikken som gjer seg naudsnyt er for å sørge for at heile samfunnet, også sigøynarane, vart med framover.

---

<sup>115</sup> Innstilling om arbeidet blant norske sigøyner, 1970, s. 20

## **2.2 Stortingsmelding nr. 37 (1972-73) Om tiltak for de norske sigøyner**

Ovannemnte innstilling dannar grunnlag for *Stortingsmelding nr. 37 (1972-73) Om tiltak for de norske sigøyner*. Den vart fremma i januar i 1973 og fekk Stortingets tilslutning i april same året. Blant tiltaka som fekk gjennomslag var omgjering av ei stilling som sigøynarkontakt frå deltid til heiltid og oppnemning av eit eige kontor for sigøynarsaker.

Dokumentet er på 21 sider fordelt på 7 kapittel. Eit kapittel er i sin heilheit via *Innstilling om arbeidet med norske sigøyner* frå 1971. Det er også eit kapittel med innspel frå Kommunal- og arbeidsdepartementet, Justisdepartementet, Handelsdepartementet, Kyrkje- og undervisningsdepartementet, Helsedirektoratet, Sosialrådmannen i Oslo, Norsk misjon blant hjemløse, Norsk sisionomforbund og Norsk sosialforbund. I tillegg finn ei kapittel som tek for seg «Departementets generelle bemerkninger», «Nødvendige hjelpetiltak», «koordinering, administrasjon og utgifter» og «Utenlandske sigøyner».<sup>116</sup> I dette er det nærliggande å anta at her vil det finnast fleire forteljingar som representerer fleire historiemedvit. Men, dei som fortel er i hovudsak Sosialdepartementet. Dei gjer politisk støtte til innstillinga, og viser også til at «I de uttalelser som er avgitt til innstillingen om arbeidet blant de norske sigøynerne er det ikke fremkommet vesentlige innvendinger mot det prinsipielle grunnsyn som arbeidsutval get har gitt uttrykk for».<sup>117</sup> Difor meiner eg at den forteljinga, og det historiemedvitet forteljinga representerer, i *Innstilling om arbeidet blant de norske sigøyner* også er representativt for Sosialdepartementet. I den grad forteljinga i inntillinga skil seg frå den i stortingsmeldinga, er det grunna eit meir pesimistisk syn på sigøynarane sin situasjon. Dette bidreg til å framheve det akutte ved situasjonen. *Forfallsforteljinga* frå innstillinga vart spissa.

Innhaldet frå *Innstilling om arbeidet blant norske sigøyner* vert i grove trekk gjengitt i *Stortingsmelding nr. 37 (1972-73) Om tiltak for de norske sigøyner*, med det resultat at forteljinga frå innstillinga i stor grad vert vidareført. Ein finn noko meir detaljer om sigøynarane si tilknyting til landet samanlikna med innstillinga, i følgjande utsegn: «Helt fra 1700-tallet har sigøynerne mer eller mindre sporadisk oppholdt seg i Norge, alt etter hvor strenge restriksjoner myndighetene til en hver tid har lagt på deres adgang til riket».<sup>118</sup> Den internasjonale sigøynergruppa vart nemnd, med ein størrelse på vel 1,25 millionar. Til samanlikning vart dei

---

<sup>116</sup> St.meld. nr. 37 (1972-73), s. 2

<sup>117</sup> St.meld. nr. 37 (1972-73), s. 7

<sup>118</sup> St.meld. nr. 37 (1972-73), s. 3

norske sigøynarane ei lita gruppe, men «Tross det lille antall sigøynere står en i Norge overfor en selvstendig kulturell minoritet». <sup>119</sup>

Det er også i Stortingsmeldinga eit fokus på sigøynarane sin sosiale nød, samt på samfunnets modernisering som bidragsytar til forverring av situasjonen for gruppa. Det ser ein av utsegn som referer til innstillinga og utvalet som stod bak den, som til dømes «Strukturendringene i samfunnet førte imidlertid til en gradvis forverring av inntektsmulighetene og mange sigøynere kom periodisk i stor nød» og «Utvalget peker på at sigøynerne ikke har klart å omstille seg til nye ervervsformer og at de er blitt hengende stadig lenger etter i velstandsutviklingen.» Også brevet frå Polykarp Karoli vert gjengitt. Prinsipielle synspunkt rundt det frivillige vert også vidareført frå innstillinga. Det vert åtvara mot tvangsmiddel og framheva at «Selv om sigøynerkulturen slik som alle kulturer undergår forandringer, og de selv nå har bedt om nyordninger, kan situasjonen lett utvikle seg slik at de føler sin identitet truet». <sup>120</sup>

Det ein finn i større grad i Stortingsmeldinga enn innstillinga er eit auka fokus på intoleranse frå samfunnet. Det vert spesielt nemnt eit tilfelle frå 1972, der ein etter busetjing av sigøynarar i ein nedlagt aldersheim på Bjølsen i Oslo opplevde store protestar frå nabobar. ««Mange av fordommene hos naboenes synes å kunne i uvitenhet både om sigøynerne og sosial problematikk i sin alminnelighet». <sup>121</sup> Velforeningen arrangerte protestar mot dei, brannvesenet dukkka opp etter å ha blitt tilkalla av personar som ville skremme dei, og dei fekk bombetruslar pr. telefon. Det heile vert i Stortingsmeldinga omtalt som ein farlig situasjon: «Det er mange følelsesbetonte reaksjoner til stede, og til dels ukontrollerte krefter, som i en ekstrem situasjon kan tenkes å påføre beboerne skade.». <sup>122</sup>

Innspela frå dei forskjellige aktørane støttar, med få etterhald, opp om innhaldet i innstillinga. Sosialrådmannen i Oslo meiner spørsmålet om busetjing er meir komplisert enn det som kjem fram i innstillinga og viser til sigøynarane sin motvilje mot å akseptere enkelte bustadordningar. Sosialrådmannen vil «sterkt fremholde at sigøynerne som andre nomadefolk, som forsøkes gjort bofaste fortsetter sin «teltilværelse» selv om de flytter inn i hus»<sup>123</sup>. Han seier om dei at «Hele familien sover i ett rom, alt avfall kastes utenfor o.s.v. For sigøynerne gjelder også den særegenhets at de ikke vil bo i etasjer over hverandre. Jeg vil også advare sterkt mot at de søkes

---

<sup>119</sup> St.meld. nr. 37 (1972-73), s. 3

<sup>120</sup> St.meld. nr. 37 (1972-73), s. 4

<sup>121</sup> St.meld. nr. 37 (1972-73), s. 12

<sup>122</sup> St.meld. nr. 37 (1972-73), s. 12

<sup>123</sup> St.meld. nr 37 (1972-73), s. 8

plasserte i gamle og dårlige hus. Det vil bare føre til vanskeligheter å trekke dem ned i sosial henseende.».<sup>124</sup> Sosialrådmannen nemner også opplæring av sigøynarane i helsestell og seier «En må imidlertid være oppmerksom på at det her dreier seg om et meget krevende arbeid. Det er ikke tilstrekkelig: at der gis «veiledning i alminnelige hygieniske forhold». Det dreier seg om en opplæring i de mest elementære renslighetsfunksjoner som krever en lang inn lærings- og oppfølgingsperiode.»<sup>125</sup> I den grad ein finn innvendingar mot innhaldet i Innstillinga er det altså at den ikkje skildrar sigøynarane som problematiske nok.

Forteljingane her vert altså noko lik den frå innstilling; ei forfallsforteljing om sosial nød forårsaka av diskriminering grunna kulturelle annleisheit. Også her finn ein samfunnsutviklingsforteljinga, der samfunnsmessige endringar er drivkrafta i forteljinga. Det er «strukturendringene i samfunnet» som gjer at «de er blitt hengende stadig lenger etter i velstandsutviklingen». Det som kan seiast å ha endra seg frå innstillinga er ei auke i eit pessimistisk syn på sigøynarane. Det er mogleg erfaringar frå hendingane på Bjølsen har satt sine preg på forteljinga om sigøynarane, for dei er i stortingsmeldinga verre stilt enn dei var i innstillinga. Dette er fyrst og fremst bidragsytande til å forsterke intrykket av forteljinga om sigøynarane som ei forteljing om forfall, og difor bidragsytande til å påpeike det naudsynte ved rask handling.

## 2.3 Innstilling S. 194 (1972-73) og stortingsdebatt

Tiltaka frå ovannemte stortingsmelding vert i komprimert form gjengitt i *Innstilling S. 194 (1972-73) Innstilling om tiltak for de norske sigøyner*. Her vert dei politiske tiltaka skissert opp omrent like dei enn finn i Stortingsmelding nr. 37 (1972-73): «Departementet mener at det vil være mest presserende å få gjennomført følgende tiltak: bosetting, undervisning av barn og ungdom, voksenopplæring og nye ervervsmuligheter for de voksne».<sup>126</sup> Vidare vert det sagt «Komitéen slutter seg i det alt vesentlige til de retningslinjer som er trukket opp i meldingen».<sup>127</sup> Med dette finn ein altså politisk aksept for innhaldet i stortingsmeldinga.

Innstillinga og stortingsmeldinga vart grunnlag for ein kort debatt i Stortinget den. 10. april 1973. I debatten finn ein igjen hovudtrekka frå forteljinga eg identifiserte i innstilling og

---

<sup>124</sup> St.meld. nr 37 (1972-73), s. 8

<sup>125</sup> St.meld. nr 37 (1972-73), s. 9

<sup>126</sup> Innstilling S 194 (1972-73), s. 2

<sup>127</sup> Innstilling S 194 (1972-73), s. 2

stortingsmelding. Om modernisering av samfunnet sa dåverande leiar for sosalkomiteen, Sonja Ludvigsen (AP), blant anna at sigøynarane før ikkje var verre stilt enn andre fattige, «kanskje snarere tvert om. Men mens vi i vårt samfunn for de fleste vedkommende har klart å utrydde fattigdommen, har vi for sigøynernes del ikke maktet det. De har ikke i tilstrekkelig grad fått del i den alminnelige velstandsutviklingen, og de er stadig blitt hengende etter». <sup>128</sup> Hjå Ludvigsen vart skylda for nauda fordelt ikkje berre på modernisering og på myndigheter som ikkje hadde klart å utrydda sigøynarane sin fattigdom, men også på storsamfunnets diskriminering og på sigøynarane sjølv. Det viste seg vanskelegare å få dei etablert som norske borgarar enn ein i byrjinga hadde førestilt seg, sa ho. «Dette dels fordi sigøynernes særlege livsform har gjort vanlige sosiale tiltak lite hensiktsmessige, og dels fordi allmennhetens holdning til sigøynesene som mennesker og som gruppe har skapt vanskeligheter». <sup>129</sup> Dermed finn ein igjen både forteljingar om samfunnsmodernisering og om den sosiale nauda. Ho påpeikte, lik det som vart gjort i innstilling og stortingsmelding, også det akutte ved situasjonen: «I den forbindelse vil jeg gjerne understreke alvoret i utvalgets sluttbemerkning og nødvendigheten av å handle raskt». <sup>130</sup>

Gunnar Mjånes (KrF) sa han ikkje hadde «særlege merknader eller innvendingar» til innstillinga. Ingvar Helle (DNF) sa om saka at «Et samfunn uten minoritetsgrupper og minoritetsproblem er i grunnen et fattig samfunn og neppe noe helt lykkelig samfunn». <sup>131</sup> Forutan dette trakk også han fram at detasta med tiltak: «Hvis den økonomiske utarmingen av sigøynesene fortsette, vil den sosiale belastningen kunne bli meget stor». <sup>132</sup> Han peika også på behovet for at sigøynarane fekk sin eigen talsmann med innsikt i deira kultur og livsmønster. Bergfrid Fjose (KrF) fortalte om sigøynarane at dei var ei gruppe som «har flakka rundt i hundrevis av år», og «levd utafor det vanlege samfunnet og ikkje hatt noko fellesskap med dei andre folkegruppene i dei landa dei har flakka rundt i». <sup>133</sup> Vidare sa Fjose at «Det som hastar mest, er arbeidet med å skaffa dei norske sigøynarane ein stad å bu», og bidrog med dette til å byggje opp under det akutte ved sigøynarane sin situasjon.

Med dette finn ein i hovudsak ein tverrpolitisk einighet om at sigøynarane var ei særskild og einsarta gruppe som trong sin eigen politikk. Allmenne velferdsordningar som

<sup>128</sup> Stortingstidende 1972-73, s. 2628

<sup>129</sup> Stortingstidende 1972-73, s. 2628

<sup>130</sup> Stortingstidende, 1972-73, s. 2629

<sup>131</sup> Stortingstidende, 1972-73, s. 2631

<sup>132</sup> Stortingstidende, 1972-73, s. 2631

<sup>133</sup> Stortingstidende, 1972-73, s. 2632

problemløysande vart ikkje nemnd. Her var det forteljinga om sosial naud og nødvendigheten av snarlige tiltak som rådde. Her var det ingen protester mot føreslegen politikk, men brei einighet om innhald frå stortingsmelding og innstilling. Det kan seiast å vise til ei generell oppfatning hjå stortingsrepresentantane, ikkje berre om sigøynergruppa, men også om kvifor sigøynergruppa var i naud. Det var ein oppfatning som fell i takt med forteljingane frå innstillinga og frå stortingsmeldinga. Velferdsloftet hadde avslørt sigøynergruppa som fyrst og fremst eit særskild sosialt problem som måtte handterast med politisk varsemd, med fråvær av tvang og med høg grad av frivilligheit. Dette viste at sammfunnsutviklingsforteljinga ikkje berre fantes i sakprosaen. Den var også til stades hjå dei enkelte politikarane, som vist til i omtalen av debatten. Her fantes altså eit kollektivt historiemedvit som plasserte den politiske ståstad i midt i ei rørsle, der velferden endra seg til det stadig betre, og politikken som var naudsint var for å samle saman heile flokken, sigøynarane inkludert, på ferda framover mot *noko betre*.

Stortingsmeldinga vart vedlagt protokollen, og sosialkomiteens innstilling vart samtykka samrøystes.<sup>134</sup>

## 2.4 Forteljingar og historias rolle

I både *Innstilling om arbeidet med norske sigøynere* og *Stortingsmelding nr. 37 (1972-73) Om tiltak for de norske sigøynere* var forteljinga i stor grad lik. Ser ein på forteljinga om sigøynarane isolert, utan omsyn til den aukande nauden grunna samfunnsendringane, får ein ei forteljing som er statistisk. Det handla om ei svært utsatt gruppe, som var svak, utan utdanning, som grunna sin annleisheit og sin internasjonalitet skilde seg betrakteleg ut frå storsamfunnet. At dei var fattige og i botn av dei sosiale laga var ikkje noko nytt, det hadde dei nærast alltid vore. Nyttar ein Peter Aronsson sine grunntrøper for historiemedvit som samanlikningsgrunnlag finn ein at forteljinga passar med tropen *intet nytt skjer under solen*. Forteljinga kan også seiast å passe til Jörn Rüsen sin *trandsjonsforteljing*-type. Deira kultur, språk, evner og liknande hadde ikkje endra seg og gjort dei annleis då enn før. Dei var uendra. Forteljinga hadde uendelegeheita som tidsperspektiv og sa noko om opphav til dåverande situasjon. Men samfunnet rundt dei hadde endra seg. Då dei var for svake og for annleis klarte

---

<sup>134</sup> Stortingstidende, 1972-73, s. 2633

dei ikkje forandre seg saman med samfunnet. Dermed oppstod ein situasjon som rett og slett kunne vere farlig. Ein måtte gjere noko, med ein gong.

Dette var ei forteljing, som for sigøynarane sin del gjekk frå vondt til verre. Og då ser ein at dei etablerte tropene Aronsson forfattar ikkje lenger passar heilt. For her er det inga lys fortid, gullalder eller dynamisk framdriftshistorie. Det er heller inga framstegsforteljing. Tvert om. Det er ei forteljing om ei tragisk gruppe viss tradisjonelle og kulturelt forutsette elendigheit dyttar dei nærmare stupet då samfunnet rundt dei moderniserast. Her går det frå vondt til verre. Det er ei forteljing om forfall.

Hendingane under andre verdskrig vart ikkje gjeven noko status som eit særleg høgdepunkt i elendigheita, til tross for opphold i konsentrasjonsleir. For den verkelege sosiale elendigheita var ein ikkje komen til endå. Gruppa stod i fare for større sosial nød då en før. Det ville gå gale om ein ikkje greip inn. Og her slutta forteljinga, med ein slags «cliffhanger». Det var ei forteljing som ba om politisk handling. Hovudforteljinga vart dermed ei forteljing, ikkje om sigøynarane og deira naud, men heller om ein konsekvens av eit velferdsloft. Det vart ei *samfunnsutviklingsforteljing*. Sjølve drivkrafta for endringar i forteljinga var vårt samfunns forbetring. Me hadde som samfunn klatra opp velferdsstigen, men mista nokon på vegen. No måtte me gjere noko for å løfte dei opp til vårt nivå igjen.

Desse forteljingane vart underveis i saksgongen ikkje utfordra på nokon områder. Det nærmaste ein kjem til dette var då sosialrådmannen meiner ein ikkje heilt er innforstått med kor problematisk sigøynargruppa faktisk var, som nemnt i analysa av *Stortingsmelding nr. 37 (1972-73)*. I stortingsdebatten vart forteljinga vidareført. Her var det heller ikkje noko nye narrativ eller eit tilsynelatande anna forhold til fortida som viste seg i debattdeltagarane si forteljing om sigøynarane. Også her var dei svake. Også her var det samfunnets modernisering som skapte eit sosialt problem. Dette viser at forteljingane eg har funne i nokon grad var blant dei interesserte stortingsrepresentantane allment aksepterte forteljingar.

Med dette får ein forteljingar som bidreg til politikkutforminga i hovudsak på 3 måtar: 1: Dei påpeiker eit sosialt forfall som nærmar seg kollaps. Sigøynargruppa vart eit omflakkande sosialt problem som no var komen til landet. Modernisering av samfunnet skyv dei nærmare kollaps. Dette krev *sosialpolitisk handling*. 2: Dei skilde sigøynarane ut frå storsamfunnet som ei heilt eigen gruppe. Deira kulturelle annleishet, deira manglande utdanning og analfabetisme gjorde at dei ikkje kunne tilpasse seg. Eksisterande velferdsordningar var ikkje nok. Denne gruppa trøng *særskilde tiltak retta mot dei som gruppe*. 3: Dei åtvara mot tvangstiltak. Gruppa måtte få

behalde sin kultur, så langt det lot seg gjøre og politikken retta mot dei måtte vere *prega av frivillighet frå gruppa si side*.

Hovudforteljinga handlar altså ikkje om ein ny sosial naud som gjer at ein då trøng ein ny sosialpolitikk. Den handla om ei samfunnsendring som hadde forårsaka et sosialt problem. Dei politiske vedtaka som vart iverksatt var også prega av den same forståinga av fortida eg har vist til i denne analysa. Det vart oppretta eit velferdsapparat tilpassa ein særeigen minoritet, parallelt med det allereie eksisterande velferdsapparatet storsamfunnet nyttar. Sigøynarane fekk ein særeigen kontaktperson dei skulle forhalde seg til og det vart oppretta eit særeige kontor for sigøynarsaker, der sigøynaranes eigne ynskjer skulle takast til etterretning. Det vart ei særomsorg med høgt innspel av frivillighet. Historiebruken i denne politikkutforminga finn ein i synet på kven sigøynarane var. Ikkje berre dei som forfatta sakprosaen, men også dei som debaterte den virka å alle dele same syn på sigøynarane si fortid. I politikkutforminga greip dei til sit kollektive historiemedvit *slik det var*. Dei sa det tydeleg i innstillinga: «Arbeidsutvalget vil ikke her komme inn på sigøynernes opphav og historiske bakgrunn».<sup>135</sup> Som nemnt gjorde dei jo det, likevel. Men det var si allereie eksisterande forståing dei greip til når dei gjorde det. Her var ingen referanse til forsking eller annan akademisk omtale av bakgrunn og historie. Den historia som då gjorde seg i størst grad gjeldande vart deira eigen oppfatting av sigøynarane som eit alltid omflakkande sosialt problem som alltid skilde seg ut frå samfunna dei levde i.

I desse kjeldene ser det altså ut til at historiemedvitet var opphav til kunnskapen som låg til grunn for forståinga av sigøynarane. Det fantes på denne tida lite relevant litteratur om sigøynarar iallefall i Noreg. I Sverige og Danmark fantes noko. Den danske historikaren Anders Enevig hadde skreve blant anna *Sigøjnere i Danmark* i 1969 og i Sverige hadde forfattaren Katarina Taikon på 1960-tallet blant anna to bøker om «zigenera».<sup>136</sup> Noko spor av forsking av liknande sort finnes ikkje i denne saksgongen. Utvalet viste i innstillingen at dei hadde kontakta Sverige for å undersøkje korleis dei der handterte utanlandske sigøynarar, men noko særleg erfaringssoverføring virka ikkje denne kontakten å ha tatt med seg. Den kunnskapskjeda dei som forma politikken greip til var difor sitt eige historiemedvit.

Dette meinar eg sette grenser for kva type politikk som vart gjennomført. For sigøynarane vart det sosialpolitikk ispedd menneskerettar og frivillighet. Ei eiga særomsorg parallelt med storsamfunnet sine velferdsordningar. Slike ordningar kan seiast å ikkje vere uvanleg på denne

---

<sup>135</sup> Innstilling om arbeidet blant norske sigøyner, 1970, s. 5

<sup>136</sup> Zigenarska frå 1963 og Zigenera är vi frå 1967

tid. Til dømes funksjonshemma hadde eiga særomsorg. Politikken i seg sjølve var altså ikkje noko *ny* form for politikk. Men i historiemedvitet låg det ei forståing av sigøynarane som tilsa at dei trøng nettopp *den* formen for politikk. Her fans ingen statleg orsaking for tidlegare påført urett eller konkrete kulturbearande tiltak slik ein finn i nyare tid. Difor seier eg at det historiemedvitet hovudforteljinga her representerer fekk rolla som *formande* for dei politiske vedtaka. Dette viser seg klårare om ein samanliknar med den politiske saksgongen som omhandlar dei nasjonale minoritetane frå 1997 til 2001, der eg finn ein liknande historiebruk men med annan funksjon. Dette kjem eg tilbake til i kapittel 4 og kapittel 5. So langt viser kjeldene åleine at på tvers av saksgongen finnes *samfunnsutviklingsforteljinga* som ei *saksgongens grunnforteljing* i saksgongen om sigøynarane. Den dannar grunn i omtalen av politiske endringar retta mot minoritetsgruppa og finnes i alle dokumenta og i debatten. Dette speiler eit politisk historiemedvit prega av ei forståing av samanhengen mellom fortid, notid og framtid og som kan oppsummerast i ei minimumsforteljing: Noreg som samfunn går frå noko som ikkje er bra og framover mot noko som er betre, og behovet for politikk oppstår då ikkje alle heng med på ferda.

Drivkrafta bak denne minimumsforteljinga er ikkje så klar. Det ligg noko progressivt i denne måten å tenkje på, der ein stadig ynskjer forbetring av gjeldande situasjon. Samtidig finnes det noko konservativt i det for denne saksgongen, då det ikkje er *nye løysingar* dei endar opp med. Her er inga *kritisk motforteljing* alà Rüsens. Dei som formar politikken virkar å bruke som kjelde for kunnskap sitt eige historiemedvit, *slik det var*. Og, i det finn dei grunnlag for særordningar, for sosialpolitikk og for ei nærast sjukleggjering av sigøynarane.

# 3 1975-1980: Forteljingar om omstreifarar

Saksgongen rundt sigøynarane enda altså opp med opprettinga av ei særomsorg. Den saksomgongen eg no vil analysere endar med det motatte: fjerninga av ei særromorg. Fyrstnemnde saksgong hadde sin grunn i eit sosialt problem, medan denne det no gjeld hadde sitt utgangspunkt i eit moralsk dilemma.

Vibeke Løkkeberg fekk vist sin film «Tatere» i NRK-programmet «Vindu mot vår tid» i 1973. Filmen var ein dokumentar som tok for seg, og retta kritikk mot, Norsk misjon blant hjemløse (Misjonen) sin arbeidsleir for omstreifarar i Svaneviken. I tida etter hadde blant anna Aftenposten fleire artiklar om taterar og om Svaneviken.<sup>137</sup> Det er på bakgrunn av Løkkeberg og avisoppslag at stortingsrepresentant Torild Skard (SV) kjem med det som kallast ein «interpellasjon», som er eit meir omfattande spørsmål til regjering eller statsråd. Slike spørsmål er ofte grunnlag for debatt i Stortinget. I denne interpellasjonen stillte Torild Skard spørsmål om måten omstreifarane vert handterte på: «Hva vil Regjeringen gjøre for å bedre omstreifernes sosiale kår og lette deres integrering i samfunnet?». <sup>138</sup>

På denne tid var det Misjonen som forvalta særomsorga for omstreifarane på vegne av staten. Dette hadde dei gjort sidan 1897. Med hjemmel i blant anna lausgjengarlovens §7 og §8, og sosialomsorgslovens §16d fekk Misjonen utgiftene sine refundert av staten. Misjonen dreiv både arbeidskoloniar og barneheimar. Den mest kjende og mest omtalte av institusjonane var Svaneviken Arbeidskoloni, som låg på Nordmøre.

Torild Skard sin interpellasjon var grunnlag for ein stortingsdebatt den 10. april 1975, som igjen førte til utnevning av utvalet som forfatta *NOU 1980: 42-Omstreiferne. Deres situasjon og hjelpe tiltak for dem*. NOU-en leda til ei gradvis endring i subsidier til Norsk misjon for hjemløse og deira institusjonar. Etter kvart enda det opp med ei avvikling av særomsorga for omstreifarane. I *Stortingsproposisjon nr. 1 (1986-87)* står det følgjande: «Det er nå igang en omlegging av arbeidet for omstreifere bl.a. med bakgrunn i NOU 1980:42, Omstreiferne». <sup>139</sup> Her vart det også sagt at Misjonen sine barneheimar ville verta regionaliserte. I forslag til

---

<sup>137</sup> Sjå blant anna Aftenpostens A-magasin, 1974, nr.27 og Aftenpostens A-magasin, 1974 nr. 1

<sup>138</sup> Stortingstidende, 1974-75, s. 3715

<sup>139</sup> Stortingsproposisjon nr. 1 (1986-1987), s. 79

statsbudsjett året etter finn ein følgjande referanse til NOU`en om omstrefarane: «Omleggingen av arbeidet for omstreifere bl.a. med bakgrunn i NOU 1980:42, Omstreiferne, er nå inne i sin avsluttende fase». <sup>140</sup> «Kirkens Sosialtjenestes (tidligere Norsk Misjon blant hjemløse) barnehjem er regionalisert. Bosettingsarbeidet er nå kommunenes ansvar. Departementet tar sikte på å få vurdert virkningen av omleggingen». <sup>141</sup> I budsjettforsлага for 1990-91 og 1991-92 er einaste referanse til omstreifarar ein referanse til eit prosjekt som skulle vurdere virkninga av avviklinga av særomsorga. <sup>142</sup> Særomsorga er dermed teken ut av budsjettet og avvikla frå og med 1989. Det vil seie at ovannemte NOU bidreg til å avslutte ei nær 100 år lang omsorgstjeneste. Mi sak er å vurdere kva rolle historie spelar i dette.

I dette kapitlet ser eg altså på saksgang og dokumenter frå slutten av 1970-talet som omhandlar det som vart kalla «omstreifere». Kven som reelt sett inngår i denne kategorien er i kjeldene av og til noko uklart. Sosiologen Bjørn Hvinden skriv i *Romanifolket og det norske samfunn* om tidlegare namn på Romanifolket. Han viser til ein skilnad på kva romanifolket og andre minoriteter kalte seg sjølv innad, og til kva «stortsamfunnets ofisielle representanter» kalla dei. Sistnemnde brukte «bredere kategorier, som for eksempel «fanter» og «omstreifere»». <sup>143</sup> Omstreifarar er altså eit namn som har vore nytta på romanifolket, ein av dei nasjonale minoritetane. For å unngå omgrepssvirring vil eg nytte dei nemningane som kjeldene bruker. Her er det i hovudsak «omstreifer» som gjeld, men også «tater» der det er hensiktsmessig jamfør kjeldenes omtale. Dokument for denne analysen er *NOU 1980: 42 Omstreiferne - Deres situasjon og samfunnet hjelpe tiltak for dem*, samt stortingsdebatten i forkant som førte til nedsettelsen av utvalet som forfatta NOU`en. Noko av utfordringa med å analysere stortingsdebatten har vore mengda av deltakarar. Her er det 10 stortingsrepresentantar, inkludert sosialministeren som alle held innlegg. 10 politikarar, med det som potensielt kan vere 10 forskjellige historiemedvit, kan fortelje 10 vidt forskjellige forteljingar om fortida. Men, det er hovudforteljinga i debatten som er fokus, ikkje kvar einskilde politikars forhold til fortida. Og hovudforteljinga vert danna av det dei i størst grad fortel likt om. I dette tilfellet handlar det om omstreifarar, om samfunnets moralske plikt, og om Norsk Misjon blant hjemløse.

---

<sup>140</sup> Stortingsproposisjon nr. 1 (1988-1989), s. 82

<sup>141</sup> Stortingsproposisjon nr. 1 (1988-1989), s. 82

<sup>142</sup> Stortingsproposisjon nr. 1 (1990-1991), s. 82 og Stortingsproposisjon nr. 1 (1991-1992), s. 82

<sup>143</sup> Hvinden, Bjørn, 2000, s. 12

### **3.1 Stortingsdebatt om omstreifarane, april, 1975**

23. april i 1975 kom Torild Skard fra Sosialistisk Valgforbund (SV) med følgjande interpellasjon til sosialminister Tor Halvorsen (AP): «Hva vil Regjeringen gjøre for å betre omstreifernes sosiale år og lette deres integrasjon i samfunnet?»<sup>144</sup> I den etterfølgjende debatten deltok totalt 10 representantar frå henholdsvis Arbeiderpartiet, Kristelig Folkeparti, Høyre, Sosialistisk Valgforbund og Senterpartiet.

Skard var kritisk til dåverande ordning, der Norsk misjon for hjemløse (Misjonen) hadde fått ansvaret for særomsorga for omstreifarane. Ho meinte omstreifarane ikkje var integrert fordi «det er laget særomsorg bygd på en særlovgiving for dem, og det syns jeg er en segregering».<sup>145</sup> Ho nytta utsegn frå omstreifarar som sa om eigen situasjon at «Det er aldri fredningstid på omstreifere. Vi blir betraktet som annenrangs mennesker, om vi da i det hele tatt blir akseptert som medlemmer av menneskeslekten»,<sup>146</sup> «Jeg har sagt til meg selv at sigøyner og tatere er like bra som alle andre» og «Bare å være i en slik situasjon der en selv og ens folk ikke kan bli kalt noe som det knytter seg positive forestillinger til er en livssituasjon som er meget, meget vanskelig».<sup>147</sup> Ho viste også til eit intervju med styrar Austvik ved Svaneviken Familiesenter gjort av Aftenposten i 1974, der Austvik forsvarde det å forsøke å få omstreifarane til å kutte alle slektsbånd. «Jo visst er det hardt», sa Austvik, «man kan jo bare tenke seg selv i en lignende situasjon. Men erfaringene har lært oss at det er i de aller fleste tilfellene eneste utveien».<sup>148</sup> Skard spurde: «Kan vi være bekjent av å by folk slike vilkår».<sup>149</sup>

Skard representerte ein av to posisjonar. Dei som ynskte å fortsette med dåverande ordning der Norsk Misjon for Hjemløse tok seg av særomsorga for omstreifarane, og dei som ynskte endring i ordningen. Skard tilhørde sistnemnde. Den som i størst grad kan seiast å representere fyrstnemnde posisjon var Kåre Kristiansen (KrF). Han omtalte interpellasjonen som positiv fordi den gav ein «mulighet til å rette opp misforståelser og vrangforestillinger».<sup>150</sup> Han sa «det famøse TV-programmet «Tater 1973» og en del tendensiøse avisartikler i dagspresse har vist nødvendigheten av en slik oppklaring».<sup>151</sup> Han roste Misjonens innsats og sa «Jeg syntes det

---

<sup>144</sup> Stortingstidende 1974-75, s. 3715

<sup>145</sup> Stortingstidende 1974-75, s. 3727

<sup>146</sup> Stortingstidende 1974-75, s. 3715

<sup>147</sup> Stortingstidende 1974-75, s. 3716

<sup>148</sup> Stortingstidende 1974-75, s. 3717

<sup>149</sup> Stortingstidende 1974-75, s. 3718

<sup>150</sup> Stortingstidende 1974-75, s. 3723

<sup>151</sup> Stortingstidende 1974-75, s. 3723

må vere grunn til å gi Norsk misjon blant hjemløse honnør for den pionerinnsats de har gjort nettopp i denne sammenheng».<sup>152</sup> Kristiansen viste til statistikk frå 1974 som blant anna sa at 28 familiar hadde fått ny bopel med hjelp frå Misjonen.

For Kristiansen vart spørsmålet om omstreifarane og Misjonen til ein viss grad eit spørsmål om det er det offentlige eller det private som var best egna til å løyse oppgåvene. For han vart det rosverdig at statsmyndighetene viste seg i stand til å «utnytte den innsikt og tillit som Misjonen har opparbeidet seg, til å stimulere, fremme og moderniere et sosialt hjelpetiltak som drives etter moderne sosialpolitiske prinsipper og med en optimal utnyttelse av de offentlige midler som står til disposisjon».<sup>153</sup> Vidare sa han «Interpellanten synes å mene at statlig overtakelse er en garanti for ivaretaking av høyverdige prinsipper. Men vi vet jo at dette ikke alltid er tilfellet».<sup>154</sup> Det interesante med dette, med omsyn til kva forteljingar desse to debattantane fortel, er den høge graden av semje til tross for deira to forskjellige posisjonar. Begge var nemleg semde om at Misjonen hadde tent eit formål. Sjølv Skard sa Misjonen, fram til då, hadde gjort sitt beste. «Eg vil gjerne understreke at det også er positive ting å si om arbeidet til Norsk misjon blant hjemløse», sa ho. «De gjør så best de kan ut fra sine forutsetninger, men det er forutsetningene som er feil».<sup>155</sup>

Ikkje berre Skard og Kristiansen gav honnør til Misjonen. Edvard M. Edvardsen (AP) sa om misjonen «På mange måter har Norsk misjon blant hjemløse vært statens forlengede arm i arbeidet for å bedre omstreifernes sosiale kår og lette deres integrering i samfunnet». Han syntes det var «prisverdig at organisasjoner og enkeltpersoner engasjerer seg i oppgaver som det egentlig burde være statens ansvar å ta seg av».<sup>156</sup> Sigrid Utkilen (H) sa om Misjonen at den «har virket siden 1897, og fungert i mange år som et korrektiv til datidens kjølige holdning til omstreifernes problemer»<sup>157</sup> og «En nøktern og saklig vurdering skulle tilsi at Norsk misjon for hjemløse fortsatt har en plass å fylle i vårt lands sosiale arbeid». Aslaug Fadum (SP) uttalte at «Den erfaring og innsikt som Norsk misjon bant hjemløse har fått opp gjennom årene helt fra 1907, da de fikk som oppdrag av staten å ta seg av bosettingen av hjemløse, mener jeg vi

---

<sup>152</sup> Stortingstidende 1974-75, s. 3724

<sup>153</sup> Stortingstidende 1974-75, s. 3724

<sup>154</sup> Stortingstidende 1974-75, s. 3724

<sup>155</sup> Stortingstidende 1974-75, s. 3724

<sup>156</sup> Stortingstidende 1974-75, s. 3721

<sup>157</sup> Stortingstidende 1974-75, s. 3721

<sup>158</sup> Stortingstidende 1974-75, s. 3722

trygt kan bygge videre på».<sup>159</sup> Haldis Havrø (AP) meinte Misjonen fortente Stortingets ros «for den samfunnsmisjon de har utført og daglig utfører for å hjelpe omstreiferne».<sup>160</sup> Johannes Gilleberg (SP) sa «Jeg vil si meg glad for det arbeid Norsk misjon blant hjemløse har drevet i mange år, på en måte en forsettelse av det arbeidet som ildsjelen Eilert Sundt tok opp for over 100 år siden».<sup>161</sup> Hroar Stange (H) nemnde sosialkontorer og uttalte at Misjonen har gjort «en spesiell innsats» i å vere til praktisk hjelp for landets sosialkontor i arbeidet med sosiale løysingar på lengre sikt, og «ikke minst, de har bevilgninger – fortrinnsvis for de barna som er i omstreiferfamilier – til å kunne sette inn en ekstrainnsats som går langt utover den hjelp man pleier å gi fra et sosialkontor.»<sup>162</sup>

Den einaste av debattantane som kan seiast å ikkje vere uttalt positivt til Misjonens dåverande eller tidlegare arbeid var Ola Langset (SV). I sitt innlegg fortalte han om sitt eige besøk på Svaneviken Familiesenter, som han oppsøkte etter å ha sett Løkkeberg sin film. Langset sa at hans hovudinntrykk var at den ytre ramma var fin, «Men det eg saknar under dette besøket var kontakten med omstreifarane, dei som etter mitt syn er hovudpersonane i Svaneviken».<sup>163</sup> Med dette peikte Langset på noko vesentleg om forteljingane i denne debatten: Dei som fortalte om omstreifarane fortalte om Misjonen. Her var ingen diskusjon om *kven* omstreifarane var, om deira opphav eller etnisitet. Men, ein finn historiske fakta som bygg opp under ei forteljing om Misjonen sin suksesshistorie. Og det er i skjæringspunktet mellom dei som forhaldt seg til forteljinga om misjonen som ein suksesshistorie, og dei som etterlyste forteljinga til omstreifarane at ein finn den politiske skillelinja. For Skard viste til at omstreifarar ikkje er nøgde, og Langset spør «Kvífor fekk ikkje eg som medlem av Stortingets sosalkomite møte ein einaste representant for dei?». <sup>164</sup>

Den norske samfunnsforskaren Eilert Sundt vart nemnd, ikkje berre av Gilleberg, som i sitatet hans over. Hjå Skard var det Sundt sitt arbeide som danna grunnlaget for arbeidet til Misjonen. «Arbeidet med omstreiferne i Norge begynte i det forrige århundre ved at Eilert Sundt laget en fortegnelse over omstreiferslekter i Norge».<sup>165</sup> Skard viste til at fortegnelsen Sundt laga over omstreifarslektene var grunnlag for omstreifarregisteret hjå Misjonen. Statsråd Halvorsen sa

<sup>159</sup> Stortingstidende 1974-75, s. 3723

<sup>160</sup> Stortingstidende 1974-75, s. 3725

<sup>161</sup> Stortingstidende 1974-75, s. 7326

<sup>162</sup> Stortingstidende 1974-75, s. 3728

<sup>163</sup> Stortingstidende 1974-75, s. 3726

<sup>164</sup> Stortingstidende 1974-75, s. 3726

<sup>165</sup> Stortingstidende 1974-75, s. 3716

«Hjelpearbeidet for omstreifere har sitt historiske utgangspunkt i Eilert Sundts velkjente innsats for denne gruppen». Haldis Havrøy uttalte om Sundt at «I arbeiderbevegelsens historie står hans navn som et lysende eksempel på enkeltmenneskets innsatsvilje for å hjelpe de små og uprilegerte». Langset sa grunnlaget for sosialomsorg for omstreifarane var boka Eilert Sundt skreiv om dei i 1850-åra og at det difor var «eit banebrytande humanitært vekkingsarbeid»<sup>166</sup>. Med dette vart særomsorga for omstreifarane gjeven eit historisk opphav. Sundt starta arbeidet på midten av 1800-talet, og Misjonen har ført arbeidet vidare fram til i dåtid. Her finn ein ei forteljing om opphavet til noverande situasjon, ein av kjenneteikna i Jörn Rüsen sin *tradisjonsfortelling*. Men i motsetning til denne forteljingstypen, der «time gains the sence of eternity», hadde forteljinga om særomsorga ein klårt avgrensa tidshorisont.<sup>167</sup>

Sosialminister Tor Halvorsen (AP) fortalte i sitt svar til interpellanten om noko av historia om lovgjevinga retta mot omstreifarane. Han nemde blant anna loven om løsgjengeri, betleri og drukkenskap frå 1900, og kongeleg resolusjon av 27. november 1907 om at «at statens engasjement skulle formidles gjennom Foreningen til Modarbeidelse af omstreifervæsenet [Misjonen]».<sup>168</sup> Vidare viste Halvorsen til ei samfunnsutvikling. Han sa «Siden århundreskiftet har samfunnets sosiale hjelpeapparat endret seg vesentlig».<sup>169</sup> Me hadde, ifølge Halvorsen, «fått et godt utbygd trygdesystem, et attføringsapparat og diverse andre stønadsordninger som yter hjelp til vanskeligstilte personer etter visse kriterier»<sup>170</sup> og difor måtte ein presisere «at det tilbud omstreiferne i dag får gjennom Norsk misjon blant hjemløse i medhold av kgl. resolusjon av 27. november 1907, forutsettes å komme i tillegg til det vanlige sosiale hjelpeapparat i samfunnet. Det står omstreiferne fritt å benytte seg av dette tilbuddet».<sup>171</sup> Med dette finn ein ei forteljing som liknar grunnforteljinga frå saksgongen om sigøynarane, om samfunnets utvikling. Om omstreifarane som særeigen gruppe sa Halvorsen «Selv om omstreiferne ikke skiller seg ut fra den øvrige befolkning på samme måte som tidligere, har mange familier ennå egne tradisjoner og normer - man kan si en egen kultur». Men, «Fremdeles har imidlertid gruppen så store tilpasningsproblemer på grunn av manglende boliger og yrkeskvalifisering at spesielle tiltak synes å være nødvendig».<sup>172</sup> Halvorsen sa han sjølv meinte Misjonens arbeid fortsatt var «av stor verdi for denne gruppen» men at det heilt klare målet måtte vere at

<sup>166</sup> Stortingstidende 1974-75, s. 3726

<sup>167</sup> Rüsen, Jörn, 1987, s. 91

<sup>168</sup> Stortingstidende 1974-75, s. 3718

<sup>169</sup> Stortingstidende 1974-75, s. 3718

<sup>170</sup> Stortingstidende 1974-75, s. 3718

<sup>171</sup> Stortingstidende 1974-75, s. 3718

<sup>172</sup> Stortingstidende 1974-75, s. 3718

særomsorga vart fjerna ved at «disse grupper blir integrert i samfunnet for øvrig». <sup>173</sup> Det mest naudsynte var likevel, sa Halvorsen, «å finne fram til tiltak som kan påskynde og lette integreringen av omstreiferne i samfunnet. Jeg vil difor ta skritt til at departementet nedsetter et utvalg som skal vurdere alle sider ved denne sak». <sup>174</sup>

Om sjølve interpellasonsdebatten sa Halvorsen følgjande: «Hvis man skal forsøke å trekke noen konklusjon av den interpellasjonsdebatten som her har vært, må det vel bli den at det er bred enighet om at man innenfor denne sektor nå bør utvikle videre det som kan gjøres, ut fra en ny tankegang». Om lovgjevinga sa han at «Som jeg nevnte i mitt svar, arbeider vi fremdeles ut fra lovgivningen på tiden fra omkring århundreskiftet, og at det er grunnlag for å se på dette arbeid i lys av den utvikling som har vært ellers i samfunnet, har jeg forståelsen av at alle stort sett er enige i». <sup>175</sup> Men Halvorsen meinte også at «vi [skal] ikke skal kaste vrak på noe av det som her er gjort i fortiden, verken det arbeid som Eilert Sundt startet opp, og som mange har lagt vekt på, eller det som senere er blitt gjort av ulike organisasjoner og av misjonen». <sup>176</sup>

I debatten vart omstreifarane altså omtalt som ei særeigen gruppe som skilde seg ut frå samfunnet. Men grunnlaget for særeigenheta hadde derimot to forskjellige premiss. I det eine var forskjellen eit resultat av særomsorg. I den andre var særomsorga naudsynt, nettopp fordi gruppa var så særeigen. Den forteljinga som i størt grad pregar debatten var derimot ikkje ei forteljing om omstreifarane, men ei forteljing om Misjonen. Arbeidet til Misjonen frå 1897 og fram til dåverande tidpunkt vart framheva som positivt. Det vart, som sagt, ein suksesshistorie. Den politiske skiljelinja vart ikkje trekt over eit spørsmål om «var det rett det som blei gjort?», men heller «er det rett å fortsette med det?». Det Skard gjorde var å trekke fram ei anna forteljing enn den som i størst grad prega debatten. Ho viste til ei konkurrerande forteljing frå omstreifarane sjølve, som slettes ikkje såg på Misjonen sitt arbeide som nokon suksess. Det var altså etter innslag av ei anna forteljing, og ikkje minst, ein annan forteljar, at spørsmålet som i størst grad pregar debatten dukkar opp: Var misjonens arbeid moralsk forenelig med tida ein levde i? Dette spørsmålet peiker på ein viktig komponent i forteljinga: *Endring*. Men her var det ikkje omstreifarane eller Misjonen som hadde endra seg i den grad at ein trong ny politikk. Det var det samfunnet som hadde gjort.

<sup>173</sup> Stortingstidende 1974-75, s. 3718

<sup>174</sup> Stortingstidende 1974-75, s. 3718

<sup>175</sup> Stortingstidende 1974-75, 2. 3729

<sup>176</sup> Stortingstidende 1974-75, 2. 3729

Med dette finn ein igjen ei forteljing lik saksgongens grunnforteljing om sigøynarane, ei *samfunnsutviklingsforteljing* om samfunnets moralske framgong. Med denne forteljinga fylgjer det føringar for framtidig politikk. Saman med tanken om moralisk framgong virkar det å vere naudsynt med tankar om korrigerande politikk, for å oppdatere dei politiske ordningane slik at dei fylgjer med framgongen.

Det vart fortald om omstreifarane på ein måte som kan seiast å passe til Peter Aronson sin grunntrope *Intet nytt under solen*.<sup>177</sup> Gruppa var den same som då Eilert Sundt registrerte dei for over 100 år sidan. Forteljinga om Misjonen tok form som ei forteljing om Misjonens suksess. Den kan seiast å passe Aronson sin grunntrope om *Framsteg- frå mørket tiger vi mot lyset*.<sup>178</sup> Omstrefarane vart ikkje teken hand om før Sundt og Misjonen kom på banen. Desse gjorde moralisk banebrytande og naudsynt arbeid. Misjonen gjorde viktig humanitært arbeid då, og har vekse i storleik både geografisk og økonomisk. Men grunnlaget for ynskje om politiske endringar fann eg ikkje i desse forteljingane. Desse virkar mest å passe som *sideforteljingar* som bygg opp under hovudforteljinga. Grunnlag for ynskjet om politiske endringar finnes i forteljinga om samfunnsutviklinga. Det var ikkje omstreifarane eller Misjonen om hadde endra seg i den grad at det var naudsynt med politisk handling. Det var samfunnets forståing av kva som var moralisk gangbart som var annleis då enn før.

I den mørke fortida hadde altså Misjonen gjort det samfunnet burde gjort. No har ein løfta seg, utvikla seg og tredd ut av mørket og fram i lyset. Spørsmålet var då om samfunnet burde ta over frå Misjonen. Dette ser ein og i Sosialministerens svar på interpellasjonen. Han ville setje ned eit utval for å vurdere Misjonen sitt arbeide, og for å vurdere dei lovar som eksisterer. Han ville, sa han, «se på dette hjelpearbeidet med nye øyne». Vidare sa han at «[vi] arbeider [...] fremdeles ut fra lovgivningen på tiden fra omkring århundreskiftet, og at det er grunnlag for å se på dette arbeid i lys av den utvikling som har vært ellers i samfunnet, har jeg forståelsen av at alle stort sett er enige i».<sup>179</sup> Dermed vart *hovudforteljinga* her forteljinga om eit samfunn som har endra seg, modernisert seg og utvikla betre moral, og som måtte sjekke om særomsorga for omstreifarane passa med tida ein levde i. Det vart nok ein gong, som for saksgongen om sigøynarane, ei *samfunnsutviklingsforteljing*.

---

<sup>177</sup> Aronsson, Peter, 2004, s. 79

<sup>178</sup> Aronsson, Peter, 2004, s. 80

<sup>179</sup> Stortingstidende 1974-75, s. 3729

For omstreifarane sin del viste denne forteljinga at det vart naudsynt med eit politisk vedtak, ikkje som avgjorde særomsorgas funksjon, men som førte til at nokon gjekk den i saumane. Dermed vart historias rolle i denne samanhengen, ikkje å bidra til ei avgjersle om å lage ny eller endra politikk, men å skine lys på eit moralsk dilemma. I kjølevatnet av denne debatten vart det av Sosialdepartementet oppnemnt eit utval for å vurdere omstreifarane sin situasjon, eksisterande lovgjeving og særomsorga. Dette utvalet sitt arbeide resulterte i den neste kjelda i mi analyse.

## **3.2 NOU 1980: 42 - Omstreiferne. Deres situasjon og samfunnets hjelpetiltak for dem**

Denne NOU`en var resultatet av eit arbeide utført av eit utval oppnemnt av sosialdepartementet 24. november 1976. Utvalet vart leda av byrettsdommar Ingrid Solheim. Sosialdepartementet og Justisdepartementet var representerte. Tidlegare generaldirektør for Norsk Misjon for hjemløse (Misjonen), soknepresten Olav Bjørnstad, var også med. I tillegg var ass. Sosialsjef i Kristiansand, Finn Harry Mathisen, og sosialsjef i Oppegård, Arvid Leira, med i utvalet. Utvalet leverte si utredning til Sosialdepartementet 30. april 1980. I dette dokumentet er det altså i hovudsak utvalet som fortel, og deira kollektive historiemedvit som vart representert. Eit historiemedvit som me etterkvart vil sjå endre seg då utvalet skein lys på omstreifarane si fortid i eit forsøk på å seie noko om *kven* omstreifarane eigentleg var. Men her finn ein også andre forteljingar enn utvalet si. Norsk Misjon for Hjemløse fekk taletid i dokumentet, i form av eit brev frå dei til utvalet. NOU`en vart som nemnt tidlegare nytta som underlag for å gradvis redusere stønad til Misjonen. Frå 1989 er stønad fjerna i sin heilheit og særomsorga avslutta. Eg vil no vise kva rolle historie spelte i dette dokumentet som ledar til avviklinga av denne nær 100 år lange ordninga.

Sjølve dokumentet er på 115 sider. Det er delt opp i 14 kapittel i tillegg til vedlegg. Forutan innleiing og samandragskapittel er det kapittel som omhandlar omstreifarar i dei andre skandinaviske landa, omstreifarane sin situasjon i dag og eit eige kapittel om lovbestemmelser. Norsk Misjon for hjemløse har blitt via fleire kapittel som tek for seg sjølve Misjonen og dens historie, Svaneviken Familiesenter, deira arbeid med busetjing, arbeid med barnevern og statens investeringar i deira institusjonar.

Forutan eit samandrag av interpellasjonen til Torild Skard i innleiande kapittel, som grunngjeving for oppnemning av utvalet, viste også utvalet til utsegn frå sosialministeren om at omstreifarane skulle få «en bred representasjon i det utvalget en nedsetter både fra dem som befinner seg innafor særomsorgen eller nylig har vært der og difor kjenner den på kroppen, og fra omstreifere som ikke har hatt behov for å føle særomsorgen direkte på kroppen». <sup>180</sup> Då samansetjinga av utvalet endeleg var klar var det utan representasjon frå omstreifarane sjølve. Utvalet forklarte dette med at dei ikkje klarte finne nokon representant for omstreifarane. Dei sa «at omstreiferne ikke utgjør noen ensartet gruppe. Noen er fast bosatte, andre mer eller mindre reisende». <sup>181</sup> Dei kontakta Misjonen, personale på institusjonar og representantar for det sosiale hjelpeapparatet, utan at nokon kunne hjelpe dei med å finne ein passande representant for omstreifarane. «Utvalget har funnet å måtte utføre sitt oppdrag uten deltaking av noen representant for omstreiferne selv». <sup>182</sup> Dei ynskte heller å i «størst mulig utstrekning å få kontakt med enkelte omstreifere og med grupper av omstreifere for å få et inntrykk av hvorledes de ser på de spørsmål som ut valget skal utrede». <sup>183</sup> Her virkar noko av utvalet si forståing av omstreifarane å bli utfordra. Dette står også i kontrast til den forståinga ein finn i forteljingane frå interpellasjonsdebatten. Omstreifarane viste seg å slettes ikkje vere ei særskild gruppe, slik utvalet i byrjinga har virka å anta og slik dei vart omtalt i debatten.

Sosialdepartementets mandat til utvalet vart gjeven i fire punkt. Utvalet skulle skaffe seg oversikt over omstreifarane og deira situasjon på dåverande tidspunkt. Dei skulle også vurdere særbestemmingar i lovgjevinga, vurdere samarbeidsordninga mellom stat og Misjonen og misjonens institusjonar, og vurdere nye tiltak for å betre omstreifaranes kår og for å gjere integrering i samfunnet enklare. <sup>184</sup> Det vart også gjort ei utgreiing om kven mandatet skal omfatte. Om dette sa utvalet at «Gjennom kontakt med departementet er det klargjort at begrepet «omstreifer» i mandat ikke omfatter sigøyner» og «Det er videre på det rene at mandatet i allfall omfatter det klientel som Norsk misjon blant hjemløse arbeider med og de personer som i lovgivingen er kalt omstreifere». <sup>185</sup> I tillegg viste utvalet til Misjonen og deira register over personar av «omstreiferslekt». Utvalet sitt syn på Misjonens verksemد var «at slektstilhørighet er vesentlig for Misjonen, og at den ser det som sin oppgave å yte hjelp til

---

<sup>180</sup> NOU 1980: 42, s. 7

<sup>181</sup> NOU 1980: 42, s. 7

<sup>182</sup> NOU 1980: 42, s. 7

<sup>183</sup> NOU 1980: 42, s. 7

<sup>184</sup> NOU 1980: 42, s. 8

<sup>185</sup> NOU 1980: 42, s. 8

enhver person av omstreiferslekt som har behov for organisasjonens hjelp, uansett om vedkommende er streifende eller fast bosatt».<sup>186</sup> På grunnlag av dette sa utvalet følgjande: «Utvalget er blitt stående ved å oppfatte betegnelsen «omstreifere» i mandatet som omfattende personer av omstreiferslekt».<sup>187</sup> Utvalet sa altså sjølv at omstreifargruppa var ei difrensier gruppe, der ein kunne vere fastbuande, i fast jobb, velintegrert og på ingen måte omstreifande i ordets rette tyding. Det avgjerande for om ein var omstreifar eller ikkje var altså noko av dette. Det avgjerande var om ein var av *omstreifarslekt*. Med dette viste utvalet til omstreifarkategorien sin arvelege eigenskap, lik ein etnisk kategori. Denne slektskapskomponenten problematiserte utvalet då dei etter kvart i NOU`en viste til arbeidet til dei to forskarane, Eilert Sundt og Kaspar Flekstad

I NOU`en står det å lese fylgjande: «I Norge bygget lenge synet på omstreiferfolkets opprinnelse i alt vesentlig på Eilert Sundts teorier i hans bøker fra midten av forrige århundre». Av Sundt sine bøker vart «Fante- eller Landstrykerfolket i Norge» av 1850 og 1859 og hans årsberetninger fra 1862, 1863 og 1865» særleg nemnt.<sup>188</sup> Desse teoriane, sa utvalet, «er imidlertid blir trukket i tvil av bl. a. Kaspar Flekstad, som i en del år var lærer og prest ved Botsfengslet. Han utga i 1949 boken «Omstreifere og sigøyner. Studier over fantefolkets opprinnelse»».<sup>189</sup> Og, «På grunnlag av de to forskeres arbeid kan det sies at omstreifende personer til alle tider antas å ha forekommet i de fleste land, men at de første «tatere» skal være oppdaget i Norden omkring år 1500».<sup>190</sup> Ifølge utvalet meinte Sundt at omstreiferfolket, eller «fantefolket» som han kalla dei, var eit resultat av to innvandringar: Storinnvandringene og småinnvandringene. Fyrstnemnde var ein innvandring av det han kalla «taterer», som var sigøynerar eller etterkommarar av sigøynarar. Desse kom opprinneleg frå eit land aust for Russland kalla «Assaria».<sup>191</sup> Småinnvandringene var innvandring av «skøyere», omstreifarar som frå middelalderen breidte seg over heile Europa frå Tyskland. Dei kom til Noreg via Skåne og blanda seg med innlandske dagdrivarar. «I følge Eilert Sundt skulle således det norske fantefolk — omstreiferne — være oppstått som en blanding av asiater, fremmede europeere og norske streifende dagdriverere».<sup>192</sup> Kaspar Flekstad kritiserte altså dette. Han spora slekter Sundt hadde nytta som empiri og viste at gruppa var svært differensiert og ikkje-etnisk.

<sup>186</sup> NOU 1980: 42, s. 8

<sup>187</sup> NOU 1980: 42, s. 8

<sup>188</sup> NOU 1980: 42, s. 19

<sup>189</sup> NOU 1980: 42, s. 19

<sup>190</sup> NOU 1980: 42, s. 19

<sup>191</sup> NOU 1980: 42, s. 20

<sup>192</sup> NOU 1980: 42, s. 20

Omstreifegruppa hadde ifølge Flekstad sitt største tilskudd frå deserterte soldatar. Vidare sa Flekstad, ifølge utvalet, «at vår eldre straffelovgivning, fra før vi fikk tukthus og frihetsstraffer, må antas å ha bidratt til å skape omstreifere». <sup>193</sup> Han antok at kriminelle har bidratt til å auke antall omstreifarar saman med «de fastboende som ble «uærlige» gjennom sitt yrke, som f.eks. «rakkerne» i byene og skarpretterne». <sup>194</sup> «I nødsår ble tiggerflokkene tallrike. En del av de fastboende mistet fotfeste og noen sluttet seg til de profesjonelle omstreifere». <sup>195</sup> Han meinte også ein finn tilskudd frå Finnland «gjennom den kvenske befolkning som søkte til grenselandskapene mellom Norge og Sverige». <sup>196</sup>

Det interessante med dette er at det får omstreifegruppa til å framstå som ei sosio-økonomisk gruppe, heller enn ei etnisk gruppe. I kapittel 4, «Omstreifere i de andre nordiske land», vart det gjeven ein kort gjennomgang av Kaspar Flekstad sine undersøkingar om omstreifarar i andre nordiske land. Dette bidreg til å forsterke inntrykket av at omstreifegruppa ikkje er *ei* gruppe, men heller fleire grupper som har heimlausheit og fattigdom til felles. Flekstad fann at i Finland har sigøynarar vore kalla omstreifarar, men at dei liknar eigentleg meir på svenskane sine «tattera» enn på sigøynarar. «De er protestanter, ernærer seg som svenske «tattare», deres morsmål er finsk». <sup>197</sup> I Sverige vart som sagt omstreifarane kalla «tattera», ifølge utvalets forståing av Flekstad. «Flekstad hevder at de utgjør en broket blanding av elementer fra inn- og utland, og at de har vært under sterk kulturell påvirkning fra sigøynere, som har reist mye i Sverige». <sup>198</sup> I Danmark har omstreifarar gått under navn som ««kjæltringer», «rakkare», natmandsfolk», «Glamesterfolk», og «jydske sigøynere»». <sup>199</sup> Vidare sa utvalet at «Flekstad konstaterer ellers at omstreiferne nå er helt forsvunnet som egen kaste, og at dette har sammenheng med at fordommene mot den er blitt borte». <sup>200</sup>

Ikkje berre her, men generelt i dokumentet, finn ein ei utfordring av det som i stortingsdebatten virka som ei etablert haldning om omstreifaranes særeigenhet. Frå debatten ser ein det unisone hjå deltakarane som alle omtalte omstreifarane som ei eigen gruppe. I Flekstad sin kritikk av Sundt finnes ein slektsavhengig identitetskategori, men der sosiale og økonomiske aspekt var

---

<sup>193</sup> NOU 1980: 42, s. 21

<sup>194</sup> NOU 1980: 42, s. 21

<sup>195</sup> NOU 1980: 42, s. 21

<sup>196</sup> NOU 1980: 42, s. 21

<sup>197</sup> NOU 1980: 42, s. 23

<sup>198</sup> NOU 1980: 42, s. 23

<sup>199</sup> NOU 1980: 42, s. 23

<sup>200</sup> NOU 1980: 42, s. 23

grunnlaget, ikkje etnisitet. Det vart ein sosio-økonomisk kategori som går i arv. Dette viste seg også i dokumentet då utvalet gjengav innhaldet frå eit brev dei sendte til Socialstyrelsen i Sverige og Danmark. Utvalet ville undersøkje korleis dei i nabolanda forhaldt seg til omstreifarar. I brevet fann utvalet det naudynt å først «angi noe nærmere hva betegnelsen «omstreifer» står for i Norge.». Med noko som liknar på ei minimumsforteljing alà Carrard sa dei at «Det har fra lang tid tilbake eksistert en gruppe mennesker her i landet, norske statsborgere, som ikke har vært bofaste, men har fartet omkring, i tidligere tider til fots eller med hest og vogn eller i båt langs kysten». Dei hadde, sa utvalet, «ernærte seg ved kjøp og salg av brukte gjenstander, hestehandel, forarbeiding og reparasjon av husgeråd (loddning av kjeler, forarbeiding av visper etc.) blikkenslagerarbeid og nok også tigging».

I brevet ba utvalet om svar på fleire spørsmål, der det innleiande spørsmålet var ganske enkelt om det fantes omstreifarar i dei repektive landa. I svaret frå Sverige vart det sagt at «begreppet «tattare» (omstreifere) är utmönstrat ur den socialpolitiska vokabularen i Sverige. Av den anledningen existerar det inte heller längre några särskilda uppgifter om s.k. tattares situation i Sverige eller om särskilda åtgärder får dem». <sup>201</sup> Frå Danmark kom følgjande svar: ««Der findes næppe omstrejfere i den betydning af ordet som anvendes i utvalgets brev af 7.september 1978». Denne kontrasten mellom det arvelege og det sosio-økonomiske finn ein også i utvalet sin omtale av eigen kontakt med omstreifarane. Dei sat med eit intrykk av at «de fleste, men ikke alle, betraktet seg som tilnærmet en minoritetsgruppe i den vanlige befolkningen». <sup>202</sup> Hjå minoritetsgruppa fann utvalet at nokon meinte dei var ei eiga etnisk gruppe. medan andre meinte deira særpreg kom «av det liv deres foreldre hadde ført som omreisende og den ervervsvirksomhet mange av gruppen fortsatt driver med i form av omførselshandel». <sup>203</sup> Av dei 70-80 personane utvalet hadde kontakt med hadde alle «hatt kontakt med og synes å føle tilknytning til Misjonen». <sup>204</sup>

Med dette viser forteljinga å handle, ikkje om ei særeigen folkegruppe, men heller om ein *identitetskategori*. Det er nærliggande å seie at den passar med Rüsen sine *tradisjonsforteljingar* då den kan seiast å vere ei forteljing om opphav til dagens situasjon. Men der Rüsen viser til eit evighetsperspektiv i slike forteljingar, har denne forteljinga ein bestemt tidshorisont. Kategorien «omstreifer» oppstod med Eilert Sundt på midten av 1800-talet og opptrer som

---

<sup>201</sup> NOU 1980: 42, s. 24

<sup>202</sup> NOU 1980: 42, s. 33

<sup>203</sup> NOU 1980: 42, s. 33

<sup>204</sup> NOU 1980: 42, s. 33

uendra fram til den blir problematisert i denne NOU'en. Denne forteljinga står på eigne bein som ei sjølvstendig forteljing om ein identitetskategori. Men det er ikkje som *hovudforteljing* den gjer seg gjeldande, men heller som ei *sideforteljing* som bidreg til å bygge opp under hovudforteljinga. Dette viser seg i møte med ei anna forteljing som i stor grad pregar NOU'en. Her vart det nemleg ikkje berre fortalt om omstreifarkategorien, men også om Norsk Misjon blant hjemløse.

Kap. 6 er i sin heilheit via Misjonen, medan påfølgjande kapittel til og med kapittel 12 omhandlar Misjonens arbeide, institusjonar og statlege investeringar.<sup>205</sup> I kap. 6 vert sjølve opprettinga omtalt, med utgangspunkt i Sokneprest Jacob R.S. Walnum sitt initiativ i 1893. Opprettinga av «fanteregisteret» vart nemnd, der Walnum samla inn tallmatriale for å kunne føre eit register over kven som var omstreifarar, og at oppretting av «Foreningen til Motarbeidelse af omstreifervæsenet» vart gjort 1. juli 1897.<sup>206</sup> Utvalet gav ein gjennomgang av Misjonens historie, med vedtekter, namneendringar (Norsk misjon for hjemløse i 1935), geografisk spreidning, oppretting av komitéar, kretskontor og institusjonar.<sup>207</sup> Svaneviken Familiesenter, som vart kalla eit «sentralt ledd» i Misjonens arbeide, fekk også sitt opphav omtalt. «I 1898 fikk foreningen som gave fra fru Augusta Astrup en stor eiendom i Eide kommune i Møre og Romsdal som skulle benyttes til dette formål, og det ble etablert en stiftelse med navnet Svanviken».<sup>208</sup> Det vart sitert frå skjøtet datert 28. april 1902, og vist til statutar for stiftelsen. Det vart også gjeven ein gjennomgang av ståa for institusjonen i dåtid, med blant anna budsjett, eigedom, bemanning og arbeidsmåte. Utvalet viste også til samtalar dei har hatt med både klientar og tilsette på familiesenteret.

I si vurdering av Svaneviken sa utvalet at «Situasjonen for omstreiferne har endret seg vesentlig i årene siden 1908. Tallet på virkelig streifende personer har gått drastisk ned».<sup>209</sup> Om organiseringen og arbeidsfordelinga for omstreifarane i Misjonen, som til dømes at kvinner får vaskejobbar og menn får snekkerjobbar, sa utvalet at «Som det nå er utformet, bygger det opp under et kjønnsrollemönster man ellers i samfunnet søker å komme bort fra».<sup>210</sup> Svaneviken representerer, sa utvalet, «vesentlige resurser, både hva personell og bygninger angår».<sup>211</sup>

---

<sup>205</sup> NOU 1980: 42, s. 5

<sup>206</sup> NOU 1980: 42, s. 35

<sup>207</sup> NOU 1980: 42, s. 35-37

<sup>208</sup> NOU 1980: 42, s. 42

<sup>209</sup> NOU 1980: 42, s. 51

<sup>210</sup> NOU 1980: 42, s. 52

<sup>211</sup> NOU 1980: 42, s. 52

Utvalet ville ikkje tilrå fortsatt drift, men meinte «institusjonen også i fremtiden [bør] kunne dekke et behov i helse- og sosialtjenesten». <sup>212</sup> I stortingsdebatten var det altså eit spørsmål om Misjonens arbeide sørmede seg i samanheng med tidas moral som var gjeldande. I utsegna over finn ein det same. Her viste utvalet til det umoderne ved eksisterande ordning, til eit kjønsrollemönster som ikkje lengre var moralsk gangbart. I samanheng med forteljing er dette interessant då det viser til ei endring. Ikkje hjå Misjonen eller omstreifarane, men i samfunnets forståing av kva som var gjeldande moral.

I si vurdering av Misjonens arbeid med busetjing sa utvalet at «Det syntes ganske klart at Misjonens bosettingshjelp har fått et annet preg, og går lengre enn opprinnelig forutsatt fra statens side». <sup>213</sup> Dei viste til at Misjonen i større grad enn dei burde hadde flytta busatte omstreifarar til nye boligar. Utvalet sa «bosettingen startet i en tid da omstreiferne virkelig var en gruppe mennesker som hovedsakelig levde på landeveien, som streifet rundt uten bopel». <sup>214</sup> Vidare antyda utvalet «en avviklingsperiode for Misjonens bosettingarbeid på 4-6 år etter det er tatt standpunkt til denne innstilling og forutsatt at de ikke blir opprettet et statlig bosettingsorgan». <sup>215</sup> I vurderinga av Misjonens barnevernsarbeid sa utvalet blant anna at «...det har skjedd nærmest med stilteiende godkjenning fra Sosialdepartementet når utgifter er dekket for alle barn av omstreiferslekt, uansett om foreldre er fastboende eller ikke...». <sup>216</sup> «Det kan etter utvalgets oppfatning ikke i det hele tatt godtas at det settes i verk og betales for barneverntiltak uten vedtak av en barnevernsnemnd». <sup>217</sup> Det hadde foregått ein «utglidning» i forbindelse med «forebyggende tiltak og ettervern», ifølge utvalet. Misjonen hadde foretatt utbetalingar utan vedtak frå nemnd, noko som har ført til sterke auke i utgifter. Utvalet sa difor at «...det [bør] bli helt slutt på at Misjonen setter i verk og dekker utgifter til slike tiltak». <sup>218</sup>

Tross denne kritikken av Misjonens arbeide vart dens verdi likevel fremja. I kapittel 12, om Misjonen som service-institusjon, vart det sagt at «Det er ingen annen instans som har den personalkunnskap som Misjonen sitter inne med og heller ikke de erfaringer frå praktisk arbeide med dette klientel som Misjonen har». <sup>219</sup> Dette bidreg til forteljinga om Misjonen, ved å seie

---

<sup>212</sup> NOU 1980: 42, s. 53

<sup>213</sup> NOU 1980: 42, s. 61

<sup>214</sup> NOU 1980: 42, s. 64

<sup>215</sup> NOU 1980: 42, s. 65

<sup>216</sup> NOU 1980: 42, s. 70

<sup>217</sup> NOU 1980: 42, s. 70

<sup>218</sup> NOU 1980: 42, s. 71

<sup>219</sup> NOU 1980: 42, s. 84

noko om kvar Misjonen hadde enda opp. Denne forteljinga kan oppsummerast i ei minimumforteljing: Misjonens arbeide byrja som eit gryande naudsynt sosialpolitisk hjelpetiltak på statens vegne, før det vaks via ekspansjon og suksess fram til dåtida der Misjonens måte å arbeide på har både sklidd ut under manglande statleg oversyn og i tillegg vorte forelda.

I kapittel 13 er «Særbestemmelser om omstreifere i lovgivningen» omtalt. Her tok utvalet for seg § 7 og § 8 frå løsgjengerloven, og § 16d frå sosialomsorgsloven. Fyrstnemnde paragraf sa, på tidspunktet utvalet gjorde si vurdering av den, at politiet kan forvisa til eigen bolig dei som «hengiver sig til ørkesløshet eller driver omkring, opholder sig utenfor sitt bosted og ikke på opfordring etter §3 gjør rede for sine erhvervskilder på tilfredsstillende måte». <sup>220</sup> Dei som ikkje kunne gjere rede for eigen bopel kunne haldast av politiet. § 8 sa staten skulle refundere kommunale utgifter i forbindelse med sosialhjelp til omstreifarar med eigen bolig, jamfør §f 7. Sosialomsorgslovens § 16d sa at utgifter for sosialhjelp til bustadlause skulle refunderast av staten, anten peronen er «omstreifer eller tilhører gruppen «bostedsløse»». <sup>221</sup> Utvalt spurde også landets 53 politimestre om i kva grad lovane vart nytta på dåverande tidspunkt og om lovane burde opphevast. 19 av dei 53 spurde gav ikkje svar. Utvalt oppfatta det slik att desse ikkje hadde innvendigar mot å fjerne lovane. 27 av politimestrane meinte lovane kunne opphevast. Nokre av svara er refererte i dokumentet. Politimesteren i Arendal sa blant anna «... Man har for øvrig inntrykk av at omstreifere i egentlig forstand snart er en sagabrott». <sup>222</sup> Politimesteren i Uttrøndelag sa dei har fleire fastboande «reisende», men utan at dette har ført til nok bruk av § 7. På bakgrunn av det kunne han «ikke se at det foreligger noe grunnlag for å opprettholde de nevnte særbestemmelser i Lgl. §7». <sup>223</sup> Politimesteren i Nordmøre ville halde på loven for at bustadskommune til omstreifar då ville ha «større mulighet for å gjøre noe eller føre kontroll med denne enn en tilfeldig oppholdskommune kan». <sup>224</sup> Felles for alle dei refererte svara, anten dei var for eller mot oppheving av deler av lausgjegarloven, er at ingen sa dei nyttar særbestemmelsane i nokon særleg grad.

Det er fleire interessante poeng å hente i dette. For det fyrste virka omstreifarkategorien å nok ein gong bli utfordra, særleg av uttalelsen om at den snart var ein «sagabrott». For det andre

---

<sup>220</sup> NOU 1980: 42, s. 85

<sup>221</sup> NOU 1980: 42, s. 90

<sup>222</sup> NOU 1980: 42, s. 87

<sup>223</sup> NOU 1980: 42, s. 87

<sup>224</sup> NOU 1980: 42, s. 88

seier det mykje at utvalget faktisk gjorde denne undersøkinga. Saman med henvisning til tidlegare forsking, Eilert Sundt og Kaspar Flekstad, virkar denne undersøkinga vise at utvalet var *forskande*. Til samanlikning med saksgongen rundt sigøynarane, der dei som forma politikk først og fremst gjekk til eige historiemedvit for å hente kunnskap, virkar utvalet her å i større grad undersøke korleis det eigentleg var. Det er nærliggande å seie at dei i større grad framstår som forskarar, eller til og med i nokon grad *historikarar* då dei forsøkte å nærme seg sanninga om tilhøvet mellom notid og fortid.

Utvalet meinte at då det viste seg at lovane «i svært liten utstrekning blir brukt» og at politimestrane med berre få unntak «finner at det ikke lenger er grunn til å opprettholde særbestemmelsene vedrørende omstreiferne»,<sup>225</sup> ikkje lenger var grunn til å oppretthalde lovane «ut fra ordenmessige hensyn».<sup>226</sup> «Man har», sa utvalet, «ikke lenger særlig tro på bruk av tvang i samband med sosiale hjelpetiltak», og gjekk difor inn for å «oppheve de deler av løsgjengerlovens § 7 som spesielt omhandler omstrefiere».<sup>227</sup> I si vurdering av lausgjengarlovens §8 og sosialomsorgslovens § 16d, som begge omhandlar statleg refusjon av utgifter i forbindelse med busetjing, sa utvalet at dei ikkje ville «foreslå at statsrefusjon for sosialhjelp til omstrefere skal falle helt bort», men at det måtte bli slutt på «særbehandling av omstrefere som egen gruppe».<sup>228</sup> Utvalet meinte «de bør behandles som andre bostedsløse som blir bosatt».<sup>229</sup>

I vurderinga av barnevernslovens § 63 sa utvalet at «barnas avstamming og slektstilhørighet ikke i seg selv bør gi grunn til å skille den ut som en egen gruppe i forhold til barneverntiltak».<sup>230</sup> Om dette hadde også Misjonen innspel. I april 1979 sendte dei eit brev til utvalet, der Misjonen poengterer det særeigne ved omsstreibarfgruppa og nødvendigheten av særomsorg for dei. Misjonen viste til at funksjonshemma hadde eigne særtiltak og uttalte at «Få grupper i vårt folk er til de grader funksjonshemmde som omstrefergruppen».<sup>231</sup> For Misjonen vart det viktig å «å finne ordninger som kan kompensere deres manglende funksjonsevne».<sup>232</sup> Her virkar Misjonens eiga forteljing om omstrefarane å likne den ein finn i saksongen om sigøynarane,

---

<sup>225</sup> NOU 1980: 42, s. 88

<sup>226</sup> NOU 1980: 42, s. 88

<sup>227</sup> NOU 1980: 42, s. 88

<sup>228</sup> NOU 1980: 42, s. 94

<sup>229</sup> NOU 1980: 42, s. 94

<sup>230</sup> NOU 1980: 42, s. 100

<sup>231</sup> NOU 1980: 42 s. 102

<sup>232</sup> NOU 1980: 42, s. 102

der den særskilde gruppa først og fremst skilde seg ut grunna sin svakheit. Misjonen sjukleggjorde gruppa og viste til ein tankegong som passar med måten ein tenkte helsepolitikk på, iallefall på 1960-talet. Særeigenhet trond særomsorg. Om særomsorga var segregerande vart ikkje drøfta hjå Misjonen. Elles i dokumentet finn ein omtale av ei samfunnsutviklinga der moralen endrar seg. Men ikkje her. I forteljinga til Misjonen var ikkje den moralske utviklinga noko problematiserande for arbeidet.

I dette ligg eit viktig funn. Den forteljingskomponenten som kan seiast i størst grad å byggje opp under det naudsynte med politiske tilltak er *endring*, samfunnets moralske utvikling. Det er denne utviklinga som gjer at ein vurderte om gjeldande ordning fortsatt var moralsk gangbar. Då denne endringa ikkje er tilstades i narrativet finn ein at dei politiske tiltaka heller ikkje virkar naudsynte. Dette viser korleis det eksisterande vart utfordra av ei *kritisk forteljing*. Tradisjonsforteljinga (med begrensa tidshorisont, vel å merke) som Misjonen vidarefører i si forteljing, møter ei kritisk forteljing som ristar laus «the validity of traditional patterns for», ikkje «womenhood» som hjå Rüsen, men for omstreifarane, «thus opening minds for alternatives». <sup>233</sup> Med det vart historiemedvitet til utvalet endra. Tradisjonsforteljinga om minoritetane gjekk frå å vere ei *minoritetsforteljing*, som handlar om ei etnisk gruppe, til ei *identitetskategoriforteljing*, som handla om opphavet til og framveksten av ein sosio-økonomisk kategori som vart gjeven arv som eigenskap av dei som forvalta definisjonen av kategorien.

I alt over finnes det altså fleire forteljingar. Ein finn forteljing om både Misjonen, om omstreifarkategorien og om samfunnsutviklinga. Dei to fyrstnemnde meiner eg betre kler omgrepene *sideforteljing*, heller enn omgrepene *hovudforteljing*, då dei virkar å byggje opp under hovudforteljinga, heller enn å kle den rolla sjølv. Denne hovudforteljinga handlar om korleis samfunnet har endra seg og gjort Misjonen og omstreifarkategorien til utdaterte ordningar. I dette finn ein kimen av den politiske grunnforteljinga eg fann i saksgongen for sigøynerane, ei *samfunnsutviklingsforteljing*. Misjonen får heile si historie fortald, frå opphav og fram til NOU`ens nedskriving. Det er ein suksessforteljing med ein bitter slutt, då utvalet meinte det var på tide å ta ansvaret frå dei. Dei er ikkje lenger dei rette til å forvalte det. Omstreifarane si forteljing vart nært knytta til Misjonens si. Det vil seie, det er som nemnt eigentleg ikkje ei forteljing om omstreifarane, men heller ei forteljing om omstreiferkategorien. Dei som fell inn

---

<sup>233</sup> Rüsen, Jörn, 1987, s. 92

under kategorien, anten dei er taterar, dimiterte soldatar, utanlandske fattigfolk, fantar e.l, får i liten grad si fortid skildra. Deira historie byrjar først med Eilert Sundt og hans fanteregister på midten av 1850-talet. Misjonen vidareførte Sundt sitt arbeide på bakgrunn av hans register og laga ei særomsorg på grunnlag av ein kategori dei sjølve var bidragsytande til å konstruere og oppretthalde.

Med dette vert det innlysande at ein lyt fortelje om Misjonen og omstreifarane i same andedrag. Dei er begge avhengig av kvarandre for å eksistere. Misjonen er særleg retta mot omstreifarane som ein særeigen kategori, medan omstreifarkategorien virka å eksistere fordi dei vart særskild handterte som ei gruppe. Mykje av NOU`en tek for seg utvalet si oppdaging av aspekt som strid imot det særeigne ved omstreifargruppa. Dei klara til dømes ikkje finne fellesrepresentant for dei då dei skal setje saman utvalet, dei finn historiske argument som taler mot omstreifarane som etnisk gruppe i Flekstad si forsking og dei finn at kategorien ikkje ein gong eksisterte i Sverige og Danmark. Det var heller ikkje innad i omstreifergruppa einighet om at dei er *ei* minoritetsgruppe. Fellesnemninga for gruppa var difor ikkje slekt eller arv. Fellesnemninga var Misjonen.

Tross dette vart Misjonen sitt tidlegare arbeide gjennomgåande omtalt som både som naudsynt og positivt, lik det var i stortingsdebatten. Arbeidet deira har vore godt, fram til no. Den har blant anna ført til ei auka busetjing av omstreifarane. Verken Misjonen eller omstreifarane hadde endra seg på ein måte som gjorde at ein trond ny politikk. Utvalet sa til og med at omstreifergruppa hadde endra seg i positiv retning grunna Misjonens arbeide. Spørsmålet om endring var altså ikkje grunna på at omsorgspolitikken ikkje virka. For det som i størst grad hadde endra seg slik at det var naudsynt med ny politikk, var stat og samfunn. Måten ein arbeide på var ikkje moralsk foreineleg med tida ein levde i. Dermed får ein ei hovudforteljing der samfunnsutviklinga er pådrivaren for endring. Ved Misjonens byrjing tok dei på seg eit arbeid staten burde gjort sjølv. No hadde staten modnast og utvikla seg slik at den var betre skikka til å løyse oppgåvene enn Misjonen var. Det var på tide at staten overtok det ansvaret Misjonen har forvalta. *Hovudforteljinga* vart ei forteljing der statens moralske syn hadde utvikla seg slik at ein ikkje lenger kunne tillata ei særhandtering av omstreifarane, ei *samfunnsutviklingsforteljing*. Difor sa utvalet i si tilråding at den eksisterande ordninga, der Misjonen tok seg av særomsorga for omstreifarane, måtte opphøyre.

Utvalet virkar i innleiinga i NOU`en å starte med ei forståing lik den ein finn i stortingsdebatten, der omstreifarane var ei særeigen etnisk gruppe. Etter kvart dukka det altså opp ei kritisk

forteljing, som eg kallar identitetskategoriforteljinga, som eit resultat av utvalet si forsking. Med det vart denne forståinga, og med det også *historiemedvitet* til utvalet, endra. Her er det historia sjølve som legg føringane for endringa då, utvalet gjekk til fortida for å finne ut korleis det heile eigentleg hang saman. Historia spelar dermed ei autorativ rolle i denne NOU`en. Tilrådinga om å fjerne eksisterande ordning er eit direkte resultat av at utvalet gjekk til fortida og fann ut at omstreifarane ikkje var ei særeigen gruppe.

### 3.3 Forteljingar og historias rolle

I stortingsdebatten og i NOU`en finn ein både likskap og skilnadar på korleis det vert fortald om fortida. Den største av skilnadane er omtalen av omstreifarane som ei særeigen gruppe. Det som virkar som ei delt forståing i debatten vart utfordra i NOU`en ved å undersøkje omstreifarane si fortid. Misjonen vart omtalt stort sett i positive ordlag. I NOU`en vart Misjonen kritisert for å til tider ha gått ut over sitt mandat. Men, ansvaret for dette vart plassert hjå staten, ikkje hjå Misjonen. Det hadde, som nemnt, skjedd med «stilletiende aksept» frå myndighetene. Forutan dette vart Misjonen sitt arbeide omtalt som naudsynt og til ein viss grad vellukka, både i debatt og NOU. Omstreifarane var i større grad enn før busette. Problemet var heller ikkje manglande tilskikta effekt av sosialomsorga. Problemet som då kravde endringar var først og fremst at måten Misjonen løyste oppgåvene sine på ikkje var forenlig med tida ein levde i.

Hovudforteljinga i både stortingsdebatten og i NOU`en vart då ei forteljing om eit samfunn og ein stat der den moralske utviklinga hadde gått lengre enn den hjå Misjonen. Følgjeleg vart desse hovudforteljingane også ei *saksgongens grunnforteljing*. Velferdsgjeringa av samfunnet gjorde staten betre egna til å ta seg av omstreifarane enn dei som hadde forvalta sosialomsorga for omstrefarane fram til dåverande tid. Det var den moralske utviklinga som var drivkrafta bak forslaget om politisk endring. Saksgongens grunnforteljing var difor, lik den var for saksgongen om sigøynarane, ei *samfunnsutviklingsforteljing*. Ein finn det i Skard sitt spørsmål om «Kan vi være bekjent av å by folk slike vilkår?»<sup>234</sup>, med referanse til dei eksisterande ordningane Misjonen styrer. Ein finn det hjå Sosialminister Halvorsen som ville setje ned eit utval for å vurdere blant anna den eksisterande lovgjevinga «for å se på dette arbeid i lys av den utvikling som har vært ellers i samfunnet».<sup>235</sup> I NOU`en finn ein dette i den uttalte haldninga som er noko av hovedgrunnen til dei foreslårte endringane i lovverket. Det må, sa utvalet, bli slutt på

---

<sup>234</sup> Stortingstidende 1974-75, s. 3718

<sup>235</sup> Stortingstidende 1974-75, s. 3729

«særbehandling av omstreifere som egen gruppe».<sup>236</sup> Det var ikkje moralsk gangbart lenger. I tillegg gjekk utvalet til omstreifarane si fortid og avdekka det konstruerte ved den. Dei gjorde nytte av historie for å vise at kategorien i seg sjølve var bidragsyande til segregering.

Dette peika på tre spesifikke aspekt ved gjeldande politikk: 1. Særomsorga for omstreifarane var i seg sjølv segregerande ved at den skilde ut omstreifarane som ei eiga gruppe med særeigne behov. 2. Måten særomsorga vart gjort på var ikkje lenger foreineleg med den tids moral. 3. Omstreifarkategorien var konstruert og slettes ikkje eintydig etnisk gruppe. Det var ikkje *ei* minoritetsgruppe, men heller ein sosioøkonomisk kategori som var gjeven arv og slektskap som eigenskap.

I dei to siste av desse punkta var det utvalet si nyttegjering av historie som bidrog til dei forslaga til politisk endring punkta ber om. Det ligg ei vurdering av fortidas moral opp mot den rådande moral frå utvalets tid til grunn for punkt 2. Misjonens arbeide *var* bra i forhold til tida den oppstod i. I alle fall betre enn det samfunn og stat stod for. Men samfunnet endra seg. I siste punkt er det heilt konkret eit forhold til omstreifarane sin historie som endar med behovet for endring. Utvalet nytta forsking, både frå Sundt og Flekstad, men gjorde også eigne undersøkjingar. Forteljinga om omstreifarane gjekk då frå ei minoritetsforteljing til ei identitetkategoriforteljing. Kategorien byrja å eksistere rundt 1850, då Eilert Sundt registrerte dei han meinte høynde til under omstreifarkategorien. Alle desse punkta peikar mot ei og same politiske handling: Fjerninga av særomsorga for omstreifarane.

Historia si rolle i denne samanhengen vart avgjerande, ikkje berre for *at* ein ynskte ny sosialpolitikk, men også for korleis den nye sosialpolitikken skulle implementerast. Historia bestemnde her politikken. Det var ved å sjå til omstreifarane si fortid at den fellesforståinga frå stortingsdebatten, om omstreifarane som ei særeign gruppe, vart utfordra. Den kritiske forteljinga endra korleis utvalet såg på omstreifarane som gruppe. Utvalet liknar i nokon grad historikarar i måten dei arbeide på då dei forsøkte å nærme seg sanninga i fortida ved forsking. Med det får ein ei endring av historiemedvit med grunn i historieforskning. Det var i forståinga av vår tids moral versus fortidas moral at eit behov for politisk endring meldte seg. Men det var også ved å sjå til Misjonen si fortid at ein enda med ei sosialpolitisk løysing som gav Misjonen tid til å gå dei nye endringane i møte. Misjonens arbeid hadde vore naudsynt og til ein viss grad virka, meinte utvalt. Mykje av deira kunnskap og erfaring var for god til å forkastas. Her var

---

<sup>236</sup> NOU 1980: 42, s. 94

det naudsynt med ei gradvis nedtrapping heller enn ei direkte avslutting av Misjonen som omsorgsforvaltar. Utvalet kom til og med med forslag til nye område Misjonen kunne fortsette å jobbe med, då dei ikkje ville legga Misjonen død. Dei ville heller pensjonere den då arbeidsmåten var forelda og ikkje lenger passar inni det moralske landskapet i eit moderne samfunn. Den politiske løysinga iverksatt vart også å trappe ned subsidier til Misjonen. Frå NOU`en vart overlevert Sosialdepartementet i 1980 går det heile 9 år før staten har overtatt heile omsorgsforvaltninga frå Misjonen. 9 år til omstilling, til erfaringsoverføring og til å finne noko å bruke pensjonisttilværelsen på.

Frå debatt til NOU skjedde det ei viktig endring. Synet på omstreifarane som ei særeigen gruppe vart utfordra i NOU`en. Samanhengen mellom Misjonen og omstreifarane var, som eg omtalte i analysa av NOU`en, symbiotisk. Dei var begge, som omsorgsforvaltar og som identitetskategori, avhengige av kvarandre. Ein av konsekvensane ved å fjerne særomsorga vart difor å fjerne eksistensgrunnlaget for denne symbiosen. Misjonen som forvaltar av særomsorg vart som nemnt pensjonert og lever vidare som Kirkens sosialtjeneste. Omstreifarkategorien derimot, er omrent lagt død. I søk i dei digitale arkiva til nasjonalbiblioteket, Stortinget og Regjeringa finn ein berre sporadiske omtalar av omstreifarane etter 1989, då som referanse til fortida, til tidlegare namn på romanifolket, eller med referanse til *NOU 1980: 42*. Her har den politiske historiebruken vore bidragsytande til meir enn berre sosialpolitisk endring. Ved å prøve å fortelje om fortida *slik den eigentleg var*, vart den kollektive forståinga av omstreifarane som særeigen gruppe endra. Dermed har historiebruken, som i dette tilfellet har sin grunn i forsking, bidrige til ei endring av eit kollektivt politisk historiemedvit.

## 4 1997-2001: Forteljingar om nasjonale minoriteter

Dei politiske vedtaka rundt sigøynarane endte med ei oppretting av ei eiga særomsorg retta mot ei etnisk gruppe. For omstreifarane endte det med fjerning av ei særomsorg og at ein i nokon grad viska sjølve omgrepet «omstreifer» vekk frå det politiske vokabularet. Felles for begge desse var at dei saksgangane og problemstillingane som låg til grunn for dei i stor grad var nasjonale og på det sosialpolitiske felt. For dokumenta som omhandlar dei nasjonale minoritetane i Noreg, som eg analyserer i følgjande kapittel, finn ein noko av grunnlaget i ei større internasjonal utvikling.

Noreg var eit av dei ti fyrste landa som skrev under avtala om oppretting av Europarådet i 1949.<sup>237</sup> Denne mellomstatlege organisasjonens formål var og er å få til ein «større enhet mellom medlemslandene for å trygge og virkeligjøre de idealer og prinsipper som er deres felles kulturarv, og for å lette deres økonomiske og sosiale fremgang».<sup>238</sup> Frå 1949 og fram til dags dato har fleire konvensjonar vorten forma og underteikna av medlemslanda. Konvensjonane omhandlar menneskerettar, minoritetar, demokrati, kultur og rettslege samarbeid. For minoritetar er det to konvensjonar som i denne samanhengen er viktige. I 1992 vart *Europeisk pakt om regions- eller minoritetsspråk* vedtatt. Den vart signert og ratifisert av Noreg i 1993 og tredde i kraft i 1998. I 1995 signerte Noreg *Europarådets rammekonvensjon om beskyttelse av nasjonale minoriteter*.

For Noreg sin del resulterte dette i politiske vedtak som danna ein ny identitetskategori i Noreg. Konfliktane i Sentral- og Aust-Europa rundt tiårskiftet 1990 bidrog til forsterking av eit behov for å skape eit skydd for minoritetsgrupper. Dette vart igjen bidragsytande til at Europarådet skisserte opp tidlegare nemnte rammekonvensjon om beskyttelse av minoritetar. I konvensjonens fortale står det blant anna: «[Europarådets medlemsland] som tar i betraktnign at omveltingene i europeisk historie har vist at beskyttelsen av nasjonale minoriteter er avgjørende for stabilitet, demokratisk sikkerhet og fred på dette kontinent».<sup>239</sup> Noreg var eit av over 20 land som signerte. Dette felles europeiske samarbeidet om menneskerettar førte til oppretting av eit samleomgrep for fleire etniske grupper, kalla «nasjonale minoriteter». I

---

<sup>237</sup> Europarådet, Skåre, Mari, 2000, Forord av Jagland, Thorbjørn

<sup>238</sup> Europarådet, Skåre, Mari, 2000, s. 10

<sup>239</sup> Europarådet, Skåre, Mari, 2000, s. 152

etterkant av denne signeringa vart det i Noreg generert både politisk sakprosa og debatt som omhandla ratifiseringa av den, og kven som skulle inngå i kategorien.

Noreg ratifiserte ikkje konvensjonen før i 1998. Ein av grunnane til dette var at ein ikkje hadde klart kven det var som skulle felle inn under kategorien «nasjonal minoritet». Frå 1995 til 1998 gjorde myndighetene utstrakt kunnskapsinnsamling der dei blant anna spurde fleire minoritetsorganisasjonar om deira syn på kategorien «nasjonal minoritet». Avgjersla om kven som tilhørde minoritetane var på dette tidspunkt altså ikkje tatt. I *Stortingsmelding nr. 21 (1999-2000) – Menneskeverd i sentrum. Handlingsplan for menneskeretter* frå utanriksdepartementet, vart den kommande stortingsmeldinga om dei nasjonale minoritetane flagga.<sup>240</sup> I denne meldinga er omtalen av dei nasjonale minoritetane avgrensa til fem grupper: «Regjeringen vil legge frem en stortingsmelding om nasjonale minoriteter i 2000, som vil gjøre nærmere rede for politikken overfor kvener, skogfinnar, romanifolket (tatere/de reisende), rom (sigøynere) og jøder».<sup>241</sup> I 2000 gav Kommunal- og regionaldepartementet ut *Stortingsmelding nr. 15 (2000-2001) Nasjonale minoritetar i Noreg*. I den var jødar, kvener, rom, romanifolket og skogfinnar offisielt anerkjent som nasjonale minoritetar.

I dette kapitlet analyserer eg politisk sakprosa frå etter signeringa av *Europarådets rammekonvensjon om beskyttelse av nasjonale minoriteter* og fram til *Stortingsmelding nr. 15 (2000-2001)* vart godkjend i statsråd 8. desember 2000. Det første dokumentet er *Stortingsproposisjon nr 80. Om ratifiseringen av Europarådets rammekonvensjon om nasjonale minoriteter*. Dette er eit dokument frå Utanriksdepartementet til Stortinget der dei tilrådde at Noreg skulle ratifisere nemnde rammekonvensjon. Denne vart etterfølgt av ei innstilling frå utanrikskomiteen og ein kort debatt på Stortinget. Både innstilling og debatt er så kortfatta at eg tek dei med i analysa av stortingsproposisjonen, heilt til slutt i kapitlet. Deretter gjer eg ei analyse av *Stortingsmelding nr. 15 (2000-2001): Nasjonale minoritetar i Noreg - Om statleg politikk overfor jødar, kvener, rom, romanifolket og skogfinnar*. Forutan sjølve stortingsmeldinga har eg sett på innstillinga frå kommunalkomitéen og på debatten som fylgte i etterkant. Denne stortingsmeldinga var den første heilskaplege politikkskipinga retta mot dei nasjonale minoritetane som gruppe og følgjeleg eit særskilt dokument i denne analysen.

---

<sup>240</sup> St.Meld. nr. 21 (1999-2000), s. 66-67

<sup>241</sup> St.Meld. nr. 21 (1999-2000), s. 66

Det finnes annan sakprosa som i nokon grad omtaler nasjonale minoritetar frå denne perioda, i tillegg til dei eg nyttar som grunnlag for mi analyse. *Stortingsmelding nr. 17 (1996-97) Om innvandring og det flerkulturelle Norge* og *Stortingsmelding nr. 21 (1999-2000)* inneheld begge omtale av minoritetetsgrupper som no fell inn under omgrepene «nasjonale minoriteter».<sup>242</sup> I sistnemnde vert det også, som nemnt tidlegare, flagga eit tiltak som tek sikte på å gjere det arbeidet som resulterer i *Stortingsmelding nr. 15 (2000-2001)*. Desse er likevel ikkje med i analysa då dei i størst grad omhandlar nyare innvandring, ikkje dei nasjonale minoritetane. Dei tilhøyrer i mindre grad den saksgangen som prosessen frå signeringa av *Europarådets rammekonvensjon om beskyttelse av nasjonale minoriteter* og fram til Stortingsmelding nr. 15 (2000-2001) vart godkjend i statsråd har generert. I mitt utval av kjelder finn ein konkrete tiltak som byggjer på kvarandre og som endar med konkret og praktisk gjennomført politikk som dannar ein heilt ny norsk identitetskategori.

Eg byrjar med Stortingsporposisjon nr. 80 (1997-98). Etter signering av rammekonvensjonen og høyringar med interesserte partar føreligg dette dokumentet Stortinget i juni i 1998.

## **4.1 Stortingsproposisjon 80 (1997-98) – Om samtykke til ratifikasjon av Europarådets rammekonvensjon av 1. februar 1995 om bekjyttelse av nasjonale minoriteter**

Dokumentet er ei tilråding frå Utanriksdepartementet og vart godkjent i statsråd 18. juni 1998. Det har 7 kapittel fordelt på 22 sider, og 3 vedlegg. Fyrste kapittel er eit samandrag av dokumentets innhald. Dei neste kapitla tek for seg sjølve rammekonvensjonens bakgrunn og innhald, omgrepene «nasjonale minoriteter», merknadar til enkelte artiklar i konvensjonen, administrative og økonomiske konsekvensar og høyringsutsegn. I siste kapitlet vart det gjeven ein konklusjon og ei tilråding. Som vedlegg til stortingsproposisjonen finn ein Europarådets rammekonvensjon om beskyttelse av nasjonale minoriteter på norsk, engelsk og samisk. Det vil seie at det i hovudsak er Utanriksdepartementet sitt historiemedvit, representert via forteljingane, som er kjelde for mi analyse. Men dette dokumentet inneholder også andre stemmer som fortel andre forteljingar i form av høyringsfråsegn frå etnopolitiske organisasjonar. Kva kontrastar finnes her, desse forteljingane imellom? På kva måte, om på nokon måte i det heile

---

<sup>242</sup> St. Meld. Nr. 17. (1996-97), s.24-26 og St. Meld. Nr. 21. (1999-2000), s. 66-67

teke, skil historiemedvita seg frå kvarandre? Stortingsproposisjonen har ein bestemt funksjon. Den er som nemnt ei tilråding frå Utanriksdepartementet til Stortinget, der departementet *ber Stortinget ratifisere ein rammekonvensjon*. Eg ynsker altså å sjå på samanhengen mellom forteljingar og tilrådinga, for å seie noko om kva rolle historie har i argumentasjonen som ledar fram til dokumentets tilråding. Stortingsproposisjonen ledar som nemnt fram til at identitetskategorien «nasjonal minoritet» vart gjeldande i Noreg. Kva rolle spelar då historie i Utanriksdepartementet si tilråding av ratifiseringa av *Eurparådets rammekonvensjon om beskyttelse av nasjonale minoriteter*?

I innleiande kapittel i stortingsproposisjonen finst ei forteljing om ei utvikling av minoritetsvern som byrjar tilbake til 1500-talet, med framveksten av menneskerettar og menneskerettsinstrument i eit internasjonalt perspektiv. Kolonisering og framvekst av nasjonalstatar «resulterte i historiske kolonitraktater og fredsavtaler som kunne inneholde klausuler om vern av minoriteter».<sup>243</sup> Folkeforbundet frå etter fyrste verdskrig vart nemnd som aktiv innan minoritetsvern, med fleire traktatar som garanterte for skydd av nasjonale minoritetar. Menneskerettighetserklæringa frå 1948 vart nytta som eit «talende eksempel» på at i etterkrigstida har utvikliga av «menneskerettighetsinstrumenter vært preget av en vektlegging av individets rettigheter».<sup>244</sup>

I det heile vart det i dette kapitlet vist til ei rekke forskjellige konvensjonar og dokument frå menneskerettserklæringa i 1948 og opp mot stortingsproposisjonens dato. Ei nærast «Who`s who» innan menneskerettskonvensjonar: Den europeiske menneskerettskonvensjonen frå 1950 (EMK), ILO-konvensjon nr. 107 frå 1957 om urfolk, UNESCO-konvensjon frå 1960 mot diskriminering på utdanningsektoren, FN`s konvensjon frå 1965 om eliminering av rasediskriminering, FN-konvensjonen frå 1966 om økonomiske, sosiale og kulturelle rettar, FN`s barnekonvensjon frå 1989, ILO-konvensjon nr. 169 frå 1989 om «urbefolkninger og stammefolk i selvstendige stater», OSSE sitt København-dokument frå 1990 som blant anna tek for seg skydd av nasjonale minoritetar, FN-erklæring frå 1992 om rettighetar for minoritetar, FN-konvensjon om biologisk mangfald frå 1992 og FN`s erklæring frå verdskonferanse om kvinner i Beijing 1995. I tillegg til desse vart artikkel 27 i FN-konvensjonen frå 1966, om sivile og politiske rettar, framhaldt som sentral. Dette tek form som ei forteljing som kan seiast å passe til både Jörn Rüsen si *utviklingsforteljing* og Peter Aronssons *framstegtropes*. Det vert ei

---

<sup>243</sup> St.Prp. 80 (1997-98), s. 7

<sup>244</sup> St.Prp. 80 (1997-98), s. 7

minimumsforteljing som høyres slik ut: Frå middelalder og fram til i dag kjem det stadig fleire og betre konvensjonar som skyddar minoritetar og som bekreftar og ivaretar menneskerettar.

Europaratet si rolle vart omtalt i eit eige underkapittel. Rådet hadde sidan opprettinga i 1949 vore ein «pådriver på menneskerettighetsfeltet», med den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK) frå 1950 som viktigaste resultat.<sup>245</sup> Det blei også her peikt på ein mangel. Det var lite omtale av nasjonale minoritetar i EMK. Det hadde vore gjort forsøk på å få tilleggsprotokollar til EMK, som omhandla dei nasjonale minoritetane, utan suksess. Noko av grunnen til dette var ifølge stortingsproposisjonen «vanskelenheten med å definere hvem som skal anses som nasjonale minoriteter».<sup>246</sup> Etter eit redusert fokus vart temaet på nytt aktuelt, då politiske omveltingar i Aust- og Sentral-Europa mot slutten av 1980-talet og byrjinga av 1990-talet satte skydd av nasjonale minoritetar på dagsorden igjen. «Første skritt blei tatt gjennom Den europeiske pakt om regions- eller minoritetsspråk av 5. november 1992», og i 1995 vart konvensjonen stortingsproposisjonen omhandlar lagt fram for signering.<sup>247</sup> Vidare, etter ein kort oversikt over hovudinnhaldet i konvensjonen, vart nokon av fordelane ved ein slik konvensjon omtalt. Konvensjonen kan, på same måte som til dømes FN's barnekonvensjon og FN's kvinnekongvensjon, «bidra til å sette fokus på og bedre minoritetars livssituasjon i Europa generelt, men også i Norge».<sup>248</sup> Den er viktig, då den «setter fokus på nasjonale minoriteter og samler en rekke relevante regler i ett folkerettlig instrument».<sup>249</sup> Den gjer betre oversikt over regionalt skydd av minoritetar i Europa og gjer «en rekke detaljerte bestemmelser som supplerer mer generelt utformede bestemmelser i andre konvensjoner».<sup>250</sup>

I analysa av sakprosaen om sigøynarane og omstreifarane var det problemstillingar omkring gruppene som la grunnlag for forteljingane. Det var for sigøynarane sin del eit akutt sosialt problem som trigga dei politiske endringane, og dermed også forteljingane i sakprosaen. Hjå omstreifarane var det også ei sosialpolitisk problemstilling som var utløysande årsak til politiske vedtak. Ein såg eit problem som krav endring og lot historia bidra til å avgjere naudsynte endringar. I dette dokumentet var ikkje behovet for politisk endring framstilt, i den innleiande forteljinga, som utløyst av noko indre nasjonalt og sosialpolitisk problem. Det var heller framstilt som eit resultat av, og del av, ei lengre utvikling. Konfliktar i Sentral- og Aust-

---

<sup>245</sup> St. Prp. 80 (1997-98), s. 8

<sup>246</sup> St. Prp. 80 (1997-98), s. 8

<sup>247</sup> St. Prp. 80 (1997-98), s. 8

<sup>248</sup> St. Prp. 80 (1997-98), s. 9

<sup>249</sup> St. Prp. 80 (1997-98), s. 9

<sup>250</sup> St. Prp. 80 (1997-98), s. 9

Europa var ein framskyndande faktor for ein allereie pågående politisk rørsle. Ein finn her ein «historien om»-forteljing om Europarådets rammekonvensjon om beskyttelse av nasjonale minoriteter. Det er ein konvensjon som kom som ein del av ei internasjonal utvikling i menneskerettar, og som ein konsekvens av internasjonalt viktige menneskerettserklæringer og FN-konvensjonar. Det er ein bruk av historie som gjer legitimitet til ideen om ratifisering av konvensjonen ved å kvile den på ryggen til andre historisk viktige konvensjonar og erklæringer. Historia har altså her ei argumentativ rolle. Den vart nytta som grunnlag for å seie bestemt at ein lyt bidra til at menneskerettsutviklinga fortsett. I denne framstegsforteljinga ligg det eit uutalt premiss om at framsteget må fortsette, og det gjer det, meinte Utanriksdepartementet, ved ratifisering av rammekonvensjonen.

I etterfølgjande kapittel vart omgrepene «nasjonale minoriteter» drøfta med omsyn til «minoritet» og med omsyn til «nasjonal». I dette finn ein føringar for kvifor «nasjonale minoritetar» skil seg frå andre minoritetar. Også her er gjorde dei internasjonale avtalane seg gjeldande. Etter korte gjennomgangar av FN, Europarådet og OSSE sine vurderingar av omgrepa «nasjonal» og «minoritet» gjorde Utanriksdepartementet eigne vurderingar. Kjenneteiken for «minoritet» vart «i mindretall/ikke-dominerende stilling», «Etniske, språklige, kulturelle og/eller religiøse særtrekk», «Felles vilje til å bevare og utvikle egen identitet» og «Statsborgerskap.<sup>251</sup> For «nasjonal» vart «Statsborgerskap» og «Opprinnelig eller langvarig tilknytning til territoriet» berande kjenneteiken. Om langvarig tilknytning vart det vist til at «det har vært antydet krav om at gruppen må kunne vise til minimum 100 års tilknytning til den aktuelle staten».<sup>252</sup> Utanriksdepartementet sa om dette kjenneteiknet, at det er det «som klarest skiller begrepet nasjonal minoritet fra det generelle minoritetsbegrepet». «At nylig innvandrede grupper dermed ekskluderes fra konvensjonens anvendelsesområde, var en klar forutsetning under konvensjonsforhandlingene».<sup>253</sup>

Det interessante med dette kjenneteiknet er at det legg føringar for vidare bruk av historie i vurderinga av kven som skal høyre til kategorien. Her er det eit heilt klart tidsaspekt som vart introdusert i sjølve definisjonen av kven som er nasjonal minoritet. Ein kjem ikkje utanom historia med ein slik fortidsbasert klausul som «opprinneleg eller langvarig tilknytning» kan seiast å vere. Med dette finn ein ei forteljing om ein internasjonal utvikling av meneskerettar som fører til det naudsynte ved å opprette ein ny identitetskategori. Her finn ein sågår

---

<sup>251</sup> St. Prp. 80 (1997-98), s. 11

<sup>252</sup> St. Prp. 80 (1997-98), s. 12

<sup>253</sup> St. Prp. 80 (1997-98), s. 12

diskusjonar om kategoriens form. I saksgongen rundt omstreifarane såg ein den nær 100 år gamle identitetskategoriens død. Her ser ein fødselen av ein ny.

I omtalen av dei norske nasjonale minoritetane vart følgjande sagt: «Følgende norske grupper kan være aktuelle: samer, kvener, skogfinnar, rom, romanifolket (tatere/de reisende) og jøder». <sup>254</sup> Det vart gjort ei presisering, utevla med kursiv: «*Det må imidlertid presiseres at enkeltpersoner har full rett til å avgjøre at de selv ikke ønsker å bli behandlet som tilhørende nasjonal minoritet, se konvensjonens artikkel 3*». Med dette vart det frivillige ved kategorien klargjort. Nasjonal minoritet vart ikkje berre avhengig av kriteria «nasjonal» og «minoritet», men også av sjølvstendige individuelle val. Hjå sigøynarane fann ein også slike forbehold, men der gjaldt frivilligheita nyttegjering av særomsorga. Her gjaldt det sjølve identitetskategorien.

Dei individulle minoritetsgruppene vart omtalt i korte trekk. Gjennomgåande for omtalane var eit fokus på deira tilhørighet til Noreg. Om samane vart det sagt blant anna at «Som urfolk er det klart at samene er en nasjonal minoritet som omfattes av konvensjonens virkeområde». Om Kvenene vart det sagt at dei kom til landet «allereie i middelalderen». Skogfinnane «stammer fra utvandring frå Finland på midten av 1500-tallet». Romanifolket (tatere/ de reisende) «har i fleire århundrer vært en del av den norske befolkningen». Jødane «har også kulturelle særtrekk som de har ivaretatt gjennom sin langvarige historie i Norge». For kvar av gruppene finn ein og omtale av deira kulturelle sær preg, språk og bakgrunn. Kvenene, til dømes, hadde bakgrunn i finsk kultur og språk, Skogfinnane sitt finske språk hadde forsvunnet, men var i ferd med å bli revitalisert, og romanifolket (tatere/de reisende) hadde «særskilt historisk bakgrunn, egne tradisjonelle ervervsmåter og et eget språk: romani». <sup>255</sup>

For minoritetssgruppene sin del finn ein dermed ei felles forteljing som viser at dei oppfyll kriteria for den norske forståinga av nasjonale minoriteter. Det er ei forteljing om deira lange tilhørighet til Noreg og deira språklege, kulturelle og religiøse særtrekk. Konklusjonen i stortingsproposisjonen vart at dei ovannemnte gruppene «oppfyller kriteriene for «nasjonale minoriteter» og omfattes således av konvensjonens virkeområde». <sup>256</sup> Tross denne konklusjonen vart det ikkje tilrådd noko offentleg erklæring av kven som omfattast av konvensjonen. Utanriksdepartementet «foreslår at denne adgangen [til å avgje erklæring] ikke benyttes siden det kan anses som en begrensning av konvensjonens anvendelsesområde, samt vekke utilsiktede

---

<sup>254</sup> St. Prp. 80 (1997-98), s. 12

<sup>255</sup> St. Prp. 80 (1997-98), s. 12

<sup>256</sup> St. Prp. 80 (1997-98), s. 13

reaksjoner blant personer som tilhører de aktuelle gruppene».<sup>257</sup> Samane vart nemnd spesielt som ei gruppe som ikkje ville inkluderast i ein slik erklæring, då dei vil ivareta sin status som urfolk. Også organisasjonar tilhøyrande romanifolket (taterane/ de reisende) hadde protestert. «Dette taler for at Norge ikke gir en erklæring med en oppramsing av de norske gruppene».<sup>258</sup> Det vil likevel, sa Utanriksdepartementet, vere mogleg for grupper og enkeltpersonar å påberopa seg konvensjonens bestemmelser.

Til no finn ein altså ei forteljing om menneskerettsutviklinga samt ei forteljing om minoritetane. Fyrstnemnde har fokus på grunnlaget for ratifiseringa av rammekonvensjonen, og med det også opprettinga av kategorien «nasjonal minoritet». Sistnemnde har fokus på kva som gjer at minoritetsgruppene passar inn i den nye kategorien. Fyrstnemnde forteljing får argumentativ kraft då den handlar om framsteg. Stortingsproposisjonen framstår med det som eit dokument meint å overtyde lesarane om å seie seg samd med deira haldning til ratifiseringa. Dette ser ein også i omtalen av dei administrative konsekvensane. Her vart det vist til eit behov for auka statleg samordning i handtering av enkelte minoritetsgrupper. Kommunal- og regionaldepartementet hadde ei eiga avdeling for samiske spørsmål som også tok for seg noko av saksfeltet som angjekk kvener. Dei andre minoritetsgruppene, jødane, rom, romani (tatere/de reisende) og skogfinnane, hadde ikkje noko eige departement eller avdeling. Dei økonomiske konsekvensane ville vere, ifølge stortingsproposisjonen, eit potensielt auka bidrag frå Noreg som konvensjonspart. Men, «Forøvrig er konvensjonen tolket slik at den ikke innebærer noen nye rettigheter i forhold til eksisterende norsk rett, slik at en norsk ratifikasjon ikke vil medføre økte økonomiske forpliktelser».<sup>259</sup> Her dukkar det altså opp eit politisk behov ratifiseringa av konvensjonen kan dekkje inn. Ein får ikkje berre moglegheita til å gjere naudsynte administrative endringar, ein kan gjere det med hald i eksisterande lovverk utan særlege økonomiske kostnadar.

Kapittel 6 tek for seg høyningsfråsegn. Her finn ein at fleire grupper stilte seg positive til ratifiseringa av konvensjonen. Norske kveners forbund «anbefaler at Norge ratifiserer Europarådets rammekonvensjon».<sup>260</sup> Det mosaiske trossamfund i Oslo og Trondheim var også positive til ratifiseringa sjølv om dei var «i liten grad opptatt av sin minoritetsstatus i forhold til

---

<sup>257</sup> St. Prp. 80 (1997-98), s. 13

<sup>258</sup> St. Prp. 80 (1997-98), s. 13

<sup>259</sup> St. Prp. 80 (1997-98), s. 16

<sup>260</sup> St. Prp. 80 (1997-98), s. 17

å få særordninger eller aktivt markere avstand fra storsamfunnet».<sup>261</sup> Hjå Romanifolket (taterane/de reisende) finn ein missnøye. Her vart det registrert skepsis hjå fleire organisasjonar. Stiftelsen Roma viste til tidlegare urett, til tvangsplassering av folk og barnefrarøvelse. Dei sa «Det blir ikke bedre for det reisende folk om de får status som nasjonal minoritetsgruppe» og «Ingen status som minoritet, verken nasjonal eller etnisk, skal følge oss som et stempel».<sup>262</sup> Også Romanifolkets Landsforening tok opp fortidas urett. Dei uttalte blant anna at «Vi må ikke glemme hva Norge har vært delaktig i, når det gjelder vårt folk, la det aldri skje igjen, vis hensyn». Panelet for folkemøtene blant de reisende sa «Dette forslaget om at de norske reisende, taterne, skal bli stemplet som NASJONAL MINORITET, som en annen innvandrergruppe, har satt sinnet i kok hos folket» og «Det er ille nok at den menige mann ofte viser holdninger mot oss som vi ønsket var borte for lengst, om ikke *myndighetene* skal sette opp nye gjerder og stenge oss ute».<sup>263</sup> Ikkje alle romanifolk-organisasjonar var lika negative. RACON (Rromanifolkets Kommisjonsråd i Norge) såg på konvensjonen som «en konkret og håndfast anerkjennelse etter en lang og vond historie».<sup>264</sup> Dei ynskte snarleg ratifikasjon. Felles for høyringsuttalelsane frå romanifolkets (tateranes/de reisandes) organisasjonar var fokus på fortida. Det var tidlegare urett og undertrykkjing som spela størst rolle for dei i vurderinga av sitt syn på ratifiseringa av rammekonvensjonen. Dei som var negative trakk parallellear mellom fortidas kategorisering og handtering av dei som gruppe, og det nye forslaget om kategorisering som nasjonal minoritet. Dei som var positive såg på ratifiseringa av rammekonvensjonen som eit oppgjer med tidlegare urett. Med dette finn ein kimen til ei forteljing som skil seg ut frå utviklingsforteljinga om den internasjonale menneskerettssrørsla. Her finn ein kimen til ei nasjonal forteljing fortald av minoritetane sjølv, der kategorisering var for nokon negativt og fortida for dei fleste var lada med statlege overtramp.

Det lyt nemnast at ikkje alle etnopolitiske organisasjonar delte dette narrativet. Mosaisk trossamfunn var som nemnt ikkje opptatt av særordningar og avstand til storsamfunn. «Vi ser oss først og fremst som helt integrerte nordmenn med en annen religion og andre tradisjoner enn majoriteten».<sup>265</sup> Hjå dei vart grunnlaget for ratifiseringa også noko prinsipiell, då dei som minoritetsgruppe «forplikter oss til å arbeide for at myndighetene gjennomfører de tiltak konvensjonen inneholder. Vi ser det dessuten som viktig å solidarisere oss med

---

<sup>261</sup> St. Prp. 80 (1997-98), s. 17

<sup>262</sup> St. Prp. 80 (1997-98), s. 17-18

<sup>263</sup> St. Prp. 80 (1997-98), s. 18

<sup>264</sup> St. Prp. 80 (1997-98), s. 18

<sup>265</sup> St. Prp. 80 (1997-98), s. 17

minoritetsgruppene i resten av Europa der noen lever under helt andre forhold enn oss».<sup>266</sup> Her var det inga omtale av fortidig urett.

Etter dette følgjer kommentarar til fleire av artiklane i sjølve rammekonvensjonen, frå både organisasjonar og departement. Til dømes sa Norske Kveners Forbund (NKF) om artikkel 4, som omhandlar likhet for loven og likestilling, at «(d)et er behov for særlege tiltak dersom det skal bli en reell likestilling mellom kvener og den øvrige befolkning». <sup>267</sup> Utanriksdepartementet sa sjølv at «Etter departementets syn gir ikkje art 4 fleire rettigheter enn det som allereie følger av norsk rett og praksis». Mellomkirkelig Råd viste til artikkel 5 og 6 som blant anna omhandla rett til å bevare språk, religion, kultur og unngå assimilasjon. Dei sa «(e)n offisiell beklagelse og oppreisning, og ordninger for erstatning for de som er blir rammet, bør... utredes videre som en naturlig konsekvens av denne ratifikasjonen». <sup>268</sup> NKF viste til artikkel 9, som omhandla ytringsfrihet og retten til å skape og kringkaste radio, fjernsyn og trykte media. Dei ville at «kvener blir gitt økonomiske muligheter til å ha egne medier, aviser, radio og TV» og ynskte støtteordningar for kvensk film, litteratur og teater. Departementet viste til at det i konvensjonen ikkje framgjekk nokon plikt for statlege økonomiske bidrag. Artikkel 11 omhandla blant anna rett til å nytte slektsnamn og tradisjonelle stadsnamn. Med referanse til denne ynskete NKF lovendring «som muliggjør at kvenske slektsnavn igjen kan tas i bruk når kvener ønsker det». <sup>269</sup> Justis- og politidepartementet meinte ordlyden i artikkelen «trekker i retning av at bestemmelsen bare beskytter navn som er i bruk», og ikke retten til å velge navn. <sup>270</sup> Utanriksdepartementet sa den eksisterande loven gjaldt generelt for heile befolkninga og var soleis ikkje diskriminerande og i samsvar med konvensjonens artikkel 11. Dette viser to stillingar i spørsmålet om ratifisering. NKF meinte kvenane ikkje var likestillte og ikkje hadde reell ytringsfridom, og at ratifiseringa av rammekonvensjonen måtte føre til statlege økonomiske stønadars for å rette på dette. Utanriksdepartementet meinte eksisterande lovverk var godt nok og at ei ratifisering ikkje trondgjekk i lovverk.

Fleirtalet av dei som ytrar seg var altså positive til ratifiseringa av rammekonvensjonen. Dei negative haldningane kom saman med referansar til fortida. NKF var spesielt nemnt fleire gongar. Deira framstilling av eiga gruppe var ei framstilling prega av urett. Dei var ikkje reelt

---

<sup>266</sup> St. Prp. 80 (1997-98), s. 17

<sup>267</sup> St. Prp. 80 (1997-98), s. 19

<sup>268</sup> St. Prp. 80 (1997-98), s. 18

<sup>269</sup> St. Prp. 80 (1997-98), s. 19

<sup>270</sup> St. Prp. 80 (1997-98), s. 19

likestilte og dei hadde ikkje reell ytringsfridom. Utanriksdepartementet viste til eksisterande generelle lovverk som gjeld for heile befolkninga og sa seg uenig. Dermed enda ein opp med fleire ulike syn på konvensjonen, alle prega av eit forhold til fortida. Skepsis til konvensjonen var grunna i ei samanlikning av denne nye kategorien «nasjonal minoritet» og tidlegare statlege tilltak og kategoriseringar. Her fekk minoritetane si historie om liding og undertrykkjing ei viktig rolle. NKF viste seg positiv, men også dei nyttegjorde ei forteljing om fortidas urett for å grunngje sin støtte. Dei malte eit bilet av si eiga minoritetsgruppe som fortsatt diskriminert og sa dei trong særleg økonomisk støtte og tiltak for å verta likestilte med storsamfunnet. Forteljingane om minoritetane si fortid frå høyningsfråsegna har ei klart anna form enn den utanriksdepartementet fortalte om dei. Der var liding, urett og diskriminering som prega fyrstnemnde, medan argumenter for «langvarig tilhørelse» prega sistnemnde.

Desse forteljingane virkar å vere sideforteljingar. Begge bygg opp under grunnlaget for tilrådinga om ratifiseringa av rammekonvensjonen, som igjen i størst grad er prega av ei internasjonal forteljing. Følgjeleg vart *hovudforteljinga* ei forteljing om ei menneskerettsrørsle. Utanriksdepartementet seier ratifiseringa av rammekonvensjonen først og fremst er for Noreg sin del av prinsipiell karakter. Noreg har allereie dekka inn dei viktigaste juridiske tiltaka konvensjonen inneheld, og ratifiseringa vil difor ikkje få praktiske juridiske, eller særlege økonomiske, konsekvensar i landet. Det handla altså ikkje om å endre noko konkret juridisk. Det handla om ei prinsipiell vidareføring og utbygging av menneskerettar. Det handla om å vere del av ei internasjonal menneskerettsrørsle.

Med det finn ein at politikk, i dette tilfellet, virka å vere motivert, ikkje av eit ynskje om forbeting av eit eksisterande problem, men heller å utvikle politikken i same retning som den internasjonale menneskerettsrørsla. Det er politisk framdrift i same retning som andre land som er målet. Her dukkar nok ein gong *samfunnsutviklingsforteljinga* opp, i nokon grad slik me kjenner den frå saksgongane om sigøynarane og om omstreifarane. I denne stortingsproposisjonen finnes den ikkje så eksplisit uttalt som i dei andre saksgongane, og virkar å vere meir internasjonalt fokusert. Men den fylgjer hovudforteljinga, der sjølve argumentet for tilråding til ratifisering er at ein må fortsetje framdriften i menneskeretssutviklinga, og dermed også samfunnsutviklinga.

Tilslutt i stortingsproposisjonen kom Utanriksdepartementet med sin konklusjon og si tilråding. Dei viste til «eksisterende og potensielle minoritetsrelaterte konflikter i Europa i dag» og at konvensjonen var «den første juridisk bindende multilaterale overenskomsten om beskyttelse

av nasjonale minoriteter».<sup>271</sup> «Fra norsk side» sa dei, «tillegger man konvensjonen en prinsipiell betydning, og det er ønskelig at den får den internasjonale gjennomslagskraft den er tiltenkt».<sup>272</sup> Konvensjonen var «også prinsipielt viktig internt i Norge», sa Utanriksdepartementet. Det handla om anerkjening av dei nasjonale minoritetane sin betydning, men også om «det norske samfunn som helhet».<sup>273</sup> Konvensjonens forbod mot diskriminering var allereie dekka av norske lovar og Noregs internasjonale forpliktelsar. «Derfor anses det ikke å være behov for lovendringer med en norsk ratifikasjon».<sup>274</sup> I konklusjonen vart også noko av skepsisen, særleg hjå romanifolket, omtalt. «Motstand mot å bli omfattet av konvensjonen skyldes trolig særlig en historisk sett berettiget skepsis til norske myndigheter», og «Motstand kan i visse tilfeller også tenkes og skyldes manglende informasjon om hva konvensjonen får av praktisk betydning».<sup>275</sup> Til slutt i konklusjonen sa Utanriksdepartementet at det vil vere opp til kvar enkelt person «å velge om hun/han overhodet vil benytte seg av de rettigheter konvensjonen gir».<sup>276</sup>

I tilrådinga viste Utanriksdepartementet til noko av skepsisen til ratifiseringa hjå «en del personer tilhørende én av de aktuelle gruppene...», og til at samane ikkje ynskjer å vere nasjonale minoritetar sjølve.<sup>277</sup> «På denne bakgrunn», sa Utanriksdepartementet, «anses det lite ønskelig å avgi noen erklæring i forbindelse med norsk ratifikasjon der det redegjøres for hvilke minoritetsgrupper konvensjonen skal gjelde for». Stortingsproposisjonen endar difor med ei tilråding til ratifisering av *Europarådets rammekonvensjon om beskyttelse av nasjonale minoriteter*, men utan å avgjere kven desse nasjonale minoritetane er.

I denne stortingsproposisjonen er det altså fleire forteljingar å finne. Ein finn som nemnt ei sideforteljing om minoritetane, i frå Utanriksdepartementet om minoritetane si lange tilhørsle, og ei frå høyringsfråsegna om den fortidige diskrimineringa. Hovudforteljinga derimot er ikkje ei forteljing om minoritetar. Det er ei forteljing om menneskerettar i utvikling. Denne utviklinga byrja eingong på 1500-talet, den omfattar danning av nasjonalstatar, og skyt fart i etterkrigstida. Då fekk ein dei «moderne konvensjoner». <sup>279</sup> I denne forteljinga føyer rammekonvensjonen

---

<sup>271</sup> St. Prp. 80 (1997-98), s. 21

<sup>272</sup> St. Prp. 80 (1997-98), s. 21

<sup>273</sup> St. Prp. 80 (1997-98), s. 21

<sup>274</sup> St. Prp. 80 (1997-98), s. 21

<sup>275</sup> St. Prp. 80 (1997-98), s. 21

<sup>276</sup> St. Prp. 80 (1997-98), s. 21

<sup>277</sup> St. Prp. 80 (1997-98), s. 21

<sup>278</sup> St. Prp. 80 (1997-98), s. 21

<sup>279</sup> St. Prp. 80 (1997-98), s. 8

stortingsproposisjonen gjeld seg inn i rekkja saman med dei store internasjonale og viktige menneskerettskonvensjonane og erklæringane. Den er ikkje framheva som noko høgdepunkt, men som eit naudsynt tillegg til eksisterande menneskerettsinstrument. Konfliktane i Sentral- og Aust-Europa på slutten av 1980-talet og byrjinga av 1990-talet er ikkje utløysande for ideen om skydd av nasjonale minoritetar, men gav fart til gjennomføring av eit allereie kjent eksisterand behov. Dermed vart dette ei forteljing om ei utvikling av menneskerettar, der Europarådets rammekonvensjon berre var nyaste linje i ei bok som ikkje var ferdig skreve endå.

Hovudforteljinga gav legitimitet til å ratifisere konvensjonen av prinsipielle årsakar. Historia om utviklinga av konvensjonane og erklæringane viste kva gigantar gjeldande rammekonvensjon står på skuldrene til. Då Utanriksdepartementet sa det ikkje vil koste noko, verken i juridiske endringar eller økonomisk støtte, vart denne historiebruken bidragsytande næraast som eit salgsargument. Ved ratifisering bidrog ein til ein *prinsipiell* fortsetjing av menneskerettsutviklinga, og det kunne ein gjere heilt gratis. Det prinsipielle argumentet var i størst grad av internasjonal karakter. Men også nasjonalt finn ein grunnlag for ratifisering ikkje berre på prinsipielt, men også på praktisk grunnlag. Det var manglar i det administrative systemet gjeldande nokre av minoritetsgruppene. Ratifiseringa kunne bøte på det.

Tilrådinga til slutt i stortingsproposisjonen vart prega av to forskjellige forteljingar. Hovudforteljinga peikar mot ei helt klår tilråding for ratifisering. Korleis kan ein seie nei til internasjonal deltaking i denne utviklinga, om det ikkje kostar noko? Men sideforteljinga som omhandlar det nasjonale peikar på eit problem. For om ein deltek må ein også finne ut kven politikken skal gjelde for i Noreg. Og her dukkar Noreg si mørke fortid opp i form av forteljinga om minoritetane. I den er det historisk problematisk med statlege identetskategoriar. Dermed endar ein opp med ei tilråding til ratifisering, men ikkje til å avgjere kven dei nasjonale minoritetane var. Ein får ein historie brukt av Utanriksdepartementet som tilråder ratifisering i hovudsak av prinsipiell karakter, med grunn i ei internasjonal rørsle. Og, ein får ein historie brukt av minoritetar i Noreg som viste skepsis til ratifiseringa eller skepsis til eksisterande lovverk. Sistnemnde er ei nasjonal forteljing. Fyrstnemnde er ei internasjonal. Ratifiseringa vart tilrådd på prinsipiellt grunnlag. Ein tilrådå å bidra internasjonalt. Den nasjonale saka, å avgjere kven dei nasjonale minoritetane var, vart ganske enkelt utsatt.

Stortingsproposisjonen vart handsama i utanrikskomiteen. Dei gav sin innstilling, Inst. S. nr 55 (1998-1999) til Stortinget 02. desember i 1998. Fleirtalet stilte seg bak Utanriksdepartementet si tilråding. Mindretalet, som var utanrikskomiteen sine medlemmer frå FrP, gjorde det ikkje.

For desse medlemmene var det manglande tillit til Utanrikdepartementets evne til å tolke lovverket, og frykta for at Noreg ville få ein straum av nye, og dyre, nasjonale minoritetar etter kvart. «Disse medlemmer [mindretallet] vil peke på at landets historie forteller at befolkningen fra gammelt av i stor grad er skjedd fra syd til nord»<sup>280</sup>. Med grunn i dette vil ikkje mindretalet difor utelukka at ««oljenasjonen» Norge vil oppleve en oppblomstring av nasjonale minoriteter som vil kreve opplæring i sine forfedres sprog». <sup>281</sup> Dei meinte også kommunane måtte få lagt fram forslaget om ratifisering: «En konvensjon som regulerer også mer lokale mellommenneskelige forhold burde også ha vært forelagt kommunene, der folket bor, om ikke annet for informasjonens del». <sup>282</sup>

Inga særskild debatt fulgte denne innstillinga. Harald Hove (V) og Fritjof Frank Gundersen (FrP) var dei einaste med innlegg. Hove viser til konfliktar i Europa, til Sovjetunionens fall, til Nord-Iirlands konfliktar og viser dermed det internasjonale grunnlaget for ratifiseringa han tilrådde. «Nå vil neppe denne konvensjonen ha så veldig stor betydning når det gjelder spørsmål i forhold til den politikk som vi allerede fører. Men det er i hvert fall en viktig side også å se de forpliktelser som Norge påtar seg overfor de minoritetar vi har i Norge», sa Hove. Gundersen sa «Fremskrittspartiet har relativt utførlig gjort rede for hvilke betenkelskaper man har med denne konvensjonen. Jeg akter ikke å gjenta dem, men vil bare varsle at vi kommer til å stemme mot». <sup>283</sup>

Hove sitt utsegn bidrog til å vise at det var forskjell på den politiske forteljinga om dei nasjonale minoritetane, og på den forteljinga nokre av minoritetane fortalte om seg sjølv. Rammekonvensjonen ville ikkje ha noko å seie for eksisterande politikk, sa han. Set ein det saman med Utanriksdepartementet, som sa seg ueinig med NKF i spørsmål om likeverd og likestilling, viste dette ein forskjell på forteljingar. I det politiske kollektive historiemedvitet Utanriksdepartement og utanrikskomiteen representerte, var minoritetane likestilte med storsamfunn. Hjå dei var det menneskerettsutvikling på prinsipielt grunnlag som var grunn til ratifisering, slik hovudforteljinga viste. Dette var som nemnt ei forteljing med internasjonale rammer. Historiemedvitet til fleire av minoritetane var ikkje prega av same forteljing. Hjå dei var det den fortidige undertrykkjingga utført av stat og storsamfunn som danna grunn for deira forståing av seg sjølve og for haldningane til denne nye identetskategorien. Denne forteljinga

---

<sup>280</sup> Innst. Nr. 55. (1998-1999), s. 3

<sup>281</sup> Innst. Nr. 55. (1998-1999), s. 3

<sup>282</sup> Innst. Nr. 55. (1998-1999), s. 2

<sup>283</sup> Stortingstidende, 1998-99, s. 1123

hadde nasjonale rammer. Den internasjonale forteljinga er ei *utviklingsforteljing* lik Rüsen sin typologi og passande til tropen *Framsteget – fra mørket stiger vi mot lyset*, jamfør Aronsson. Nasjonalt låg me, jamnfør denne utviklingsforteljinga, såpass godt an at grunnlag for vidareutvikling og ny politikk i hovudsak berre var prinsipiell. Hjå minoritetane fann ein ei forteljing som i mindre grad lot seg plassere i dei etablerte typane og tropane. For her var det ikkje fokus på endring eller det tradisjonelle. Her var det i størst grad fokus på urett. Hjå nokre av dei etnopolitiske organisasjonane var det frykt for at historien skulle gjenta seg, for andre ein gylden moglegheit til nye naudsynte politiske tiltak. For sistnemnde var NKF representant. Hjå dei var me ikkje ferdig utvikla på nasjonalt plan. Me var fortsatt i mørket.

Hovudforteljinga vart her som nemnt forteljinga om den internasjonale menneskerettsutviklinga. Denne bidrog til at historias rolle i denne stortingsproposisjonen i størst grad vart å vere som argument for ratifiseringa av rammekonvensjonen. Sideforteljinga frå dei etnopolitiske organisasjonane reflekterte ei konfliktfull fortid der kategorisering var problematisk. Dette viste seg også i det stortingsproposisjonen enda opp med å tilråde, og ikkje minst i kva Stortinget stemde. Historias rolle, jamnfør hovudforteljinga, vart å overtyde dei tiltenkte lesarane om å gjere eit val. Desse tiltenkte lesarane var Stortinget, slik det fylgjer av saksgangens struktur, og desse lesarane gav sitt samtykke til ratifiseringa av *Europarådets rammekonvensjon om beskyttelse av nasjonale minoriteter*, 02. desember 1998. Men sideforteljinga kasta lys over eit problem, og i tilrådinga i stortingsproposisjonen vart det difor ikkje teken ofisiell stilling til kven dei nasjonale minoritetane skulle vere.

## **4.2 Stortingmelding nr. 15 (2000-2001): Nasjonale minoritetar i Noreg – Om statleg politikk overfor jødar, kvener, rom, romanifolket og skogfinnar**

Denne stortingsmeldinga var ei tilråding frå Kommunal- og Regionaldepartementet. Den vart overlevert for vurdering til Kommunalkomiteen og godkjent i statsråd 2. desember i år 2000. I stortingsmeldinga vart kva grupper som høyrd til kategorien «nasjonal minoritet» omtalt, samt den heilsapelege politikken retta mot dei, for fyrste gong. Det vart også tilrådd fleire reint praktiske og økonomiske ordningar. Ei av desse var opprettinga av eit senter for dokumentasjon og formidling av kulturen og historia til romanifolket ved Glomdalsmuseet. Ei anna var støtte til bygginga av det som fyrst vart kalla Kvæntunet i Porsanger, men som no har vorte til Kvensk Institutt. I tillegg til slike praktiske tiltak gav også regjeringa fleire orsakingar i

stortingsmeldinga. Orsakingane var grunna i den statlege politikken ført mot minoritetsgruppene, som fornorskingspolitikken mot kvenar og skogfinnar, og tvangsterilisering av romani (taterar/de reisande).

Mi sak er å finne forteljingane, og undersøkje kva rolle dei spelar i utforminga av politikk. Forteljingane kan som nemnt i mitt metodekapittel seiast å representera det kollektive historiemedvitet til dei som fortel. I *Stortingsproposisjon nr. 80 (1997-98)* fann eg forteljingar som kan seiast å representera historiemedvitet til Utanriksdepartementet og til minoritetsgruppene. Fyrstnemnde var hovudforteljing, medan sistnemnde var sideforteljing i proposisjonen. I følgjande analyse ynskjer eg å vise blant anna at forteljingane eg skildra i analysa av stortingsproposisjonen i stor grad er vidareførte i *Stortingsmelding nr. 15 (2000-2001)*, men også at det har skjedd ei endring. Forteljingane har bytta plass. Sideforteljinga frå stortingsproposisjonen har vorte hovudforteljinga i stortingsmeldinga. Det vil seie at utviklingsforteljinga om internasjonale menneskerettsavtalar og konvensjonar har i stortingsmeldinga vorte redusert til sideforteljing, medan forteljinga med om liding påført minoritetane har vorte fremja til hovudforteljing.

Dokumentet er som nemnt ei tilråding frå Kommunal- og Regionaldepartementet. Stortingsproposisjonen var ei tilråding frå Utanriksdepartementet. Desse to departementa delar altså forteljinga om den internasjonale utviklinga av menneskerettar. Men det eg blant anna gjer i følgjande analyse, er å vise at Kommunal- og Regionaldepartementet gav oss ei forteljing som kan seiast å representera eit historiemedvit som fell i takt med nokre av minoritetsgruppene si forståing av eiga fortid. Ei fortid prega av liding og urett.

Sjølve dokumentet er på 89 sider og delt inn i 7 kapittel. I fyrste kapittel er det ei innleiing og samandrag av dei følgjande kapittla. Kapittel 2 og 3 handlar om grunnlag, både nasjonalt og internasjonalt, for utforminga av politikken. Kapittel 4 er i sin heilheit via «Historia om dei nasjonale minoritetane i Noreg». <sup>284</sup> Kapittel 5 er via dei nasjonale minoritetane og deira situasjon i dag. Kapittel 6 omhandlar tiltak og arbeide frå styresmaktene, medan kapittel 7 tek for seg administrative og økonomiske konsekvensar. I tillegg er det tre vedlegg. Det fyrste er ei oppsummering av dokumentets innhald på finsk. Dei to andre er oversikter over ratifiseringar av Rammekonvensjonen om vern av nasjonale minoriteter og Den europeiske pakta om vern av regions- eller minoritetssråk( pr. 16. november 2000).

---

<sup>284</sup> St.Meld nr. 15 (2000-2001), s. 29

Spor av hovudforteljinga finn ein allereie før første kapittel. Det første ein møter i dokumentet, etter framsida, er eit dikt av Kate Næss som går slik:

«På sporet  
Vi er på sporet  
etter en ny og bedre virkelighet  
som skal finnes ikke så langt herfra  
Den ligger forhåpentlig  
i nærheten av  
det hjertet forstår»<sup>285</sup>

Etter diktet finn ein ei liste med definisjonar over ord og uttrykk. Eit av desse er *nasjonal minoritet* som vart definert slik: «Etnisk, religiøs og/eller språkleg minoritet med langvarig tilknyting til landet».<sup>286</sup> Andre ord som vert definert er *kultur, innvandrar, urfolk, assimilering* og *integrering..* Diktet seier noko om at eit «vi» jaktar på ei forbetring av noverande situasjon, ein ny og betre verkelegheit. Definisjonen av «nasjonal minoritet» viser at ein ikkje kjem utanom eit forhold til fortida. Det er naudsynt med lang tilhørsle til landet for å kunne felle inn under kategorien. Dessutan er dei nasjonale minoritetane noko anna enn urfolk og innvandrarar. Referansane til assimilering, som i definisjonen i stortingsmeldinga omfattar både frivillig innlemming i storsamfunn og ein ufrivillig fornorskingsprosess, seier noko om kva fortida til denne særeigne etniske, religiøse og/eller språklege minoriteten inneheld. Diktet og definisjonane gjev hint om ei forteljing som handlar om at før var det ikkje bra, men at no skal det bli betre.

I innleiande kapittel vart det referert til Rammekonvensjonen for vern av nasjonale minoritetar og Handlingsplan for menneskerettar som grunnlag for stortingsmeldinga.<sup>287</sup> Det blir påpeikt at ein samla oversikt over politikk retta mot nasjonale minoritetar ikkje har funnest før. Stortingsmeldinga vert då det aller første «heilskafelege gjennomgangen av prinsippa som skal ligge til grunn for statens politikk overfor jødar, kvener, rom (sigøynarar), romanifolket (taterane/dei reisande) og Skogfinnar».<sup>288</sup> Her finn ein og eit stykke tekst i kursiv som eg les som ei melding regjeringa spesielt ynskjer uteha. Slike meldingar dukkar opp med jamne

---

<sup>285</sup> St.Meld nr. 15 (2000-2001), s. 2

<sup>286</sup> St.Meld nr. 15 (2000-2001), s. 3

<sup>287</sup> St.Meld nr. 15 (2000-2001), s. 4

<sup>288</sup> St.Meld nr. 15 (2000-2001), s. 4

mellomrom utover i stortingsmeldinga. Den fyrste av dei er slik: «*Regjeringa vil gjennom denne meldinga be om orsaking for dei grove overgrepene romanifolket har vore utsett for av eller med aktiv støtte frå legale norske styresmakter*».<sup>289</sup> Døme på andre slike meldingar er «*Regjeringa seier seg òg lei for den fornorskingspolitikken som har råka alle dei nasjonale minoritetane, og vil på staten sine vegner be om orsaking for den måten minoritetane er blitt behandla på*»<sup>290</sup> og «*For å bøte på denne uretten vil regjeringa opprette eit senter for dokumentasjon og formidling av kulturen og historia til romanifolket. Senteret blir plassert på Glomdalsmuseet på Elverum med sikte på byggjestrart i 2002.*»<sup>291</sup>

Det vart opplista ei rekke punkter regjeringa hadde som utgangspunkt for eit grunnlag for «eit kulturelt mangfaldig Noreg».<sup>292</sup> Nokre av desse var «Kulturelt mangfald er ein rikdom for fellesskapet», «Alle har rett til å skape sin eigen identitet, og alle med tilknyting til ein minoritet skal sjølve få avgjere å bli behandla som tilhøyrande ein nasjonal minoritet eller ikkje» og «Særtiltak og tilpassing av generelle ordningar kan vere nødvendig på nokre område for å dekkje særlege behov hos minoritetane».<sup>293</sup> Punktet som omhandlar at ein har rett til å skape sin eigen identitet viser ei endring i frå tidlegare politisk praksis. Tidlegare handtering av nokre av dei etniske gruppene som no er nasjonale minoriteter har i større grad vore prega av ein ufrivillig kategorisering. I til dømes byrjinga av *NOU 1980: 42 Omstreiferne – Deres situasjon og hjelpetiltak for dem*, vart kategorien «omstreifer» handtert annleis. Det som no vert kalla romani (taterar/de reisande) tilhøyrde då ovannemnte kategori, og NOU`en nyttar «personer av omstreiferslekt» som definisjon på dei NOU`en skal omhandle.<sup>294</sup> Det var altså ikkje snakk om ein etnisk, religiøs og/eller språkleg kategori basert på val, slik «nasjonal minoritet» her gjer inntrykk av å vere, men ein kategori som gjekk i arv fram til særomsorga og omstreifarkategorien vart fjerna.

I *Instilling om arbeidet med norske sigøyner* fra 1970, var det i byrjinga også underliggende ei nærmast sjølvsagtheit at det var slektstilhøyrighet som gjorde at ein vert kategorisert, noko ein kvar tanke om *etnisitet* understreka. Her var det eins etniske tilhørysle og berre den som gjorde at ein havna under same fellesnemning. Det finn ein til dømes i følgjande sitat: «Sigøynerne taler sitt eget språk, har sine særlige verdinormer og samværsregler og må i ett og alt betraktes

<sup>289</sup> St.Meld nr. 15 (2000-2001), s. 4

<sup>290</sup> St.Meld nr. 15 (2000-2001), s. 5

<sup>291</sup> St.Meld nr. 15 (2000-2001), s. 7

<sup>292</sup> St.Meld nr. 15 (2000-2001), s. 4

<sup>293</sup> St.Meld nr. 15 (2000-2001), s. 4

<sup>294</sup> NOU 1980: 42, s. 11

som en egen etnisk gruppe, med sin egen kultur.».<sup>295</sup> Tilhøyrihet til kategorien «nasjonal minoritet» vart ikkje avgjort slik som dei ovannemnte kategoriene, gjennom slektstilhørsle. Det vart avgjort ved at ein individuell person, tilhøyrande ein bestemt etnisitet, *valgte* å vere ein del av den.

I oppsummeringskapitlet som omhandlar historia til dei nasjonale minoritetane finnes ei forteljing med form nærmest som ei slik minimumsforteljing Carrad nyttar:

*«Kvenene, romanifolket og skogfinnane kjem til syne i Noregs-historia alt på 1500- og 1600-talet. Alle dei fem minoritetsgruppene har over hundre år lang historie i Noreg. Fornorskingspolitikken som blei ført overfor gruppene kan kallast for streng. Særleg overfor romanifolket har det vore ført ein hard assimileringspolitikk med verkemiddel vi i dag tek sterkt avstand frå».*<sup>296</sup>

Denne forteljinga byggjer opp under innleiande tanke om skildring av ei fortid som var negativ. Det som har hendt fram til no er ei form for undertrykking av dei fem minoritetane. Dette ser ein igjen i desse meldingane frå regjeringa som i stor grad er forma som orsaksgjeving for tidlegare politikk. Det er verdt å merkje seg at det kan virke som om ei vurdering av historia set spor i utforminga av statusen «nasjonal minoritet». Dei etterhalda ein får ved å pressisere individas rett til å velje identitet står i sterk kontrast til tidlegare statusar og sosiale og etniske kategoriar, som til dømes 1980- og 1970-talets «omstreifere» og «sigøynere», og i fornorskingspolitikken før andre verdskrig. Ein ser også her ei tydeleg endring om ein samanliknar med forteljingane i stortingsproposisjonen. Borte frå forteljinga her er menneskerettsutviklingsforteljinga som var hovudforteljing i proposisjonen. Meir enn det ser ein også ei tydeleg endring, frå proposjonen til denne stortingsmeldinga, i korleis det vart fortald om minoritetane. Som nemt fortalte Utanriksdepartementet ei forteljing om minoritetane med fokus på deira lange tilhørsle til Noreg. I denne minimumsforteljinga vart dette vidareført. Men i tillegg vart det her også fortald om ein streng fornorskingspolitikk og ein hard assimileringspolitikk; ei fortid prega av undertrykkjing. Og, dette måtte naudsynlegvis legge føringar for eit anna handlingsimperativ enn det frå stortingsproposisjonen.

Kapittel 2, «Politisk grunnlag for eit kulturelt mangfaldig Noreg», kan seiast å handle om to ting: Retten til sjølvidentifisering og tidlegare urett mot minoritetar. Med sjølvidentifisering

---

<sup>295</sup> Instilling om arbeidet blant de norske sigøynere, 1970 s. 3

<sup>296</sup> St.Meld nr. 15 (2000-2001), s. 5-6

meinast her retten til sjølv å velje korleis ein vil identifisere seg, om ein vil vere nasjonal minoritet eller ikkje. Dette finn ein i fråsegn som eksplisit seier at «alle med tilknyting til ein minoritet skal sjølve få avgjere om dei vil bli behandla som tilhøyrande ein nasjonal minoritet eller ikkje».<sup>297</sup> Det er, seier Sosiadepartementet, «individ som har ein kulturell identitet, ikkje grupper».<sup>298</sup> «Hovudregelen må vere at den det gjeld, sjølv får avgjere om ho eller han tilhører ein nasjonal minoritet. Det vil seie at prinsippet om *sjølvidentifisering* gjeld».<sup>299</sup> Denne sjølvidentifiseringsretten var igjen tufta på føresetnader for kva fundament ein ville plassere politikken på. Her var det idèen om kulturelt mangfald som berande prinsipp for utforminga av politikk, noko ein ser av fråsegn som «Regjeringa legg til grunn at Noreg alltid har vore kulturelt mangfaldig.» og «Regjeringa tek utgangspunkt i at Noreg ikkje er kulturelt einsarta. Det er mange måtar å vere norsk på, og kulturelt mangfald er ein rikdom for fellesskapet.»<sup>300</sup> Regjeringa ber også her om orsaking for uretten gjort mot minoritetane. I eit fråsegn tek den «sterk avstand» frå overgrep mot romanifolket. Noko liknande får aldri skje igjen, seier regjeringa den vil «på staten sine vegner be om orsaking for den måten minoritetane er blitt behandla på».<sup>301</sup> I dette kapitlet gjorde ein altså meir enn berre skissere opp eit «politisk grunnlag for eit kulturelt mangfaldig Noreg». Ein viste også korleis fortida hadde vore bidragsytande til å forme ein identitetskategori, noko som er i samsvar med det eg ser i gjennomgangen av kapitel 1. i stortingsmeldinga. Eit oppgjer med fortidas politikk gav oss ein identitetskategori som ein kunne velje å vere ein del av eller ikkje.

Kapittel 3 tok for seg «Det internasjonale grunnlaget». Her finn ein i byrjinga ei spesifisering av kva som i ein internasjonal kontekst var nasjonale minoritetar. Forutan «etniske, språklege, kulturelle og/eller religiøse særtrekk» måtte også gruppa vere i mindretall, i ein ikkje-dominerande posisjon i samfunnet og ha ei felles vilje til å oppretthalde og utvikle sin eigen identitet.<sup>302</sup> Vidare vart «Ikkje-diskrimineringsprinsippet og prinsippet om likebehandling» fremja, saman med referansar til flerie FN-konvensjonar. Her finn ein også ei presisering av grunnlaget for handsaming av grupper og ikkje individ: «På bakgrunn av det som er sagt ovanfor, må vi slå fast at sjølv om minoritetsrettane i dei aktuelle konvensjonane er formulerte

<sup>297</sup> St.Meld nr. 15 (2000-2001), s. 11

<sup>298</sup> St.Meld nr. 15 (2000-2001), s. 13

<sup>299</sup> St.Meld nr. 15 (2000-2001), s. 13

<sup>300</sup> St.Meld nr. 15 (2000-2001), s. 13

<sup>301</sup> St.Meld nr. 15 (2000-2001), s. 14

<sup>302</sup> St.Meld nr. 15 (2000-2001), s. 15

slik at dei gir rettar til alle individ som tilhører ein minoritet, vil minoritetsrettar i realiteten ofte vere kollektive rettar.»<sup>303</sup>

Vernet av minoritetar vart gjeve eit historisk ankringspunkt i Den europeiske menneskerettskonvensjonen frå 1950. Det vart vist til at frå 1950-talet og fram mot vår tid har fleire internasjonale konvensjonar og tiltak dukka opp frå blant anna FN, Europarådet, EU og OSSE. Det vert vist til svensk og finsk politikk. Som følgje av deira ratifisering av rammekonvensjon vart samar, sverigefinnar, tornedalingar, rom og jødar nasjonale minoritetar i Sverige. Finland vart rom, jødar, tartarar, gammalrussarar og finlandsvenskar nasjonale minoritetar.<sup>304</sup>

Av dette kapitlet ser ein er at det finnes meir enn forteljingar om minoritetar i dokumentet. Også utviklinga av minoritetspolitikken internasjonalt får si forteljing. Frå 1950 av, og fram mot vår tid, har det vore eit aukande internasjonalt fokus på minoritetars rettar. Fyrst med utspring i FN, deretter hjå dei store transglobale organisasjonane, og etter kvart også på nasjonalt plan i nord. Med dette finn ein igjen hovudforteljinga i *Stortingsproposisjon nr. 80 (1997-1998)*. Men her har det eg i analysa av proposisjonen kalla *menneskerettsutviklingsforteljinga* vorte redusert til ei sideforteljing. Det vil seie at det prinsipielle grunnlaget for sjølve kategorien «nasjonal minoritet» sin eksistens vart oppretthaldt. Denne forteljinga bidreg til å oppretthalde det naudsynte med sjølve kategorien og med politikken. Den trengs for å halde følgje med den internasjonale mennekerettsutviklinga.

Kapitlet om «Historia om dei nasjonale minoritetane» er delt i underkapittel som tek for seg dei individuelle minoritetsgruppene. I innleiinga vert det skissert opp aktørar som vert berande for forteljinga som fylgjer. Det vert presisert at minoritetsgruppene har ei lang tilhørsle til landet, men at «Sjølv om alle dei fem gruppene har ei langvarig tilknyting til Noreg, representerer dei òg ulike internasjonale fellesskap. Før gruppene kom til Noreg, hadde dei tilhald i andre område i verda, og dei har såleis historiske røter også utanfor Noreg.».<sup>305</sup> Nasjonsbygging på 1800-talet vart gjeven som sjølve grunne til at minoritetane vert handterte som framandelement. Det nasjonale vert ståande i motsetning til minoritetane sin internasjonale bakgrunn. Dette ser ein spesielt av utsegn som «Nasjonsbygginga hadde som føresetnad éin kultur, eitt språk og eitt folk» og «Nasjonalismen og nasjonalstatsideologien gav såleis ikkje

---

<sup>303</sup> St.Meld nr. 15 (2000-2001), s. 16

<sup>304</sup> St.Meld nr. 15 (2000-2001), s. 27

<sup>305</sup> St.Meld nr. 15 (2000-2001), s.29

rom for minoritatar».<sup>306</sup> Det indre, nasjonalismen, vert det problematiske, medan redninga kjem utanfrå: «Når pendelen i etterkrigstida har svinga i meir liberal retning i den minoritetspolitiske utviklinga, kjem det truleg av at dei internasjonale ideologiske straumdraga har snudd».<sup>307</sup> Og, vert det sagt «I Noreg varte denne politikken i alle fall fram til andre verdskrigen. Det er lenger enn i dei fleste andre land det er rimeleg å samanlikne Noreg med».<sup>308</sup>

Ein får altså skissert opp tre aktørar. Det *nasjonale*, det *internasjonale*, og *minoritetane*, som vert fanga imellom dei to motsetningane grunna sin internasjonale fortid. I byrjinga av denne analysa viste eg til korleis det innleiande diktet saman med lista over ord-definisjonar danna grunnlag for ei forteljing om at det før ikkje var bra, men at det no skal bli betre. Set ein dette i samanheng med det eg skriv over kan ein lage ei minimumsforteljing: Minoritetsgroupene blei grunna nasjonalisme utsatt for ei undertrykkjing som dei internasjonale ideologiske straumdraga etter kvart berga dei frå, men seinare enn i andre land. Set ein dette i samanheng med menneskerettsforteljinga finn ein spor av ei *utviklingsforteljing* som eg fant i sakprosaen både for sigøynarane og omstreifarane, ei *samfunnsutviklingsforteljing* der ein lot forme politikk for å halde følgje med ei utvikling.

I underkapitla som omhandlar kvar minoritetsgruppe finn ein, for alle minoritetsgroupene forutan samane, eit gjennomgåande fokus på ulike typar av urett. For kvenene og skogfinnane vert fornorskingspolitikken omtalt som «streng».<sup>309</sup> Jordsaloven frå 1902, som forbaud sal av statleg jord til andre enn norsk-talande, vert omtalt som eit «høgdepunkt» i politikken retta mot dei. Om dei andre gruppene vert det sagt «jødane, rom og romanifolket (taterane/dei reisande) - blei i periodar av norsk historie utsette for ein hardare politikk. Mellom tiltaka var utesettenging frå riket, regulær forfølging og jamvel forsøk på utrydding».<sup>310</sup> I kapitlet om jødane vert den historisk lange utesettenginga av landet framheva, med referanse til lov om forbod mot sabbatsfeiring i erkebiskop Aslak Bolts tid (1436), Kristian den femtes lov frå 1687 som forbaud jødar å komme inn i landet, jødeparagrafen i grunnlova frå 1814, og til slutt deportasjon av jødar under andre verdskrig.<sup>311</sup>

---

<sup>306</sup> St.Meld nr. 15 (2000-2001), s. 29-30

<sup>307</sup> St.Meld nr. 15 (2000-2001), s. 30

<sup>308</sup> St.Meld nr. 15 (2000-2001), s. 29

<sup>309</sup> St.Meld nr. 15 (2000-2001), s. 30-32

<sup>310</sup> St.Meld nr. 15 (2000-2001), s. 30

<sup>311</sup> St.Meld nr. 15 (2000-2001), s. 35-36

I rom-kapitlet finn ein ei anekdote om ei gruppe rom som vart stoppa på grensa til Padbrog av dansk politi og sendt til Tyskland då norske styresmakter ikkje ville ha dei til Noreg. Fleire døyde i konsentrasjonsleir. Denne historia var også å finne i *Innstilling om arbeidet med de norske sigøyner* frå 1970, men då heller som ein urett det i nokon grad var gjort opp for, og utan å gje skuld til nokon I denne samanhengen vart denne anekdota bidragsytande til å forsterke intrykket av uretten gjort av stat og storsamfunn. Den vart ein del av ei forteljing om *undertrykkjring*.

Om romani vart det sagt at storsamfunn og majoritetsbefolkning såg på dei som annleis og med «avvikande levesett», og at «Den offisielle politikken kom derfor lenge til å bestå av hardhendte forsøk på å få gruppa under kontroll, gjennom kriminalisering av den omreisande livsforma og straffeforfølging». <sup>312</sup> Det vart fortald om Misjonen som ikkje berre omplasserte rundt 1500 barn, men som også tok aktiv del i tvangsterilisering av taterar. «Målet var full assimilering i det norske samfunnet». <sup>313</sup> Det vart referert til forsking utført i regi av Norsk forskingsråd og korleis den viste at det var «låg terskel for avstraffing i dei verksemde Misjonen dreiv, og at fleire av barna blei sjuke og sende til psykiatriske institusjonar». «Personar frå romanifolket som har vore på barneheimar, og i nokon grad skoleheimar, fortel i mange tilfelle om ei systematisk fornedring og ringeakt for kulturen deira». <sup>314</sup> I sakprosaen som leda fram til fjerninga av særomsorga for omstreifarane på 1980-talet fantes også ei forteljing om Misjonen, som vist i mi analyse. Men då vart Misjonen, til tross for at den var utdatert og i nokon grad hadde gått ut over sitt mandat, framheva som *positiv*. Her vart den omtalt som ein direkte bidragsytar til ei grov undertrykkjring og diskriminering av romanifolket (taterane/dei reisande). Med dette finn ein at forteljingane om minoritetane i denne stortingsmeldinga vart ei forteljing om liding og urett, om undertrykkjring og diskriminering.

I underkapittelet om samane finn ein ikkje same fokus på urett som for dei andre minoritetane. Her vart det i større grad fortalt om tiltak som kan seiast å vere positive for gruppa, som til dømes Lappekodisillen frå 1751 som gav samane rett til å flytte rein over landegrenser. <sup>315</sup> Fornorskingspolitikken vart også nemnd her, men konsekvensane av den vert i mindre grad omtalt som negative. «Fornorskingsprosessen gjekk etter kvart gjerne over tre generasjonar. Besteforeldregenerasjonen og foreldregenerasjonen kunne vere både to og trespråklege, medan

<sup>312</sup> St.Meld nr. 15 (2000-2001), s. 33

<sup>313</sup> St.Meld nr. 15 (2000-2001), s. 33

<sup>314</sup> St.Meld nr. 15 (2000-2001), s. 33

<sup>315</sup> St.Meld nr. 15 (2000-2001), s. 37

barnegenerasjonen kunne bli einspråkleg norsk».<sup>316</sup> For kvenene og skogfinnane vart fornorskingspolitikken streng. Den gav seg utslag i til dømes skulepolitikk, sikkerheitspolitikk og i «høgdepunktet» i uretten, jordsallova av 1902. Mens for samane vart altså ein av konsekvensane at born vart einspråklege. I kapitlet om samane vart utslaga fornorskingsa hadde på andre samfunnsområder summert opp slik, utan omtale av negative konsekvensar: «Fornorskingslinja gav seg òg utslag på andre samfunnsområde, som i jordbruks politikken, forsvarspolitikken, utdanning, kommunikasjon og massemedium».<sup>317</sup> Etterkrigstida vart skildra som ei tid prega av etnisk mobilisering, der samane gradvis får fleire og fleire rettar. Døme på dette var Radiosendingar frå 1949, samisk opplæring i grunnskule frå 1967, nordisk samisk institutt i 1973, samisk utdanningsråd i 1979, Samerettsutvalet og Samekulturutvalet i 1980, samelova i 1987 og Sametinget i 1989.

Her finn ein altså to markant forskjellige skildringar av fortid. For samane vart fortida i hovudsak skildra utan omtale av konfliktar. Dei fekk sågar tilpassa lovar som lot dei drive reinbeite på tvers av landegrenser. Fornorskingspolitikken frå 1800-talet kan seiast å vere ein mørkare periode hjå samane, før ein frå etterkrigstida opplev ei stadig aukande tilretteleging for samekulturell utvikling og tilkjennegjeving av rettar. I så måte kan det seiast at denne forteljinga passar til Niels Kayser Nielsen sin *U-trope*. I den er det ei lys tid, før ein mørk periode kjem, etterfulgt av ein ny lys periode. Problemet her er at fornorskingspolitikken i kapitlet om samane ikkje vart gjeven nokon særlig negativ innramming, slik som for dei andre minoritetane. Minimumsforteljinga vert då nokon lunde slik: Samane har alltid vore her, og det har opp gjennom historia gradvis vore tilrettelagt for at dei skal kunne fortsette med det også i framtida.

Forteljinga om dei andre minoritetane er av ein heilt annan karakter enn den for samane. Den liknar ikkje noko *U-trope*. I den er det få spor av noko lys periode å spore. Den kan grovt delast opp i tre deler: 1. Dei innvandra til Noreg. 2. Nasjonalismen førte til ei undertrykking dei ikkje var blitt utsatt for før. 3. Internasjonale ideologiske straumdrag gjer at ein no, seinare enn i andre land, endeleg byrjar ta affære. Både Aronsson sine troper og Rüsen sine forteljingstypar vart her for generelle for å kunne seie noko om kva slags forteljing dette var. Fleire av dei etablerte forteljingstypane kan seiast å handle om forandring, om korleis ein beveg seg frå ein tilstand til ein annan. Dei seier fyrst og fremst noko om forteljingas *form*. Men forteljinga om minoritetane i stortingsmeldinga vart best definert ved å seie noko om dens *substans*.

---

<sup>316</sup> St.Meld nr. 15 (2000-2001), s. 37

<sup>317</sup> St.Meld nr. 15 (2000-2001), s. 37

Forteljinga om minoritetane likna i nokon grad ei *tradsjonsforteljing*, jamnfør Rüsen, då minoritetane virka vere uendra opp gjennom historia . Men i forteljinga om minoritetane i stortingsmeldinga er det ikkje *endring* som er i fokus; det er *liding*. Det er all urett minoritetane har vore utsatt for som vert det gjennomgåande for forteljinga. Ein får eit slags lidingshierarki. I botn er samane, som etter kvart har vunne fram med fleire og fleire rettar. Deretter kjem kvenene og skogfinnane som vert utsatt for ein «streng» fornorskingspolitikk. Rom, jødar og romani har vore utsatt for ein «hardare politikk» enn kvener og skogfinnar. Men hardast av alle har det vore for romani. Dette vert bekrefta av blant anna dei tidlegare nemnde utsegna frå regjeringa der dei ber om særskild orsak til romanifolket.

Set ein dette i samanheng med aktørane skissert opp i byrjinga av analysen av dette kapitlet får ein ei forteljing som handlar om korleis storsamfunn og majoritetsbefolkning undertrykkjer minoritetsgrupper grunna deira internasjonale bakgrunn. Denne undertrykkinga er for nokon av gruppene til stades heile tida etter innvandringa. For dei fleste aukar den frå 1800-talet av. Det er forteljingar om liding forårsaka av ei majoritetsbefolkning. I forsök på å vise til kva handlingar forteljingane legg føringar for vert det naudsynt å spesifisere forteljingskategorien meir enn å vise til dei allereie etablerte tropane og typane. Forma på forteljinga er ikkje åleine tilstrekkeleg, ein lyt også seie noko om innhaldet. Følgjeleg kallar eg forteljinga om dei nasjonale minoritetane ei *undertrykkingsforteljing*, då denne ikkje berre seier noko klårt om forteljingas substans. Den peikar også i retning av ein bestemt type politikk: Om staten har undertrykkja minoritetane i fortida og tatt frå dei kultur og språk lyt ein vel be om orsaking og gje tilbake det ein tok frå dei?

Kap 5, «Situasjonen for dei nasjonale minoritetane i dag», tek for seg bakgrunn for dagens politikk, tilhøve til nye innvandrargrupper og meir detaljert tilhøvet til dei individuelle minoritetsgruppene. Det vart på ny referert til ratifiseringa av Europarådets rammekonvensjon, men at i den forbindelse val regjeringa å ikkje nytte muligheita til å erklære kven som skulle vere nasjonale minoritar i Noreg. Det vart gjeven to grunnar til dette. «Ein grunn til det var at ei slik erklæring kunne takast for å vere ei avgrensing av konvensjonen sitt verkeområde. Ein annan grunn var at erklæringa kunne vekkje utilsikta reaksjonar blant personar som høyrdet til dei aktuelle gruppene, til dømes romanifolket (taterane/dei reisande).»<sup>318</sup> I tida etter

---

<sup>318</sup> St.Meld nr. 15 (2000-2001), s. 39

ratifiseringa hadde skepsisen hjå uvillige individ og organisasjonar dempa seg, og det var i etterkant ikkje kommen tilbakemeldingar om negative konsekvensar.

Det vart påpeikt at rammekonvensjonen omhandlar minoritetar med «historisk tilknytning til landet» og at det av den grunn ikkje vil gjelde for nye innvandrargrupper. «Biletet er likevel meir komplekst. Det kjem innvandrarar til Noreg som har bakgrunn frå dei same gruppene som i Noreg har fått status som nasjonale minoritetar». <sup>319</sup> Det vart sagt at det i størst grad gjaldt rom, noko innvandring av folk av rom-slekt frå Jugoslavia har vist. Men det gjaldt i nokon grad også jødar og finsk innvandring til kvenske kjerneområder i Nord-Norge. Her vart det presisert at «Slike innvandrarar skal ikkje nødvendigvis reknast med til den nasjonale minoriteten» og «Det er etter Regjeringa sitt syn uheldig å skilje ut nyare innvandrarar frå ein nasjonal minoritet når det gjeld generelle individretta tiltak». <sup>320</sup> «Nasjonal minoritet» vart i større grad omhandla som ein ikkje-etnisk identitetskategori her. Sjølv om det ligg eit etnisk premiss til grunn var ikkje det åleine nok for å kunne vere ein del av kategorien. Hovudpremiss for innpass vart ei historisk tilhørsle til landet, ikkje slektskap.

Vidare får kvar nasjonal minoritets-gruppe omtalt sin situasjon med hensyn til nemningar, språk, krav og behov. For jødane vart det peika på behovet for spreiing av kunnskap om «jødedom, jødisk liv i Noreg og jødisk historie på alle nivå i utdanningssystemet». <sup>321</sup> Dei ynskte også endra tollreglar for å gjere det lettare å importere matvarer tilpassa deira religiøse påbud. For kvenene vart det vist til ei indre usemje om kva ein skulle kalle språket deira. Nemnigar nyttå på språket var både «finsk» og «kvensk». Det vart vist til den aukande etnopolitiske mobiliseringa blant kvenene med blant anna etableringa av Norske Kveners Forbund i 1987. <sup>322</sup> Krav frå dette forbundet hadde bestått i blant anna eit ynskje om auka driftstøtte til kvenske organisasjonar, støtte til kulturdokumentasjon, utgreiing og forsking, kunne bruke kvensk/finsk i kontakten med styresmakter, få meir språkkopplæring på grunnskule, eit eige kvensk språkråd, eit kvensk utdanningsråd og støtteannordningar for musikk, film, tv, littteratur og aviser. I tillegg ynskte dei at ein skulle kunne nytte gamle kvenske namn på slekter og stadsnamn.

Rom ynskte eit eget kontaktpunkt hjå styresmaktene. Dette forsvann då særomsorga vart nedlagt. Dei hevda seg urettvist handterte av politiet og meinte eit slikt kontaktpunkt kunne

---

<sup>319</sup> St.Meld nr. 15 (2000-2001), s. 40

<sup>320</sup> St.Meld nr. 15 (2000-2001), s. 40

<sup>321</sup> St.Meld nr. 15 (2000-2001), s. 42

<sup>322</sup> St.Meld nr. 15 (2000-2001), s. 43

vere med på å hindre misforståelsar. Dei ynskte også ein permanent parkeringsplass for campingvognene sine, forsamlingshus og meir tilrettelegging for gjere det enklare å drive omreisande handel.<sup>323</sup> Det vart vist til fleire tidlegare nemningar av romanifolket. Nokre av desse, som «tater» og «omstreifar» hadde ein negativ klang. Grunna nokre i romanigruppas ynskje om å ta tilbake nokre av desse nemningane og gjere dei positivt ladd igjen vart nemninga nytta om dei i stortingsmeldinga den noko kompliserte «romanifolket (taterane/de reisande)». Også her vart ei aukande politisk mobilisering i form av framveksten av fleire organisasjonar nemnd. Desse organisasjonane «er opptekne av å få ei synleg oppreisning i forhold til den politikken styresmaktene tidlegare førte overfor gruppa».<sup>324</sup> Krav frå denne gruppa «spenner over eit vidt spekter», som til dømes støtte til slektsforskning då «Den statlege politikken har [...] ført til at mange er blitt isolerte og skilde frå familie og andre reisande».<sup>325</sup> Skogfinske organisasjonar ynskte dokumentering, eit kultursenter og læremiddel til bruk på grunnskule og i vidaregåande opplæring. Det gjennomgåande for denne delen av kapitlet er minoritetanes behov og forsøk på å anten bevare eller vekke til live igjen språk og kultur knyt til deira etniske identitet. Set ein denne *kulturbergingspolitikken* i samanheng med den frivillige identitetskategorien *nasjonal minoritet* vert det mogleg å vurdere det slik: Sjølv om ein er til dømes kven reint etnisk, så er ein ikkje automatisk det kulturelt. Kategorien *nasjonal minoritet* vert då ein nærast ferdigpakke, der om ein vel å abonnere på den så får ein ei fortid og ein kultur med på kjøpet.

I alt dette finn ein altså fleire forteljinga. Ein finn igjen *utviklingsforteljinga* frå *Stortingsproposisjon nr. 80 (1997-98)*, som handla om menneskerettar i ei internasjonal rørle. I mi analyse av stortingsproposisjonen kalla eg den ei *menneskerettsutviklingsforteljing*. I stortingsmeldinga var det derimot ikkje som hovudforteljing den gjer seg gjeldande, men heller som sideforteljing. Forteljinga om minoritetane hadde ei fom som i nokon grad passar med Jörn Rüsen si *tradisjonsforteljing*. Men denne forteljingstypen vart altså ikkje dekkjande. Den teikna omrisset av forteljingas form, men sa lite om substans. Difor kalla eg den ei *undertrykkjingsforteljing*, då det nettopp var liding påført minoritetane av stat og storsamfunn som var hovudfokus. Med undertrykkjingsforteljinga vart det klart at stortingsmeldinga sin funksjon var meir enn det den sjølv eksplisitt uttrykte. Som nemnt vart det sagt at dokumentet har som mål blant anna å gje eit «Politisk grunnlag for et kulturelt mangfaldig Noreg». Men

<sup>323</sup> St.Meld nr. 15 (2000-2001), s. 43

<sup>324</sup> St.Meld nr. 15 (2000-2001), s. 46

<sup>325</sup> St.Meld nr. 15 (2000-2001), s. 46

meir enn det virka undertrykkingsforteljinga å også gjere dokumentet til berar av ein unnskyldningspolitikk retta mot dei fem minoritetsgruppene.

Noko av dette ser ein i samanlikning med det Mosaisk Trossamfunn sa om seg sjølv i *Stortingsproposisjon nr. 80 (1997-98)*. Dei snakka ikkje om noko fortidig urett, undertrykking eller liding. Dei var, som nemnt i analysen av proposisjonen, «i liten grad opptatt av sin minoritetsstatus i forhold til å få særordninger eller markere avstand til storsamfunnet».<sup>326</sup> Også hjå dei, lik det var for Utanriksdepartementet, var ratifiseringa naudsynt av prinsipielle årsakar. Men i stortingsmeldinga hadde også jødane si historie vorten ei undertrykkingsforteljing. For samane, som var urfolk, fann ein ei forteljing som tok form nærmast som ei *framstegsforteljing*. Her vart det inga dårleg samvit for fortidig urett å spore, slik det var for dei andre minoritetane. Med dette framstår stortingsmeldinga altså først og fremst som ein orsaksberar for fortidig urett gjort av stat og storsamfunn. I dette ligg det føringar for at i tillegg til lang tilhørsle til landet, etnisitet og frivillighet var det endå ein faktor som var naudsynt for tilhørsle til kategorien «nasjonal minoritet», nemleg *undertrykkjing*. Undertrykkingsforteljinga bidrog med det til at kategorien «nasjonal minoritet» framstod som ein samlingskategori for statleg dårleg samvite. Historias rolle i dette virka å vere å legge grunn for eit syn på dei fem forskjellige minoritetsgruppene som *ei* gruppe. Forteljinga om dei nasjonale minoritetane virkar å skape *ein felles* identitet. Anten ein var kven, skogfinne, jøde, rom eller romani kunne ein, om ein ville, abonere på ein identitet som *offer*.

### **4.3 Innstilling S. nr. 145 - Innstilling frå kommunalkomiteen om Nasjonale minoritetar i Noreg – Om statleg politikk overfor jødar, kvener, rom, romanifolket og skogfinnar**

*Stortingsproposisjon nr. 80 (1997-98)* leda altså til ratifiseringa av Europarådets Rammekonvensjon om beskyttelse av nasjonale minoriteter. Denne ratifiseringa førte igjen til *Stortingsmelding nr. 15 (2000-2001)*, der den heilskaplege politikken retta mot dei fem minoritetsgruppene som då tilhøyrer kategorien «nasjonal minoritet» vart skildra. Dokumentet som no skal analyserast er ei innstilling kommunalkomiteen gav etter dei hadde gjort si vurdering av innhaldet i *St. Meld nr. 15 (2000-2001)*. Innstillinga vart gitt frå

---

<sup>326</sup> St. Prp. 80 (1997-98), s. 17

kommunalkomiteen til Stortinget 15. februar 2001, etterfulgt av ein stortingsdebatt og ei votering. I voteringa stemde fleirtalet på Stortinget, alle partier bortsett frå FrP, for å vedlegge *Stortingsmelding nr. 15 (2000-2001)* protokollen, og gav dermed politisk støtte til innhaldet.

Innstillinga er på 30 sider fordelt på 8 kapittel og 2 vedlegg. Dei 7 fyrste kapitteltitlane i innstillinga speglar kapitla i *Stortingsmelding nr. 15 (2000-2001)*. Kvart av dei i innstillinga byrjar med eit samandrag av tilsvarende kapittel i stortingsmeldinga, etterfølgt av komiteens merknadar. Kappittel 8 inneheld kommunalkomiteens tilråding. Som vedlegg finn ein to brev frå Kommunal- og regionaldepartementet til kommunalkomiteen frå henholdsvis 17. og 30. januar. Desse inneheld svar på spørsmål om *Stortingsmelding nr. 15 (2000-2001)*, som Sosialistisk Venstreparti hadde sendt departementet. Sjølve spørsmåla er utelatt frå breva, men svara gitt omhandlar alt frå tiltak for å tilrettelegge for omreisande handelsvirksomheit, dokumentasjon på omfang av tvangsterilisering og ytringsfrihet for minoritetar. Innstillinga hadde som formål å reflektere kommunalkomiteens syn på *Stortingsmelding nr. 15 (2000-2001)* og å gje ei tilråding til Stortinget om at stortingsmeldinga vart vedlagt protokollen.

Mi sak er altså å sjå kva rolle historie spelar i politikkutforminga, ved å analysere forteljingar eg finn i sakprosaen. Då kvart kapittel i stor grad er eit samandrag av innhaldet frå *Stortingsmelding nr. 15 (2000-2001)* vart forteljingane eg fann i stortingsmeldinga vidareført. Men, det som er avgjerande for kva tilråding innstillinga konkluderer med er ikkje stortingsmeldinga i seg sjølve, men heller kommunalkomiteens syn på stortingsmeldinga. Dermed er det ikkje lenger historiemedvitet til Kommunal- og Regionaldepartementet, som representert av forteljingane i stortingsmeldinga, som er objektet eg legg under lupa. Det er kommunalkomiteen sine forteljingar som no gjeld. I den grad det kjem noko nytt fram i innstillinga, med tanke på kva problemstillingar som skal svarast på i analysen, er det å finne i kommunalkomiteens merknadar til dei forskjellige kapitla. I innstillinga finn ein politiske motsetningar i samanheng med forskjellige forteljingar. Forutan merknadar på vegne av heile komiteen, finn ein merknadar frå fleirtall og mindretall.

Komiteen delte seg i hovudsak i to grupperingar. Eit fleirtall med komiteens medlemmer frå Arbeiderpartiet (AP), Kristelig Folkeparti (KrF), Senterpartiet (Sp), Venstre (V) og Sosialistisk Venstreparti (SV), og eit mindretal med komiteens medlemmer frå Fremskrittspartiet (FrP). Fleirtalet stilte seg i stor grad bak innhaldet i stortingsmeldinga. Mindretalet gjorde det ikkje.

Fyrste kapittel byrja som nemnt med eit samandrag av innhaldet i fyrste kapittel i Stortingsmelding nr. 15 (2000-2001). Her vart det vist til at stortingsmeldinga er ei oppfølging av ratifiseringa av *Europarådets rammekonvensjon om beskyttelse av nasjonale minoriteter* og at stortingsmeldinga var den «første heilsakelege gjennomgangen av prinsippa som skal liggje til grunn for statens politikk» overfor dei gjeldande minoritetsgruppene.<sup>327</sup> Regjeringa si orsaking til romanifolket og for fornorskingspolitikken vart også nemnt. I merknaden til dette kapitlet viser fleirtalet til ei todeling av Noregs ansvar. Det eine er «et sjølstendig politisk ansvar for å legge samfunnet til rette slik at personer om tilhører minoriteter ikke diskrimineres, og slik at de kan uttrykke, holde oppe og videreutvikle sin identitet, både som gruppe og som individ».<sup>328</sup> Det andre er eit «ansvar for å følgje opp de forpliktelser vi har påtatt oss gjennom internasjonale avtaler og konvensjoner».<sup>329</sup> Her finn ein altså både eit nasjonalt og eit internasjonalt grunnlag som støtte til stortingsmeldinga, slik ein fann i stortingsproposisjonen til støtte for ratifiseringa.

Fleirtalet kommenterte også regjeringa si orsaking til romanifolket og for fornorskingspolitikken. Dei sa regjeringa no hadde tatt det moralske ansvar for dette og at «Det er ingen tvil om at sett under ett har disse overgrepene betydd en sammenhengende og sterkt undertrykkende politikk frå storsamfunnet overfor utsatte nasjonale minoriteter».<sup>330</sup> Ved å fylge opp politiske forslag med tiltak og ordningar som fremmar minoritetskultur og hindrar diskriminering, seier fleirtalet, «vil minoritetspolitikken komme over i et nytt og fremtidsrettet spor».<sup>331</sup> Fleirtalets kommentar om å få minoritetspolitikken inn i eit «fremtidsrettet spor» viser ei politisk haldning ein finn igjen i både mi analyse av politikken rundt sigøynarane på 1970-talet og omstreifarane rundt 1980, der tanken om modernisering var noko av drivkrafta bak dei politiske endringane. Det ligg til grunn i alle tilfella ei forståing av politikkutforming som noko utviklingsprega, der samfunnet blir betre med tida. Dette er ei utviklingsforteljing som fortel om ein prosess, utan start og utan ende, som var i stadig framgang, og som legg føringar politiske endringar for å sørge for at alle fylgte med i framgangen.

I sine merknadar sa også fleirtalet at dei hadde gjennomført eigne høyringer i handsaminga av stortingsmeldinga. Dei fekk innspel frå Det Mosaiske Trossamfund, Rom, Romanifolkets

---

<sup>327</sup> Innst. S. nr. 145 (2000-2001), s. 5

<sup>328</sup> Innst. S. nr. 145 (2000-2001), s. 5

<sup>329</sup> Innst. S. nr. 145 (2000-2001), s. 5

<sup>330</sup> Innst. S. nr. 145 (2000-2001), s. 6

<sup>331</sup> Innst. S. nr. 145 (2000-2001), s. 6

Landsforening, Skogfinske interesser i Norge, Norske Kveners Forbund og Hedemark fylkeskommune. I desse høyringane vart det gjennomgåande belyst eit behov for meir informasjon om dei nasjonale minoritetane, ikkje berre hjå minoritetane sjølve, men i samfunnet generelt. Ein finn også kommentarar av meir praktisk art. Til dømes KrF, H, Sp og SV seier at «det er helt avgjørende å følgje opp meldingens intensjoner med konkrete tiltak», og at ein tidsplan for dette og oppfølging i budsjetta er naudsynt. KrF, Sp og Sv ynskjer ein plan for gjennomføring i budsjettet til 2002. Ap meiner ein for konkret tidplan ikkje bør lagast. Budsjettet for 2002 vert lagt fram hausten 2001 noko som tyder at det er for tidlig å orientera om framgang i konkrete prosjekt. Denne delinga, mellom dei som vil ha tiltak inn i statsbudsjettet for 2002 og på Ap som meiner det er for tidlig, finn ein i dei fleste merknadar i dokumentet.

Mindretalet, medlemmene frå FrP, «er av den oppfatning at den norske stat skal behandle alle norske borgere likt uavhengig av gruppetilhørighet».<sup>332</sup> Det var opp til minoritetane sjølve å ta vare på eige språk eller kultur, meinte dei. «Bare på den måten får man ekte engasjement».<sup>333</sup> Vidare utrykkte mindretalet bekymring for antall potensielle nasjonale minoritetar. Dei viste til omgrepet «langvarig tilknytning til landet» og sa Noreg i dag har over 100 ulike minoritetsgrupper. «I fremtiden risikerer man å få over 100 ulike nasjonale minoriteter».<sup>334</sup> Mindretalet sa vidare at dei meinte ei orsaking frå regjering til romanifolket var på sin plass, og at nollevande offer for «dokumenterbare grove overgrep frå myndighetenes side tilkjennes oppreisning i form av økonomisk erstatning».<sup>335</sup>

I kommentarane til det fyrste kapitlet er det altså to posisjonar som markerer seg. Hjå fleirtalet vart forteljinga om minoritetane som undertrykka vidareført og argument for å stille seg bak innhaldet i stortingsmeldinga. For mindretalet vart fortida, ikkje til dei individuelle minoritetane, men til Noreg nytta som argument. Det var Noreg som fleirkulturelt, eit land med over 100 minoritetar, som var grunn til *ikkje* å stille seg bak stortingsmeldinga. For mindretalet var dette ein posisjon som avgjorde haldninga til resten av innhaldet i dokumentet. Komiteen gav nokre merknadar i fellesskap. Ettersom mindretalet var ueinig i sjølve oppretting av idenitetskategorien «nasjonal minoritet, hadde dei omtrent ingen andre merknadar til innhaldet i dette dokumentet, enn denne merknaden frå kapittel 1. For mindretalet var denne

---

<sup>332</sup> Innst. S. nr. 145 (2000-2001), s. 6

<sup>333</sup> Innst. S. nr. 145 (2000-2001), s. 6

<sup>334</sup> Innst. S. nr. 145 (2000-2001), s. 6

<sup>335</sup> Innst. S. nr. 145 (2000-2001), s. 6

identitetskategorien grunnlag for eit framtidig byråkratisk rot og ein veksande unødvendig kostnad. Og dette argumentet forankra dei i eit syn på Noreg si fortid som eit fleirkulturelt land.

I det neste kapitlet, som omhandlar det politiske grunnlag for eit kulturelt mangfaldig Noreg, vart dei viktigaste poenga frå stortingsmeldinga gjeven før komiteen gav ein felles merknad som inkluderer både fleirtall og mindretall. I den vart det presisert at «det norske samfunn bygger på respekt for menneskerettighetene og demokratiske prinsipper». Komiteen var einig om at alle som bur i Noreg, uavhengig av kva slags bakgrunn dei hadde, «skal ha like rettigheter, plikter og muligheter i alle deler av samfunnet og til å bruke sine ressurser».<sup>336</sup> Etter dette delte komiteen seg igjen i fleirtal og mindretal. Fleirtalet meinte dette i praksis ville tyde at «ulike individ og grupper trenger ulike tiltak og rammebetingelser for å kunne nytte og fylle sine retter og plikter fullt ut».<sup>337</sup> Dei sa Noregs fleirkulturellhet var ein rikdom og dei ynskte politikk som fremma denne rikdommen. Dei knytta med dette Noreg si fortid som fleirkulturelt saman med Noreg si notid som ein demokratisk stat med menneskerettar, likestilling og demokrati som berande prinsipp. Deira argument som støtta stortingsmeldinga lena seg dermed ikkje berre på Noreg si fortid, men også på forteljinga om den internasjonale utviklinga av menneskerettar. Mindretalet, medlemmene frå FrP, viste i sin kommentar til sine merknadar i kapittel 1. Her var det for begge partar Noreg si fortid som prega av innvandring som vart nytta som argument. Det fleirkulturelle Noreg var grunn til ratifisering hjå fleirtalet, og grunn til å seie nei til ratifisering hjå mindretalet.

Vidare tok innstillinga for seg det internasjonale grunnlaget for Noreg si deltaking i den internasjonale utviklinga av menneskerettar. Her var referansar til dei internasjonale konvensjonane i fokus. I kommiteens merknadar til kapitlet sluttar fleirtalet seg til stortingsmeldinga sin definisjon av dei nasjonale minoritetane som «Etnisk, religiøs og/eller språkleg minoritet med langvarig tilknyting til landet».<sup>338</sup> Vidare trakk dei fram FN-konvensjonen om rasediskriminering og at Noreg vart en del av den 5. september i 1970. Dei nemnde også ECRI, Europarådets komite mot rasisme og intoleranse som tidlegare har påpeika Noregs «assimileringstilltak og alvorlige brudd på menneskerettighetene til romanifolket».<sup>339</sup> Mindretalet viste til tidlegare kommentar til kapittel 1. Fleirtalet stilte seg ikkje berre bak stortingsmeldinga i sin kommentar, men dei la til endå fleire konvensjonar og

---

<sup>336</sup> Innst. S. nr. 145 (2000-2001), s. 8

<sup>337</sup> Innst. S. nr. 145 (2000-2001), s. 9

<sup>338</sup> St. Meld. Nr. 15 (2000-2001), s. 2

<sup>339</sup> Innst. S. nr. 145 (2000-2001), s. 10

menneskerettsinstrument til lista ein kjenner, ikkje berre frå *Stortingsmelding nr. 15 (2000-2001)*, men også frå *Stortingsproposisjon nr. 80*.<sup>340</sup> Grunnlaget for ratifiseringa, som igjen førte til stortingsmeldinga, vart her utvida. For mindretala var det fortsatt deira argument om Noreg som fleirkulturellt, og frykta for ein uhandterlig mengde nye nasjonale minoritetar, i sin kommentar til kapittel 1. som gjalt. Her viste det seg ei klar splitting i komiteen, i politisk tenking på dette feltet. Fleirtalet nytta i grove trekk to forteljingar om fortida. Ei om den internasjonale menneskerettsutvikling og ei om dei norske nasjonale minoritetane. For mindretala finn ein i grunn berre ei forteljing. Deira ramme rundt forteljinga er utelukkande nasjonal. Den handlar heller ikkje om dei gjeldande nasjonale minoritetane, men om Noreg som eit land med mange minoritetar, eit fleirkulturelt land. Aktiviseringa av denne forteljinga av mindretala vart gjort for å vise til det usikre med framtida om ein gjennomførte den føreslalte politikken. For fleirtalet handla det om å vere med på ei internasjonal utvikling, og i den samanhengen å gjere opp for fortida. Det vart ei prinsipiell ratifisering på internasjonalt grunnlag som førte til konkret politikk nasjonalt. Ved å berre ha ei forteljing med nasjonale rammer forsvann det internasjonale aspektet, og dermed også det prinsipielle grunnlaget for politikken retta mot dei nasjonale minoritetane.

Dei fylgjande kapitla går i større detalj inn på minoritetane si fortid, noverande situasjon og på tiltak og arbeide frå styresmaktene. Fleirtalet sa blant anna at «historien til de nasjonale minoritetene er for lite kjent».<sup>341</sup> Dei ynskja auka kultur- og kunnskapssatsing og å styrke faktagrunnlaget. Hovudmålet var å gje dei nasjonale minoritetane moglegheit til å varta kjend med eiga bakgrunn og identitet. «Det vil også bidra til at myndighetene får et bedre grunnlag for å utvikle sin minoritetspolitikk», sa fleirtalet og etterlyste auka forskningsinnsats på området.<sup>342</sup>

Fleirtalet i komiteen presiserte viktigheita av ratifikasjonen og framhaldt med det det prinsipielle grunnlaget for ratifiseringa, slik me kjenner det frå stortingproposisjon nr. 80 (1997-1998). Vidare viste fleirtalet til regjeringa sitt syn på at det er «uheldig å skille ut nye innvandrere frå en definert nasjonal minoritet når det gjelder individrettede tiltak»». <sup>343</sup> Det gjeld altså å ikkje gjere skilnaden på nye innvandrarar og på nasjonale minoritetar for store. Det vart også understreka av fleirtalet at kvar av gruppene som tilhøyrer dei nasjonale minoritetar er

---

<sup>340</sup> St. Prp. Nr. 80 (1997-1998), Kap. 1

<sup>341</sup> Innst. S. nr. 145 (2000-2001), s. 11

<sup>342</sup> Innst. S. nr. 145 (2000-2001), s. 11

<sup>343</sup> Innst. S. nr. 145 (2000-2001), s. 14

«svært forskjellige og på ingen måte kan sammenlignes og at dette må få konsekvenser for mangfoldet av tiltak».<sup>344</sup> Noko av det interessante med siste utsagn her er at den symboliserer i stor grad ei tydeleg endring frå Stortingsproposisjon nr. 80 (1997-1998). I den var noko av argumenta for ratifiseringa at den var av prinsipiell karakter. Det var ikkje naudsynt med noko endringar av verken lovverk eller økonomiske tilskudd. Dette vart hjå fleirtalet i kommunalkomiteen til «mangfoldet av tiltak», grunna forståinga av kvar individuelle gruppe som særeigen.<sup>345</sup>

I omtalen av kvar individuelle gruppe viste komiteen i fellesskap til at arbeide rundt nokre av dei nasjonale minoritetane allereie var igong. Dei viste til merknadar i *Innst S. nr. 46 (2000-2001)* som omhandlar *Stortingsmelding nr. 22. (1999-2000) Kjelder til kunnskap og oppleveling – Om arkiv, bibliotek og museum i ei IKT-tid og om bygningsmessige rammevilkår på kulturområdet*. I den vart det av fleirtalet påpeikt at «den kvenske minoriteten har vært lite påaktet i kulturvernsammenheng».<sup>346</sup> Tiltak for å bøte på dette var allereie igong. I tillegg til kvenske samlingar på Vadsø museum, var det planlagt det som då vart kalla Kvæntunet i Børselv i Porsanger, og som no har skifta namn til Kvensk Institutt, eit nasjonalt senter for kvensk kultur og språk. KrF, H, Sp og Sv viser i ein felleskommentar til fylkesplanen for Troms frå 10. november i 2000 der det vart omtalt bygging av eit kvenkultursenter i Regionens hus i Nordreisa. I fylkesplanen står det «Fylkesplanen for Troms har på en helhetlig måte synliggjort og integrert det samiske og det kvenske perspektivet».<sup>347</sup>

Fleirtalet viste også til *Stortingsmelding nr. 37 (1972-1973) om tiltak for de norske sigøyner*, og at det etter nedlegging av denne særomsorga i 1991 ikkje fantes offentlege tiltak overfor gruppa av rom lengre. I Stortingsmelding nr. 15 (2000-2001) vart det sagt at eit kontaktpunkt hjå styresmaktene var etterlyst av fleire romfolk. I merknad til kapitlet om romanifolket viste komiteens fleirtal til «de omfattende overgrep og utstrakt diskriminering romanifolket har blitt utsatt for».<sup>348</sup> Det vart på nytt vist til Innst. Nr. 46 (2000-2001) og omtalen av opprettinga av «et permanent dokumentasjons- og formidlingssenter for taterkulturen i Norge», på Glomdalsmuseet på Elverum.<sup>349</sup> Komiteen viste til St. prp. Nr. 802 (1997-1998) og Innst. Nr. 108 (1998-1999) «om det historiske og moralske oppgjøret med den behandling jødene fikk

<sup>344</sup> Innst. S. nr. 145 (2000-2001), s. 14

<sup>345</sup> Innst. S. nr. 145 (2000-2001), s. 14

<sup>346</sup> Innst. S. nr. 145 (2000-2001), s. 14

<sup>347</sup> Innst. S. nr. 145 (2000-2001), s. 14

<sup>348</sup> Innst. S. nr. 145 (2000-2001), s. 15

<sup>349</sup> Innst. S. nr. 145 (2000-2001), s. 15

under andre verdenskrig», der det i etterkant vart utbetalt 150 mill. kroner til sikring av jødisk kultur og framtid i Noreg.<sup>350</sup> Komiteens fleirtall viste også til at dei viktigaste krava frå skogfinnane gjeld «forsking, kulturbearing og kontakt me andre finskspråklige minoritetar».<sup>351</sup> Fleirtalet sa, med referanse til St. Meld. Nr. 22 (1999-2000), at departementet måtte vurdere korleis staten kunne bidra til «å sikre vern og videreutvikling av den skogfinske kulturarv».<sup>352</sup> Komiteens medlemmer får KrF, Sp, H og Sv ba regjeringa gjere rede for staten sine bidrag til dette i statsbudsjettet for år 2002. Komiteens medlem frå FrP viste til sin merknad i kapittel 1. I si omtale av «Tiltak og arbeid frå styresmaktene», sa komiteens fleirtal seg einig med regjeringa i at «Noreg ikkje skal nøye seg med å legge seg opp mot minstekravene i de internasjonale konvensjonene».<sup>353</sup> I den grad dei har noko å seie om dei foreslårne tiltaka var det for å presisere viktigkeit av gjennomføring og oppfølging i praksis. I merknadar til dei følgjande tiltaksomtalane viste mindretallet, altså komiteens medlemmer frå FrP, utelukkande til sin merknad i kapittel 1.

I dette får ein bekrefta i stor grad kor mykje sjølve det politiske grunnlaget for kategorien «nasjonal minoritet» har endra seg frå *Stortingsproposisjon nr 80 (1997-1998)* og fram til denne innstillinga. Frå ei prinsipiell ratifisering basert på forteljinga om menneskerettar i utvikling i ein internasjonal kontekst har ein enda med ei rekke tiltak for å gjere bot for tidlegare urett, støtta av forteljingar om liding innafor nasjonale rammer. Den internasjonale forteljinga har samanlikna med *Stortingsproposisjon nr. 80 (1997-98)* vorte redusert til ei sideforteljing, slik eg påpeiker i analysa av St.Meld nr. 15 (2000-2001). Den nasjonale forteljinga om minoritetane har vorte hovudforteljing. Merknadane frå fleirtalet handlar om at ein allereie har gjort *noko* for å tilfredstille krava til dei nasjonale minoritetane. Men, som dei sjølv sa, dei vil ikkje legge seg på noko minstekrav i internasjonale konvensjonar. Det var på dåverande tidspunkt altså ikkje gjort nok. I dette finn ein kimen til ein forståing som i nokon grad fell i takt med forståinga til dei minoritetsgruppene som i høyringsutsegna i *Stortingsproposisjon nr. 80 (1997-98)* ikkje var nøgde med dåverande situasjon.

Vedlagt til innstillinga var som nemnt to brev frå Kommunal- og regionaldepartementet. Dessa innehold svar på spørsmål stilt av Sosialistisk Venstreparti si stortingsgruppe v/ Karin Andersen, om politikken rundt dei nasjonale minoritetane. Det var totalt 13 spørsmål som

---

<sup>350</sup> Innst. S. nr. 145 (2000-2001), s. 14

<sup>351</sup> Innst. S. nr. 145 (2000-2001), s. 15

<sup>352</sup> Innst. S. nr. 145 (2000-2001), s. 15

<sup>353</sup> Innst. S. nr. 145 (2000-2001), s. 16

handla om konkrete aspekt av minoritetspolitikken. Blant anna dokumentasjon på omfanget av ulovlige tvangsteriliseringar, tiltak for å gjere omreisand handelsvirksomhet enklare, ytringsfridom, registrering av minoritetsbakgrunn i journalar og erstatningsordningar. Det mest interessante med svara vil eg hevde var at departementet seier seg nøgd med dei fleste eksisterande ordningane, anten det gjeld handelsverksemnd eller ytringsfridom. Departementet sa om erstatningsordningar at det kan lempast på bevisførsel «dersom det offentlige har makulert relevant arkivmateriale».<sup>354</sup> Men dei gjorde det med refranse til *St.prp. nr. 72 (1998-1999)*, som omhandlar billighetserstatning frå statskassen. Ein allereie eksisterande ordning. Kommunal- og Regionaldepartementet sa seg altså i nokon grad einig med Utanriksdepartementet si haldning, som vist til i mi analyse av *Stortingsproposisjon nr. 80 (1997-98)*. Status quo var godt nok.

Skiljelinja mellom fleirtal og mindretal vart trekt over sjølve grunnlaget for oppretting av identitetskategorien «nasjonal minoritet». Dette skiljet kan seiast å ha ein klar samanheng med kva forteljing partane valgte å støtte seg på. Den internasjonale forteljinga gav grunnlag og legitimitet til opprettinga av kategorien. Den nasjonale forteljinga gav grunnlag for å fylle den med innhald. Då mindretalet ikkje støtta seg til den internasjonale forteljinga forsvinn det prinsipielle argumentet for opprettinga av kategorien «nasjonal minoritet». Hjå mindretalet var det individuelle best ivaretatt med universelle tiltak, ikkje med særtiltak retta mot spesifikke grupper. Deira forteljing om Noregs fortid vart nytta for å skine lys på det problematiske ved kategorien. Kor mange nasjonale minoritetar kom eigentleg Noreg til å få i framtida? Hjå fleirtalet er kategorien naudsynt av prinsipielle grunnar, stadfesta av den internasjonale forteljinga. Då kategoriens eksistens var akseptert måtte kategorien få eit innhald. Deira hovudforteljing vart difor forteljinga om dei nasjonale minoritetane, slik me kjenner den frå *St. Meld. Nr. 15 (2000-2001)*. Og då denne forteljinga handla om lidelse og urett lyt også innhaldet ta hensyn til dette. Kvar gruppe er individuell, sa komiteen. Då må tiltaka også vere individuelle. Då kjem ein ikkje utanom at innhaldet i «nasjonale minoriteter», dei politiske tiltaka retta mot minoritetgruppene, vart eit «mangfold av tiltak» som tok sikte på å gjere bot for tidlegare urett. Politikkutformarane sitt historiemedvit, representert ved desse forskjellige forteljingane, krevde det.

---

<sup>354</sup> Innst. S. nr. 145 (2000-2001), vedlegg 2

## **4.4 Stortingsdebatt om St. meld nr. 15 (2000-2001) og Innst. S. nr 145 (2000-2001)**

I stortingsdebatten om *St. Meld. Nr. 15 (2000-2001)* og *Innst. S. nr. 145 (2000-2001)*, fra den 20. februar i 2001, finn ein igjen det same fleirtall og mindretall som i innstillinga. FrP sine medlemmer støtta ikkje innstilling eller stortingsmelding, medan dei andre partia gjorde det. 9 representantar deltok i debatten, frå henholdsvis Sosialistisk Venstreparti, Fremskrittspartiet, Kristelig Folkeparti, Høyre, Senterpartiet og Arbeiderpartiet.

Ordførar for saken, Helge Bjørnsen (SV), sa i sitt innlegg blant anna at St. Meld nr. 15 (2000-2001) var den fyrste heilskaplege gjennomgangen av statens politikk ovanfor dei nasjonale minoritetane, «folk som i mer enn hundre år har bevart sin identitet til tross for og ikke på grunn av slik støtte en kan forvente av et kultursamfunn».<sup>355</sup> Han kommenterte mindretalalet sin posisjon og sa det var «skuffende at ikke en samlet nasjonalforsamling kan stille seg bak de gode hensikter». Om fleirtalet sa han at det var uttrykt ein vilje «til å meisle en politikk for en framtid uten diskriminering og uten overgrep og neglisjering – en politikk for likeverd, for respekt, for mangfold og egenart og for åpenhet og synliggjøring av det kulturelle mangfold de nasjonale minoritetene representerer».<sup>356</sup> Vidare sa han om FrP at dei «forneker sitt navn» og at dei «hevder at det må være opp til den enkelte å hevde sin rett og ivareta sine interesser». FrP greide ikkje, sa Bjørnsen, «å se forskjellen mellom den enkeltes rett til selv å utøve eget språk og kultur og det at et samfunn har ansvar for å dokumentere og bidra til å bevare også minoritetenes uttrykksformer».<sup>357</sup> For Bjørnsen vart FrP sin posisjon altså at dei ikkje ville delta i den framtidsretta utviklinga fleirtalet støttar. Opprettninga av identitetskategorien vart med det knytt til modernisering av samfunnet, til *framsteg*. I sitt svar sa Torbjørn Andersen frå FrP at «det jo slik at vi alle er enig i prinsippet om likeverdighet for norske statsborgere, at det er et helt grunnleggende demokratisk element. Jeg tror ikke det er noen tvil om det».<sup>358</sup> For han dreide spørsmålet seg ikkje om framtidsretta minoritetspolitikk, men heller om «forskjellsbehandling på etnisk grunnlag, forskjellbehandling på grunnlag av forskjellig nasjonal opprinnelse», som etter hans syn var uheldig.<sup>359</sup>

---

<sup>355</sup> Stortingstidende, 2000-2001 s. 2006

<sup>356</sup> Stortingstidende, 2000-2001 s. 2006

<sup>357</sup> Stortingstidende, 2000-2001 s. 2006

<sup>358</sup> Stortingstidende, 2000-2001 s. 2007

<sup>359</sup> Stortingstidende, 2000-2001 s. 2007

FrP sin manglande støtte til stortingsmeldinga vart også omtalt av dei andre talarane. Ivar Østerberg (KrF) sa seg forundra over FrP som sa dei ville handtere alle likt. I andre saker, sa Østerberg, tok Frp utgangspunkt i folks behov, «ikke minst når de diskuterer helsepolitikk».<sup>360</sup> Sylvia Brustad (AP) sa ho syntes det var trist at ikkje eit samla storing stod bak heile innstillinga «særleg sett i lys av hvordan historien har vært på dette området. Det synes jeg ikke det er noen særlig grunn til å være stolt av».<sup>361</sup> Magnhild Meltveit Kleppa (SP) sa at FrP hadde «på nyt vist kor kort deira likeverdstenking eigentleg strekkjer seg når det kjem til stykket». Ho meinte dei hadde ein «manglande forståinga [...] for at det å tilretteleggja for at enkeltgrupper og enkelpersonar kan ha større moglegheiter til å vareta eigen identitet, kultur og tilhørsle, faktisk har med likeverd å gjera».<sup>362</sup> Svein Myrli (A) sa han meinte FrP hadde meldt seg ut av debatten. For han var det å diskutere med dei «kanskje like interessant som å diskutere hva som står i Skriften med en fra Hedningsamfunnet».<sup>363</sup> Det virka, sa Myrli, «som om Fremskrittpartiet befinner seg på en annen planet enn det resten gjør.» Ane Sofie Tømmerås (A) sa ho syntes det var «pinlig avslørende» då FrP-representanten snakka om lik rett til å vere norsk og til å ha nasjonal identitetsfølelse. Ho sa at det «Mange hundre år før representanten fra Fremskrittpartiet var påtenkt» budde både kvensktalande, jødisktalande, rom og romani i landet. Desse var norske nordmenn busett i Noreg gjennom hundrer av år, sa Tømmerås, «som har et annet morsmål enn det representanten Andersen har, som tror på en annen gud, og som danser annerledes enn ham. Men de er også en del av Norge».<sup>364</sup>

Til tross for at FrP nytta som premiss for sin ståstad at dei gjeldande minoritetane var norske og difor burde handsamast likt dei «andre» norske sa blant andre Tømmerås altså her at det var nettopp det FrP ikkje gjorde. For hjå mindretallet fann ein i liten grad denne undertrykkjingsforteljinga som var styrande for fleirtalet sine haldninga. Hjå dei var det dei politiske konsekvensane i framtida som var hovudfokus. For fleirtalet var minoritetane si forteljing om liding og urett avgjerande for den politiske haldninga, og deira haldning til mindretalets posisjon bar preg av dette. At mindretallet i mindre grad såg til fortida, gjorde at fleirtalet såg på den posisjonen som nettopp ikkje oppteken av likeverd og likestilling. Korleis kunne ein vere motstandar av denne prinsipielt viktige politikken, då ein visste kor vondt desse gruppene hadde hatt det før?

<sup>360</sup> Stortingstidende, 2000-2001 s. 2009

<sup>361</sup> Stortingstidende, 2000-2001 s. 2012

<sup>362</sup> Stortingstidende, 2000-2001 s. 2012

<sup>363</sup> Stortingstidende, 2000-2001 s. 2014

<sup>364</sup> Stortingstidende, 2000-2001 s. 2013

I innlegga finn ein også eit visst syn på minoritetgruppene ein kan kjenne igjen frå mine analysar av sakprosa om sigøynarane og omstreifarane. Det ligg til grunn noko som kan seiast å i nokon grad likne ein sjukleggjering av minoritetane. Østberg sin samanlikning med helsepolitikken trekk i retning av dette synet. Bjørnsen kom med ein analogi som også bidrog til dette. Han sa at dersom ein halt og ein som ikkje er halt «skal gå same strekningen og vi ønsker at begge skal komme til mål på vel vis og ikke helt ulikt, må en få forskjellsbehandling». <sup>365</sup> I dette finns ei forståing av minoritetane som «halte». Deira svakheit var påført av oss, av storsamfunn og av stat. Deira «halting» var deira svekka kultur og deira forsvinnande språk. I dette finn ein ei einighet med Norske Kveners Forbund sitt fråsegn i *Stortingsproposisjon nr. 80 (1997-98)*, om si folkegruppe som fortsatt ikkje likestilte. Men her gjaldt det for alle minoritetane. Også her, lik i *Stortingsmelding nr. 15 (2000-2001)*, bidrog forteljinga om minoritetane altså til å skape ein felles identitet for alle gruppene tilhøyrande kategorien «nasjonal minoritet».

Forteljingane i debatten var dei same som i innstillinga. Det ein finn nytt her er noko som liknar eit blaff frå fortida, eit ekko av nokre haldningar som gjorde seg gjeldande i handsaminga av sigøynarane rundt 1970. For enkelte av representantane, spesielt Bjørnsen og Østerberg, nyttja ord som kan seiast å i nokon grad svakleggjere dei nasjonale minoritetane. Dei var kulturelt og språkleg «halte». Det minoritetspolitiske feltet vart samanlikna med helsepolitikk. Dei nasjonale minoritetane hang etter resten av befolkninga. Dermed fekk ein, ein politisk aksept for dei sideforteljingane eg fann i *Stortingsproposisjon nr. 80*, og hovudforteljinga i *Stortingsmelding nr. 15 (2000-2001)*. I det kollektive historiemedvitet som låg til grunn for politikkutforminga rundt sigøynarane rundt 1970 var minoritetsgruppa ei svak gruppe det var heilt naudsynt å hjelpe med spesielle tiltak. Dette finn ein altså i nokon grad igjen i denne debatten frå 2001. Her var alle dei nasjonale minoritetane svake, og dei trengde alle kulturelle og språklege krykkjer frå staten for å kunne slå følgje med resten av befolkninga.

## 4.5 Fortellingar og historias rolle

Denne sakongen endar altså med politisk støtte til *Stortingsmelding nr. 15 (2000-2001) Nasjonale minoriteter i Noreg – om statleg politikk overfor jødar, kvene, rom, romanifolket og skogfinnar*. Av konkrete tiltak var det løyvinga av midlar for oppretting av eit senter for dokumentasjon av romanifolkets kultur og historie som stod tydelegast fram. I

---

<sup>365</sup> Stortingstidende, 2000-2001 s. 2014

stortingsmeldinga var det det einaste punktet oppført i kapittelet om økonomiske og administrative konsekvensar. Senteret, kalla Latjo Drom, vart ferdig som ei avdeling av Glomdalsmuseet på Elverum i 2006.<sup>366</sup> Men i tillegg til dette tiltaket meiner eg å sjå ei særsviktig endring som ikkje set direkte spor i statsbudsjett, slik dokumentasjonssenteret gjer. Eg ser ei endring i hovudforteljing, frå ei internasjonal til ei nasjonal. Saman med den får ein ei endring frå det politisk prinsipielle til det konkrete, og endå viktigare; ein aksept av eit kollektiv historiemedvit som gjer krav på ein bestemt type politikk.

Eg byrja analysen med *Stortingsproposisjon 80 (1997-98) – Om samtykke til ratifikasjon av Europarådets rammekonvensjon av 1. februar 1995 om bekjettelse av nasjonale minoriteter*, der eg fann ein hovudforteljinga som passa med Jörn Rüsen sin forteljingstype *utviklingsforteljing*. Her var endring i fokus. Og då det er ei endring til det stadig betre kan Peter Aronsson sin type *framsteg – frå mørket stiger vi mot lyset* også seiast å vere passande. Denne framstegsforteljinga handla om menneskerettar og dannar grunnen i argumentet om ei ratifisering av *Europarådets rammekonvensjon om beskyttelse av nasjonale minoriteter* på prinsipielt grunnlag.

Den neste forteljinga som gjorde seg gjeldande fann eg først som ei sideforteljing i *St.Prp. nr. 80 (1997-1998)*. Forteljinga handla om minoritetane innanfor ei nasjonal ramme. I *St. Meld nr. 15 (2000-2001)* har altså hovud- og sideforteljing frå *St.Prp nr. 80 (1997-1998)* bytta plass. Den internasjonale framstegsforteljinga finn eg som ei sideforteljing. Den byggjer fortsatt opp under det prinsipielle grunnlaget for ratifiseringa av rammekonvensjonen. Men hovudforteljinga var no forteljinga om minoritetane. Og dette er ikkje noko framstegsforteljing. Det er heller ikkje noko utviklingsforteljing. Her var ikkje endring i fokus, men *undertrykkjing*. Denne undertrykkjingsforteljinga vart vidareført både i *Innstilling S. nr 145* og stortingsdebatten. Dermed finn eg ein konkret politisk aksept av det historiemedvitet denne forteljinga kan seiast å representere. For dette er dei etnopolitiske organisasjonane si forteljing. Det er blant anna Norske Kveners Forbund, Stiftelsen Roma og Landsforeningen for Romanifolket si forteljing som i størst grad pregar saksgongen etter *St.Prp nr. 80 (1997-98)*. Det historiemedvitet desse forteljingane representere gjorde minoritetane til *offer*, og stat og storsamfunn til *gjerningsmenn*.

I tillegg finn eg i saksgongen ei forteljing som går på tvers av dokumenta, ein *saksgongens grunnforteljing*. Frå stortingsproposisjon til debatt finn ein kimen av ei forteljing om *utvikling*

---

<sup>366</sup> Ein grundig representasjonsanalyse av Latjo Drom er å finne i masteravhandlinga Kalsås, Vidar, 2011, *Minoritetar på utstilling: Framstillinga av samane og romanifolket sin histoire på museumsutstillinar*, UiB

og *framsteg*. Denne handlar om bygging av nasjonen. Om å utvikle den med omsyn til menneskerettar. Om modernisering. Nok ein gong er det *samfunnsutviklingsforteljinga* som dukkar opp. Den som også fantes i opprettinga av særomsorga for sigøynarane og i fjerninga av særomsorga for omstreifarane. Dette vart godt eksemplifisert i stortingsdebatten med Helge Bjørnson sitt utsegn om å få minoritetane til å «gå i takt» med resten av samfunnet. Samfunnet har løfta seg medan minoritetane har vorte etterlatt grunna stat og storsamfunns undertrykking. No trengs politikk for å løfte dei opp til vårt nivå igjen. Då undertrykkjingsforteljinga så tydeleg skapte offer og gjerningsmenn, og denne saksgongens grunnforteljing tydeleg viste til ei forståing av samfunnet som i ei stadig forbetrande utvikling, tok forståeleg nok politikken form slik den gjorde. For her handla det ikkje berre om å gje status og å kategorisere. Her handla det om å gjere opp for urett. Difor gjekk politikken frå å vere prinsipiell om deltaking i menneskerettsutvikling på internasjonalt plan til å bli ei konkret orsaking og til forsøk på å gjere opp for tidlegare urett. Og med det viser samanhengen mellom tiltak og forteljing seg. For forteljingane i denne saksgongen krev ein bestemt type politikk. Det munnar ut, ikkje berre i forsøk på å bevare kultur, men også i forsøk på å gje tilbake noko av det som i fortida vart forsøkt tatt frå minoritetane. Ein fekk museum, dokumentsenter og føringar for kulturelle og språklege verksemder meint å vekkje til live deler av minoritetanes kultur.

# 5 Dei politiske forteljingane om dei nasjonale minoritetane

I desse tre saksgongane finnes altså forteljingar om minoritar, om institusjonar og om samfunnet rundt dei. Forteljingane ber preg av tida dei er frå, då dei i nokon grad reflekterer den kunnskap om fortida som eksisterer i si samtid. Dette viser seg i dei forskjellige historiemedvita eg finn representert i dei tre forskjellige saksgongane. Men aller først trengs ei oppsummering av funna mine. Den overordna problemstillinga var altså følgjande: Kva rolle spelar historie i politkkutforming retta mot nasjonale minoritetar. Denne delte eg inn i fleire spørsmål: Kva slags forteljingar kan ein finne i den politiske sakprosaen i saksgangar som omhandlar nasjonale minoritetar? Endrar forteljingane og historiemedvita forteljingane representerer seg over tid? Kven sit historiemedvit pregar desse forteljingane? Kva slags samanheng finn ein mellom forteljingane, vedtaka og tiltaka det til slutt vart gjeven politisk støtte til? Eg vil no gjere ein gjennomgang av desse med omsyn til funna i analysen. Eg byrjar med det første først: Kva slags forteljingar kan ein finne i den politiske sakprosaen som omhandlar nasjonale minoritetar? Sagt annleis: Kva seier sakprosaen at hendte?

## 5.1 Forteljingane

I prøvinga av analysemetoden eg skissert i innleiinga mi har eg funne at omgrevsapparatet eg viste til berre tek meg eit stykke på vegen i forsøket på å svara på problemstillingane. Side-, hovud, og grunnforteljingsomgrepa bidreg til å vise kva nivå forteljingane ligg på i sakprosaen, medan forteljingstypane og tropane til Jörn Rüsen og Peter Aronsson viser kva form forteljingane har. Men dette viser seg altså å ikkje vere tilstrekkeleg. Det er nemleg først ved å vise til forteljingas *substans*, det forteljingane faktisk handlar om, at ein kan seie noko om kva slags *handling* forteljingane legg føringar for. Følgjeleg har eg definert fleire *substansielle forteljingskategoriar* meint å seie noko om innhaldet i dei forskjellige forteljingane, og kva handlingsimperativ forteljingane viser til. Det har vist seg meir nyttig å seie noko om *kva hendte* heller enn å seie *kva form* forteljinga om det som hendte har. Med det finn eg fleire forteljingar på fleire nivå, som viser forskjellige samanhenger mellom forteljing og politikk i dei tre saksgongane eg har analysert.

Utforminga av politikk for sigøynarane på 1970-talet førte til opprettinga av ei særomsorg tilpassa det dei som forma politikken forstod som ei særeigen gruppe. I sakprosaen som omhandla dette fann eg to forteljingar som begge spelte viktige roller i utforminga av dei politiske tiltaka. Den eine forteljinga handla om sigøynarane sit lange elende, deira særeigenheit og korleis dei alltid har eksistert på botn av dei sosiale lag uansett kvar dei har vore. Forma på denne forteljinga passar både til Rüsens *tradisjonsforteljing* og til Aronsson sin *intet nytt skjer under solen*-trope. Den andre forteljinga er ei forteljing om samfunnsutviklinga. Den handla om velferd og menneskerettar i ei utvikling som nærmest *berre skjer*, og passar både Rüsens *utviklingsforteljing* og Aronssons *framstegsforteljing*. Desse tropane og typane seier noko om kva form forteljingane har. Men i forsøket på å seie noko om samanhengen mellom forteljing og politiske vedtak viser dei seg å ikkje vere tilstrekkelige. For å verkjeleg spisse nytteverdien av forteljingsomgrepa må forma også fyllast med substans. Kva er det desse forteljingane seier hendte? Følgjeleg har eg utvida og speifisert omgrevsapparatet meir. Tradisjonsforteljinga om sigøynarane har eg kalla ei *forfallsforteljing* og utviklingsforteljinga har eg kalla ei *samfunnsutviklingsforteljing*. Desse *substansielle forteljingskateoriane* som eg har definert over gjer meir enn å berre vere nytta knaggar å hengje forteljingsfunn på. Dei viser også kva slags handlingsimparativ forteljingane legg føringar for. Forfallsforteljinga peika som vist i analysa i klår retning av sosialpolitiske tiltak, oppretting av ei særomsorg. Samfunnsutviklingsforteljinga fantes på tvers av dokumenta i saksgongen, og følgjeleg vart den ei *saksgongens grunnforteljing*. Denne forteljinga peika også i retning av handling. Den legg føringar for politiske handlingar som var *betre enn dei ein hadde nytta før*. For sigøynarane vart difor særomsorga som vart oppretta prega av frivillighet, med klår avstand frå tidlegare tvangstiltak.

Omlegginga av omsorga for omstreifarane frå midten av 1970-talet og oppover var prega av fleire forteljingar, og fleire som fortalte. Ei av utfordringane med å kartlegge forteljinga finnes i den endringa som skjer underveis i saksgongen, der politikkutformaranes historiemedvit vart utfordra og til slutt endra. I byrjinga virka det å vere ei konsensusforståing i innlegga i debatten, av omstreifarane som ei særeigen gruppe representert av ei forteljing med form som ei tradisjonsforteljing. Også her fann eg det naudsynt å spesifisere meir for å seie noko om innhaldet i forteljinga, og kalla det følgjeleg ei *minoritetsforteljing*. Etter noko undersøking av utvalet bak *NOU 1980: 42* endra dette seg då gruppa viste seg å heller vere sosio-økonomisk og ikkje etnisk. Denne forteljinga hadde form som ei Rüsens *kritisk forteljing*. Denne viste at det det *eigentleg* vart fortald om var først og fremst ikkje omstreifarane, men

*omstreifarkategorien*. Difor kalla eg den kritiske forteljinga ei *identiteskategoriforteljing* for å også seie noko om forteljingas innhald, og for å vise kva handling ei slik forteljing motiverte for. Det vart også fortald om Norsk Misjon for Hjemløse. Denne forteljinga var ei *framstegsforteljing* om Misjonen som vaks i omfang. Det var i samanlikninga av desse forteljingane at symbiosen mellom Misjonen og omstreifarkategorien vart klår. Dei var avhengig av kvarandre for å eksistere. Minoritetsforteljinga vart utfordra og erstatta av identitetskategoriforteljinga, og følgjeleg var det ikkje grunn til å opprethalde særomsorga for minoriteten. Arv og etnisitet passar som kriterier i ein minoritetskategori, men ikkje som kriterier for den sosio-økonomiske kategorien identitetskategoriforteljinga fortel om. Grunnlaget for særomsorga for omstreifarane falt dermed vekk. Utvalet gjekk difor inn for å fjerne særomsorga. Og då Misjonen mista ansvaret for særomsorga opphøyrde omstreifarkategorien å eksistere.

I tillegg fann eg også her ei *saksgangens grunnforteljing* lik i saksgongen hjå sigøynarane. Saken var tufta på eit moralsk dilemma som bidrog til å danne ramma dei politiske endringane skjedde innafor. Her var det også menneskerettar og velferdgjering det vart fortald om. Ei *utviklingsforteljing* jamnfør Rüsens og ei *framstegsforteljing* jamnfør Aronsson. Desse typane og tropane angjer *form*, men for å seie noko om hanlingsimperativet er det som nemnt *substans* som trengs. Difor vart det også her ei *samfunnsutviklingsforteljing* som nok ein gong var vinden i seila som dytta politikken fram mot nye avgjersler. For sigøynarane vart det avgjerande for det frivillige ved dei sosialpolitiske tiltaka. For omstrefarane vart det avgjerande for sjølve grunnlaget for behovet for politiske endringar, då vurderinga av særomsorg vart sett på, som sosialminister Halvorsen sa i debatten, «i lys av den utvikling som har vært ellers i samfunnet».<sup>367</sup> Samfunnsutviklingsforteljinga la altså føringar for å oppdatere politikken rundt omstreifarane til å passe til utviklinga elles i samfunnet.

Då kategorien «nasjonal minoritet» vart realisert i Noreg 2001 var det fleire forteljingar som hadde gjort seg gjeldande i den aktuelle sakprosaen. Ei handla om menneskeretssutviklinga i eit internasjonalt perspektiv. Denne var ei *utviklingsforteljing* ala Rüsens, og ei *framstegsfortelling* ala Aronsson. Ei anna handla om fortida til minoritetsgruppene. I denne forteljinga fann eg i nokon grad element som liknar *tradisjonsforteljing* i den grad elendet vart gjeven eit historisk langt tidsperspektiv, lik *uendelighetsaspektet* i Rüsens sin forteljingstype. Minoritetsgruppa virkar uforanderlig opp gjennom tida. Men heller ikkje her vart det

---

<sup>367</sup> Stortingstidende 1974-75, s. 3729

tilstrekkeleg å berre angje forteljingas form. Her fann eg det også nadsynt å vise til forteljingas substans for å vise til samanhengen mellom forteljing og handling. Utviklingsforteljinga kalla eg difor ei *menneskerettsutviklingsforteljing*. Denne forteljinga peikar på eit bestemt handlingsimperativ som vist i analysen av *Stortingsproposisjon nr. 80 (1007-1998)*, nemleg å delta på denne menneskerettsutviklinga ved å ratifisere *Europarådets rammekonvensjon om beskyttelse av nasjonale minoriteter*. For minoritetane sin del vart det heller ikkje nok å berre angje forteljingas form. Då hovudfokus i forteljinga ikkje var *endring*, men *liding* og *undertrykking*, kalla eg heller dette ei *undertrykkingsforteljing*, der minoritar var offer, og stat og storsamfunn var gjerningsmenn. Med denne forteljinga fylgte det også eit handlingsimperativ. Undertrykkjinga krav orsak og oppgjer. Følgjeleg vart det gjeve støtte til nye politiske tiltak meint å dyrke og tryggje minoritetane sin kultur, deira språk, og deira særeigenhet og klårt uttalte orsaksgjevingar frå regjeringa.

Det interessante med desse forteljingane var at dei bytta plass underveis i saksgongen. I *Stortingsproposisjon nr 80 (1997-1998)* hadde menneskerettsutviklingsforteljinga plass som hovudforteljing, medan undertrykkingsforteljinga som kom til utsyn i høyringsfråsegna var sideforteljing. I *Stortingsmelding nr. 15 (2000-2001)*, samt påfølgande innstilling og stortingsdebatt, vart undertrykkingsforteljinga fremja til hovudforteljing medan menneskerettsutviklingsforteljing vart redusert til sideforteljing. Begge desse substansielle forteljingskategoriane viser til ein samanheng mellom forteljing og handling. Ein ratifiserte rammekonvensjonen på prinsipielt grunnlag. Og ein forma ein kulturbergingspolitikk meint å gje minoritetane tilbake det staten ein gong tok frå dei, samtidig som ein ba om orsak for det forfallsforteljinga sa hendte. Ein får som nemt museum, dokumentsenter og føringar for kulturelle og språklege verksemder meint å vekkje til live deler av minoritetanes kultur.

I tillegg til dei to hovud- og sideforteljinga nemnt over fann eg og, lik i dei to andre saksgongane, ei *saksgongens grunnforteljing*. Også her var det ei Rüsenk *utviklingsforteljing*. Den liknar den internasjonale hovudforteljinga frå stortingspreposisjonen, men her var den nasjonal. Det var nasjonens utvikling, velferdsgjering og moralske progresjon som danna den narrative ramma i saksgongen. Ein finn det klårt uttalt i debatten som vist i mi analyse, der ein omtala politikken som naudsnyt for å få minoritetane til å gå i takt med resten av samfunnet. Samfunnet utvikla seg i ei retning, men ein hadde mista minoritetane på vegen. Følgjeleg vart saksgongens grunnforteljing også her denne *samfunnsutviklingsforteljinga*, som eg også fann i dei andre saksgongane.

For dei nasjonale minoritetane vart dei etnopolitiske aktørane si forteljing, i størst grad dei for kvenene, rom og romani, førande for kulturbergingspolitikken som følgde. Ein fekk til dømes ikkje sosialpolitiske tiltak som for sigøynarane. For omstreifarane vart det segregerande ved den felles identitetskategorien framheva, men ikkje for dei nasjonale minoritetane. I dette finn ein også eit aspekt vel verdt å merkje seg. For i saksgongen rundt dei nasjonale minoritetane kjem det saman med undertrykkingsforteljinga til de etnopolitiske aktørane ei forståing av minoritetsgruppene som liknar den eg fann om sigøynarane. Eg finn i debatten ei svakleggjering, ja nærast sjukleggjering, i omtalen av gruppene.

## 5.2 Historias rolle

I byrjinga spurte eg også om forteljinga og historiemedvitet desse forteljingane representerer endrar seg over tid. Grunnforteljingane eg nemner over tilseier at svaret her burde vore *nei*, då det både for minoritetsgruppene og for samfunnet er i nokon grad like forteljingar. Eg vil likevel svare *ja* her. Forteljingar og historiemedvit endrar seg over tid. Det vil seie, den politiske grunnforteljinga om utvikling av samfunnet framstår interessant nok som den same frå saksgong til saksgong. Forteljingane om minoritetane endrar seg derimot mykje. Dette kan best forklarast i samanheng eit anna spørsmål eg ynskte å svare på: Kven sit historiemedvit pregar desse forteljingane? Dette vil eg svare på ved å vise til kva roller histoira spela i dei forskjellige saksgongane.

### 5.2.1 Historias rolle som *formande*

Opprettjinga av særomsorga for sigøynarane vart prega av i hovudsak to forteljingar, med form som tradisjonsforteljing og utviklingsforteljing, og med innhald som gjorde at eg definerte dei som forfallsforteljing og samfunnsutviklingsforteljing. Desse forteljingane virka å representere politikkutformarane sitt eige historiemedvit. Som nemnt i tidlegare kapittel fantes det lite eller inga forsking om sigøynarane på saksgongens tid, i motsetning til rundt saksgongen som omhandlar dei nasjonale minoritetane nær 30 år seinare. Då politikkutformarane ikkje virka særlig interesserte i å undersøkje fortida til sigøynarane og forsking ikkje fantes, vart deira eige historiemedvit kjelda til kunnskap. Det fantes også som nemnt tilsynelatande innspel frå sigøynarane sjølve, i form av eit brev frå den sjølvutnemnte sigøynerkongen Polykarp Karoli. Men å seie at dette representerer sigøynarane som kollektiv vert vanskeleg då dette vart ført i pennen av sosialfunksjonærar. Følgjeleg representerer forteljingane altså politikkutformarane

sit eige historiemedvit *slik det var* i byrjinga på saksgongen. Historiemedvitet endrar seg i liten grad undervegs i saksgongen, som vist ved at forteljinga om sigøynarane blei verande mykje godt den same. Dette historiemedvitet virka å vere kjelda til forståinga av kven sigøynarane var, og følgjeleg fekk historia ei rolle som *formande* for dei politiske vedtaka. Fordi sigøynarane blei forstått av dei som formar politikken som nærmast sjuke, som eit omreisande sosialt problem, og som alltid på botn av dei sosiale lag, fekk ein politikk meint å løfte desse opp frå botn og til vårt nivå. Forteljinga satte rammer rundt dei politiske avgjerslene. Dette ser ein i samanlikninga med saksgongen rundt dei nasjonale minoritetane, der det var undertrykking som var fokus. I forteljinga om sigøynarane fantes i liten grad gjerningsmenn. Her var det nettopp *ikkje* undertrykking som var problemet, men *forfall*. Då får ein, i motsetning til hjå dei nasjonale minoritetane, ikkje kulturpolitikk som resultat, men heller sosialpolitikk.

### **5.2.2 Historias rolle som *bestemmande***

I sakprosaen som omhandla omstreifarane frå slutten av 1970-talet og fram til 1981 fann eg at historie spelte ei anna rolle. Ved opprettinga av særomsorga greip dei politiske aktørane til sit eige historiemedvit for å finne kunnskap om sigøynarane. Då særomsorga for omstreifarane vart fjerna var det grunna i ei *endring av historiemedvit*. Stortingsdebatten om omstreifarane enda med at sosialminister Halvorsen lova opprettjing av eit utval som skulle sjå på omstreifarane si særomsorg. I denne debatten fantes ein tverrpolitisk fleirtallseinighet om kven omstreifarane var. Forteljinga i debatten representerte eit historiemedvit der omstreifarane var ei særeigen gruppe. I *NOU 1980: 42 Omstreiferne. Deres situasjon og hjelpetiltak for dem* vart dette historiemedvitet utfordra ved at utvalet ikkje berre gjekk til eksisterande forsking representert ved Eilert Sundt og Kaspar Flekstad, men også ved at dei tok kontakt med andre land, med sosialkontor, politi og ikkje minst med omstreifarane sjølve. Her virkar dei som formar politikken å agere nærmast som historikarar sjølve, då dei forsøkte på Ranke-aktig vis å fortelje om fortida *slik den eigentleg var*. Det forskinga gav viste seg i form av ei kritisk forteljing eg kalla identiteskategoriforteljing. Forståinga av kven omstreifarane var endra seg grunna det historia fortalte. Følgjeleg fekk historia ei *autorativ* rolle, då den avgjorde at særomsorga for omstreifarane måtte opphevast då omstreifarkategorien viste seg å vere ein sosio-økonomisk konstruksjon. Historia bestemde politikken.

### **5.2.3 Historias rolle som *identitetsskapande***

Opprettinga av kategorien «nasjonal minoritet» rundt slutten av 1990-talet, etter ratifiseringa av rammekonvensjonen, førte igjen til eit behov for å fylle kategorien med innhald. I sakprosaen som omhandla dette fann eg at hovudforteljinga frå stortingsproposisjon vart redusert til sideforteljing i etterfølgjande stortingsmelding, medan sideforteljinga fekk i stortingsmeldinga plass som hovudforteljing. Her virkar stortingsmelding og etterfølgjande innstilling og debatt å fortelje i samsvar med dei etnopolitiske organisasjonane si forteljing frå Stortingsproposisjonen. Spesielt Norske Kveners Forbund var framtredande i stortingsproposisjonen, der dei hevda å vere alt anna enn likestilte med det norske samfunn. Dette finn ein igjen i den siste debatten før stortingsmeldinga vart vedlagt protokollen. Her vart dei nasjonale minoritetane omtalt som *halte* og minoritetspolitikken vart samanlikna med helsepolitikk. Dermed finn ein det eg vil kalle ei *adoptering av historiemedvit*, der den politiske forteljinga etter kvart fell i takt med den etnopolitiske. Dei politiske aktørane tok til seg dei etnopolitiske aktørane si framstilling. Ein går frå å fortelje om ei internasjonal utvikling som grunnlag for ei prinsipiell ratifisering, til ei nasjonal forteljing om liding påført av stat og storsamfunn, og så til å fortelje om minoritetsgrupper som nærmest sjuke på grunn av fortidas undertrykking. Det finnes relevant forsking på denne tida, av blant anna sosialantropologar og historikarar, som reflektert av den rikhaldige journalføringa til saksmappa til *St. Meld nr. 15 (2000-2001)*. Men i sakprosaen virkar forteljinga frå stortingsmeldinga og utover først og fremst å representere historiemedvitet til dei etnopolitiske aktørane, då forteljingane har same fokus på stat og storsamfunns overtramp.

Følgjeleg hadde historia fleire roller. I stortingsmeldinga fekk den ei i nokon grad *formande* rolle, då den satte rammer for typen politikk ein utforma, som den høge graden av frivilligheit i sjølve kategorien «nasjonal minoritet». Den fekk også i nokon grad rolle som *bestemmande*, då forfallsforteljinga i stortingsmeldinga krav orsakingar og kulturbergingspolitikk, og menneskerettsforteljinga i stortingsproposisjonen krav ratifisering av rammekonvensjonen. Men historia fekk også rolle som *identitetsskapande*, ikkje for korleis alle dei etniske minoritetane oppfatta seg sjølve, men for korleis dei som formar politikken tenkte om dei etniske minoritetane. I Stortingsproposisjonen kjem Utanriksdepartementet med ei noko nøktern framstilling av dei aktuelle minoritetsgruppene med hovudfokus på deira lange tilhøyriighet. Dei vart her forstått som minoritetsgrupper med lang tilhørysle til Noreg. I *Stortingsmelding nr. 15 (2000-2001)* vart det fortalt om minoritetsgruppene på ein annan måte.

Det vart ei forfallsforteljing. I stortingsdebatten om stortingsmeldinga er det denne forteljinga fleirtalet fortel om mionritetane Dei vart omtalt *heilsapeleg*, ikkje som 5 forskjellige grupper, men som ei gruppe. Med forfallsforteljinga fylgte ikkje berre orsak og kulturbergingspolitikk, men også eit bestemt syn på *kven dei var* som *ei* gruppe. Dei var annleis og undertrykkja, anten dei var kvener, skogfinnar, jødar, rom eller romani. Dei dansa annleis enn oss andre, dei halta og dei trong hjelp frå stat og storsamfunn for å gå i takt med resten av samfunnet.

Det er ikkje utenkjeleg med ein annan type forteljing for dei nasjonale minoritetane. Til dømes vart samane i *Stortingsmelding nr. 15 (2000-2001)* fortald om på ein måte som fremja ei positiv utvikling for gruppa, heller enn med fokus på fortidas urett. Slik finnes ikkje for dei nasjonale minoritetane. Til tross for snakk om minoritetane som «halte», som nokon som treng krykkjer for å kome i takt med resten av samfunnet er tankar og snakk om sosialpolitiske tiltak, slik som for sigøynarane, vekke. Her er det anger, orsak, og oppgjer som gjeld. Og i dette var forståinga av minoritetanes si fortid avgjerande. At ein i størst grad lena seg på etnopolitiske organisasjonar si forteljing om offer og gjerningsmenn, gav politikken den forma den fekk. Legg spesielt merke til Mosaisk Trossamfunn si framstilling av den jødiske gruppa i samanheng med førespurnad om dei ville vere nasjonale minoritetar, som omtalt i *Stortingsproposisjon nr. 80 (1997-98)*. Dei var, som nemnt tidlegare, «i liten grad opptatt av sin minoritetstatus i forhold til å få særordninger eller aktivt markere avstand til storsamfunnet».<sup>368</sup> «Vi ser oss først og fremst», sa Mosaisk Trossamfunn, «som helt integrerte nordmenn med en annen religion og andre tradisjoner enn majoriteten».<sup>369</sup> Dette *kunne* vore ein del av forteljinga om dei nasjonale minoritetane i etterfølgjande stortingsmelding, innstilling og debatt. Men i staden vart jødane omtalt med same forteljing som den Norske Kveners Forbund, Romanifolkets Landsforening og RACON gjer uttrykk for i stortingsproposisjonen. Ei forteljing om undertrykking, offer og gjerningsmenn, og om minoritetar som ikkje er likestilte med storsamfunnet. Difor meinar eg at historias rolle her vart, i tillegg til formande og bestemmande, også identitetsskapande då historiemedvitet til dei som forma politikken for dei nasjonale minoritetane etter kvart reflekterte eit bestemt syn på *kven dei i kategorien var*. Dei var *offer*, og dei politiske handlingane måtte bøte på dette ved å gje dei kulturen sin tilbake, gje dei språket og få dei opp på resten av samfunnets nivå.

---

<sup>368</sup> St.Prp. nr. 80 (1997-98), s. 17

<sup>369</sup> St.Prp. nr. 80 (1997-98), s. 17

## **5.2.4 Den politiske grunnforteljinga si rolle som *retningsvisande***

I jakta på forteljingar har eg som nemnt nytta omgrep henta frå historikarane Heiret, Rymin og Skålevåg si *Fortalt Fortid*. Omgrepa side-, hovud-, og grunnforteljing viser til *nivå* forteljingane finn seg på. «Grunnforteljing» er forteljingar som er delte av fleire tekstar, som «kan forstås som «narrative rammer», eller fortellingsmønstre som kan bli gjentatt og reproduusert gjennom høyst forskjelligartede historiske praksiser». <sup>370</sup> Ei slik forteljing fint på tvers av all sakprosaen eg har analysert, Ei eigen *politisk grunnforteljing* for heile dette politiske feltet. Jamnfør mitt spørsmål om *kva hendte, ifølge sakprosaen?*, finn ein ei forteljing som handlar om nasjonens moral, velferd og modernisering, som er delt av alle på tvers av saksgongar. Her finst altså ei forståing av ein del av Noregs utvikling som er den same i over 30 år. Eit felles historiemedvit. Denne utviklinga vart ikkje gjeven noko opphav eller noko mål. Dermed virkar det som om det i nokon grad *er berre noko som skjer*.

I saksgongane til omstreifarane og dei nasjonale minoritetane spesielt ser ein også ein måte å forstå nasjonen på, i samanheng med denne utviklingsforteljinga. Ein ser til utlandet fyrst, for å sjå korleis det ligg an der, før ein byrjar å gjere endringar nasjonalt. Det skjer i nokon grad også i saksgongen rundt sigøynarane, då det i innstillinga vart vist til korleis Sverige handterte sitt «sigøynerproblem». Men tydligast ser ein det i *NOU 1980: 42* og i *Stortingsproposisjon nr. 80 (1997-98)*, der andre lands måtar å løyse sine problem på vart i nokon grad førande for forståinga av det naudsente med eigne politiske endringar. Dermed virkar den politiske grunnforteljinga å plassere Noreg i ei rørsle, der Noreg prøver å halde følgje. Ein ser til naboland for å navigere, for å finne ut korleis ein ligg i forhold til denne utviklinga. Ein ser om nasjonen heng etter eller ikkje, om ein lyt endre kurs for å halde følgje med denne bølgja av internasjonal moral- og menneskerettsutvikling, og ein forma politikk for å løfte opp dei av våre som vart hengande etter. Dette vert også ei *utviklingsforteljing* lik Rüsen sin forteljingstype. Men meir en det, om en ser til forteljingas *substans* og ikkje berre form, finn ein også her at det er ei *samfunnsutviklingsforteljing* som handlar om at ein er i stadig rørsle *mot noko betre*.

I dette finn eg at den politiske grunnforteljinga legg føringar for ein *korrigerande* politikk, der målet er å nå igjen dei landa «det er rimelig å samanlikne Noreg med». <sup>371</sup> Difor meiner eg at den politiske grunnforteljinga, denne samfunnsutviklingsforteljinga, har rolle som *retningsvisande*. Det vil seie, retninga til den politiske utviklinga er nærmast implisitt gjeven av

---

<sup>370</sup> Heiret, Jan, Rymin, Teemu, Skålevåg, Svein Atle (red.), 2013, s. 25

<sup>371</sup> St. Meld. Nr. 15 (2000-2001), s. 29

forteljinga. Kursen er satt av dei andre landa me finn det rimelig å samanlikne oss med, og av ei internasjonal utvikling av menneskerettar. Denne kurSEN peikar i retning av *noko betre*, der målet for politikk på dette feltet eg har sett på, er *å nå igjen* landa ein likar å samanlikne seg med, då dei ligg føre oss i leia.

## 5.3 Høna og egg, politikken og forteljingane

Eg peika også på eit høna-og-egg-problem i innleiinga mi. Kva kom først? Politikken eller forteljingane? Så enkelt som å dele dette i ei høne-eining og ei egg-eining, eller ei politikk-eining og ei forteljings-eining, er det ikkje. For i botn for kvar saksgong ligg det først og fremst eit problem eller dilemma. For sigøynarane kom først *problemet*, før dei politiske avgjerslene vart forma på bakgrunn av eit eksisterande historiemedvit. For omstreifarane kom det moralske dilemmaet først, deretter forteljingane, før politikken vart forma som eit resultat av desse. For dei nasjonale minoritetane finn ein først eigentleg *kategorien*. Den var eit resultat av den prinsipielle ratifiseringa av *Europarådets rammekonvensjon om beskyttelse av nasjonale minoriteter*. Då kategorien fekk innpass i nasjonalpolitikken meldte det seg eit *behov* for å fylle den med innhald. Forteljinga som gjorde seg gjeldande etter stortingsproposisjonen kravde den bestemte forma for politikk som vart eit resultat av stortingsmeldinga. Men å seie bestemt at difor kom forteljinga før politikken blir likevel feil. Det kan tenkast at av moglege forteljingar er denne spesifikt *valgt*, nettopp fordi den kan legitimere ynskje om ein bestemt politikk. For å finne svar på dette lyt ein ta føre seg saksmappa til *Stortingsmelding nr. 15 (2000-2001)*. Her lyt ein vurdere dei innspela som finnes frå fagfolk og departement for å finne ut på kva måte desse er representerte i sjølve stortingsmeldinga. Denne saksmappa, med sine over 120 journalføringer, er såpass omfattande at det åleine er grunn til ei masteroppgåve, og følgjeleg ikkje noko eg kan gje eit konkluderande svar på her.

Men det eg kan seie er at for alle saksgongane finnes ein klår samanheng mellom forståinga av fortid og politikken gjennomført, også for saksgongen rundt dei nasjonale minoritetane. I innstillinga og debatten om *Stortingsmelding nr. 15 (2000-2001)* viste fleirtalet frå talarstolen i Stortinget til ein konsensusfortåing av minoritetane si fortid. Dei aksepterte og adopterte forteljinga frå stortingsmeldinga, og dermed vart den representativ for deira historiemedvit, anten forteljinga på førehand var *valgt* eller ikkje. Og då er det verdt å merke seg at for både saksgongen til sigøynarane og til omstreifarane var det i byrjinga nettopp sitt eige historiemedvit dei som forma politikken greip til. I eine tilfellet holdt dei fast på dette

historiemedvitet. I det andre tilfellet korrigerte dei det. For dei nasjonale minoritetane har dei latt andre snakke for seg, latt nokon andre få fortelje og tatt til seg forteljinga. Dermed finn ein eit politisk fleirtall som neste gong dei skal forme politikk retta mot nasjonale minoritetar i byrjinga vil gripe til eit historiemedvit der minoritetane er offer, og storsamfunn og stat er gjerningsmenn.

## 5.4 Nivå, form, substans og handling: Forteljing som analytisk omgrep

I tillegg til vurderinga av historias rolle i politikkutforminga retta mot dei nasjonale minoritetane skreiv eg innleiingsvis at eg også ynskja teste dei forteljingsomgrepa som allereie var definerte av Jörn Rüsen, Peter Aronsson, Niels Kayser Nielsen og forfattarane av *Fortalt Fortid*. Som nemnt vart desse omgrepa, forteljingstypane og tropene nyttige blant anna fordi dei ved samanlikning avslører likskap i forteljingane. Det er ved å erkjenne at til dømes ei hovudforteljing har element av tradisjonsforteljing eller utviklingsforteljing at ei forståingsramme for historiemedvit viser seg. Dei viser til ein måte å forstå samanhengar mellom fortid, notid og framtid. Men dei tek oss berre eit stykke på den analytiske vegen. Forteljingstypane og tropene vart rett og slett for generelle. For å komme heilt i mål måtte eg definere det eg kalla substansielle forteljingskategoriar. Forutan *nivå* og *form* var det fyrst ved *substans* forteljing som analytisk omgrep verkjeleg gjorde seg nyttig, då denne substansen gjorde det mogleg å seie noko om kva *handling* forteljingane la føringar for.

Med dette viser forteljing som analytisk omgrep seg å verte ein metode som let ein via kjeldene gripe fortidige historiemedvit. Det er nærliggande å samanlikne det med representasjonsanalyse. Den britiske sosiologen Stuart Hall viste i si *Representation: Cultural Representations and Signifying Practices* at mentale konsept og den verkjelege verden var knytt saman av språk. Representasjon, skreiv han, «means using language to say something meaningful about, or to represent, the world meaningfully to other people», og «Representation connects meaning and language to culture». <sup>372</sup> Å nytte representasjonsanalyse kan altså gje ein eit innblikk i forfattaren av ein tekst sin måte å forstå verkelegheita på. Å nytte forteljing som analytisk omgrep slik eg har gjort, derimot, gjer ein eit innblikk i forfattarar, debattantar, politiske aktørar, departement, etnopolitiske organisasjonar og liknande sin måte å forstå fortida

---

<sup>372</sup> Hall, Stuart, 1997, s. 15

på. Frå sin ståstad, frå si notid, med all den kulturelle, sosiale og politiske bagasje som fylgjer med tida og ståstaden. Med dette fylgjer også eit innblikk i kva slags handlingar denne fortidsforståinga, desse *historiemedvita*, legg føringar for. Og i dette er det jo uimotseieleg interessant, meiner eg, at dei som formar politikken, i det minste for dette politiske feltet, plasserer seg sjølv i forhold til ein moralutviklande rørsle. Ikkje som ein progressiv aktør, men som ein som stadig treng å orientere seg for å på best måte klare å hengje med sjølv.

Utøvinga av politikk på dette feltet virkar dermed å få ein bestemt karakter. Den virkar driven av noko meir enn eit reint ynskje om forbetring eller naudsynt endring. Den virkar driven av eit ynskje om å vere *like god* som andre. I *St. Meld nr. 15 (2000-2001)* vart det sagt rett ut at me haldt på ein undertrykkjande politikk «lenger enn i dei fleste andre land det er rimeleg å samanlikne Noreg med».<sup>373</sup> Med det virkar altså den politiske framgangen, dei politiske endringane, å vere driven av eit ynskje om å halde følgje med «andre land». Det minoritetspolitiske feltet virkar, med omsyn til dei nasjonale minoritetane, å vere ein form for politisk navigering i eit internasjonalt farvatn. Kursen er staka ut av andre enn oss, me prøver berre å halde følgje så godt me kan.

Med dette kjem det fleire spørsmål. For om me ser til andre land og oppdagar at dei ligg føre oss, og av den grunn gjer politiske endringar, korleis gjere dei det då i landa «det er rimelig å samanlikne Noreg med»? Ser dei til andre land? Om så, kva for land? Om ikkje, kva stakar ut kurSEN for politikk hjå dei? Er det slik også på andre politiske felt? Er dette ein norsk måte å forstå politikk på? Gjer dei det slik i andre land? I alt dette ligg det og vakar store spørsmål underteikna ikkje skal bryne seg på i denne omgang. No får det vere nok å seie at utøvinga av politikk på dette feltet, i nokon grad vart tufta på ei forståing som liknar framstillinga av minoritetane i stortingsdebatten etter *St. Meld. Nr. 15 (2000-2001)*. På det minoritetspolitiske felt frå 1970 til 2001 var Noreg *den halte*, som trong krykkjer i form av politiske endringar for å klare å gå i takt saman med dei andre landa, i ei internasjonal rørsle i stadig framgang mot, som Kate Næss seier i diktet sitt i *St.Meld. nr. 15 (2000-2001)*, «...en ny og bedre virkelighet som skal finnes ikke så langt herfra».

---

<sup>373</sup> St. Meld. Nr. 15 (2000-2001), s. 29

# Kjelder

*Innstilling om arbeidet blant norske sigøynere*, 1970: Sosialdepartementet

Innstilling S. nr 194, *Instilling fra sosialkomiteen om tiltak for de norske sigøynere (St. meld nr. 37)*: Sosialkomiteen

NOU 1980: 42 - *Omstreiferne. Deres situasjon og samfunnets hjelpe tiltak for dem*: Sosialdepartementet

Odeltingsproposisjon nr. 1 (1965), *Om lov om utlendingers adgang til riket (Fremmedloven)*: Justis- og politidepartementet

Stortingsmelding nr. 21 (1999-2000) – *Menneskeverd i sentrum. Handlingsplan for menneskerettar*: Utanriksdepartementet

Stortingsmelding nr. 22 (1999-2000) – *Kjelder til kunnskap og oppleving*: Kulturdepartementet

Stortingsmelding nr. 15. (2000-2001) *Nasjonale minoritetar i Noreg - Om statleg politikk overfor jødar, kvener, rom, romanifolket og skogfinnar*: Kommunal- og regionaldepartementet

Stortingsmelding nr. 37 (1972-73) *Om tiltak for de norske sigøynere*: Sosialdepartementet

Stortingsproposisjon 80 (1997-1998) *Om samtykke til ratifikasjon av Europarådets rammekonvensjon av 1. februar 1995 om beskyttelse av nasjonale minoriteter*: Utanriksdepartementet

Stortingsproposisjon nr. 1 (1986-1987): Finansdepartementet

Stortingsproposisjon nr. 1 (1988-1989): Finansdepartementet

Stortingsproposisjon nr. 1 (1990-1991): Finansdepartementet

Stortingsproposisjon nr. 1 (1991-1992): Finansdepartementet

Stortingstidende inneholdende 99. ordentlige Stortings forhandlinger, 1955, s. 2592-2593

Stortingstidende inneholdende 117. ordentlige Stortings forhandlinger 1972-73, s. 2628-2633

Stortingstidende inneholdende 119. ordentlige Stortings forhandlinger, 1974-75, s. 3715-3729

Stortingstidende inneholdende 143. Stortings forhandlinger, 1998-1999, s. 1122-1123

Stortingstidende inneholdende 145. Stortings forhandlinger, 2000-2001, s. 2005-2014

# Litteratur

Aronsson, Peter, 2004. *Historiebruk – att använda det förflutna*. Lund: Studentlitteratur AB

Berridge, Virginia. 2008. "History Matters? History's Role in Health Policy Making", *Medical History* vol 52: 311-326.

Carrard, Phillippe, 1992, *Poetics of the New History*, London: The Johns Hopkins Press Ltd.

Eikeland, Halvdan, 2013, *Historie og demokratisk dannelsen. En innføring i historiedidaktikk, historiebruk og historieformidling*, Kristiansand: Portal Forlag AS

Enevig, Anders, 1969. *Sigøjnere i Danmark*. København: Fremad

Eriksen, Knut Einar, Niemi, Einar, 1981. *Den finske fare. Sikkerhetsproblemer og minoritetspoliittikk i nord 1860-1940*. Tromsø: Universitetsforlaget

Europarådet, Skåre, Marie (red.), 2000, *Et utval av Europarådets traktater*. Strasbourg: Europarådet

Ferro, Marc, 2003: *The use and abuse of history. Or how the past is taught to children*. London Routledge

Grepstad, Otto, 1997. *Det litterære skattkammer – sakprosaens teori og retorikk*. Oslo: Det norske samlaget.

Hall, Stuart (ed). 1997. *Representation: Cultural Representations and Signifying Practices*. London: 1-64

Hanich, Ted, 1976, *Om sigøynerspørsmålet: En undersøkelse av bakgrunnen for sosial konfrontasjon*. Oslo: Institutt for samfunnsvitenskap

Heiret, Jan, Teemu Ryymin og Svein Atle Skålevåg (red.). 2013. *Fortalt fortid. Norsk historieskrivning etter 1970*. Oslo: Pax forlag.

Hvinden, Bjørn, 2000, *Romanifolket og det norske samfunnet: Følgene av 100 års politikk for en nasjonal minoritet*. Bergen: Fagbokforlaget

Kalsås, Vidar Fagerheim, 2011: *Minoritetar på utstilling: Framstillinga av samane og romanifolket sin historie på museumsutstillingar*. Masteroppgåve ved Universitetet i Bergen

Karlsson, Klas Göran, Zander, Ulf, 2009, *Historien är nu. En introduktion till historiedidaktiken*, Lund: Studentlitteratur AB

Kayser Nielsen, Niels. 2010: *Historiens forvandlinger. Historiebrug fra monumenter til oplevelsesøkonomi*. Århus: Aarhus universitetsforlag

Linderborg Åsa, 2001: *Socialdemokraterna skriver historia: historieskrivning som ideologisk maktresurs 1892-2000*. Stockholm: Atlas

Lund, Anne Bonnevie, Moen, Bennte Bolme (Red.), 2014: *Nasjonale minoriteter i det flerkulturelle Norge*. Bergen: Fagbokforlaget

Mendelsohn, Oscar, 1969: *Jødenes historie gjennom Norge gjennom 300 år*. Oslo: Universitetsforlaget

Niemi, Einar, 2002, «Kategorien etikk og minoritetene i nord. Et historisk perspektiv» i *Samisk forsking og forskningsetikk, publikasjon nr. 2*, NESH (utg.), Oslo: De nasjonale forskningsetiske komiteer

Opsahl, Erik, Sønner, Sølvi, 2003, *Norsk innvandringshistorie. Bind 1. I kongens tid 900-1814*, Oslo: Pax Forlag A/S

Rüsen, Jörn, 1987, «Historical Narration: Foundation, Types, Reason», *History and Theory*. Vol. 26, no 4.: 87-97

Taikonen, Katarina, 1963: *Zigenerska*. Stockholm: Wahlström & Widstrand

Taikonen, Katarina, 1967: *Zigenare är vi*. Stockholm: Tiden

Tjelmeland, Hallvard, Brochmann, Grete, 2003, *Norsk innvandringshistorie Bind. 3: I globaliseringens tid, 1940-2000*. Oslo: Pax Forlag

Tønneson, Johan L., 2008, *Hva er sakprosa*. Oslo: Univeritetsforlaget

White, Hayden, 1987, *The Content of the Form*, London: John Hopkins University Press